



HØGSKULEN I VOLDA

Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Med nynorsk på leselista

*Ein komparativ studie av lesevanar
blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag*

Hjalmar Eiksund
Mai 2010

Forord

Denne masteroppgåva i Nynorsk skriftkultur er levert ved Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda, og tek utgangspunkt i det 400 utvalde ungdommar i Trondheim og på Sunnmøre les på fritida si.

Takk til...

- elevar, lærarar og rektor ved kvar av dei seks skolane som har vore med i denne undersøkinga. Spesiell takk til dei tolv elevane som var sporty nok til å stille opp til intervju.
- rettleiarane mine, Stephen Walton og Jan Fredrik Hovden, som kvar på sitt gode vis har støtta opp om arbeidet og kome med verdifulle tilbakemeldingar på tankar og idear eg har presentert.
- Nynorsksenteret for økonomisk og moralsk støtte til gjennomføringa av arbeidet med å hente inn og bearbeide materialet.
- kollegaer på Lettbygget for gode, faglege samtaler og inspirerande diskusjonar. Her vil eg spesielt nemne Jan Inge Sørbo og Odd Monson som ved fleire høve velvillig har stilt opp med og delt av kunnskapane og bøkene sine. Det har gjort arbeidet med oppgåva enklare
- Johan Barstad for uformelle samtaler rundt konstruksjonen av spørjeskjema og bruken av SPSS.
- Sveinung Eiksund som hjelpte meg med statistisk bakgrunnsmateriale frå databasane til Trondheim kommune.
- Olaf Husby for lingvistiske avklaringar på forskjellen mellom ortografi og fonologi
- Synnøve Eiksund og Ingrid Slettevoll for gjennomlesing og nyttige tilbakemeldingar mot slutten av skrivearbeidet.

Ein spesiell takk til...

- kona mi Kristin for stort tålmod, forståing og gode ord. Ho er ein god sparring- og diskusjonspartner. Utan ho kunne eg ikkje gått i gong med det halsbrekkande prosjektet å vere fulltidsstudent ved sidan av jobb og familieliv. Utan ho hadde ikkje oppgåva kome i land.
- sist, men ikkje minst, dei fire flotte barna mine, Mathilde, Eirik, Idun og Sigurd, som trass i ein stadig meir inneslutta og sjølvcentrert far framleis finn det bryet verd å kalle meg «pappa». Til sommaren blir det telttur.

Volda, mai 2010
Hjalmar Eiksund

Innhald

Forord	I
Innhald	II
1 Innleiing	1
1.1 Problemstillingar	2
1.2 Metodisk tilnærming	2
1.3 Oppbygging av oppgåva	3
2 Bakgrunn	4
2.1 Nynorsk som del av det norske språksamfunnet	4
2.1.1 Juridisk likestilte målformer	4
2.1.2 Tospråkleg kompetanse	6
2.1.3 Nynorskfråfall	7
2.2 Skrivning på nynorsk og dialekt	8
2.3 Språk og læring	11
2.3.1 Nynorsk opplæringsmål som negativ faktor?	12
3 Avgrensingar av oppgåva	15
3.1 Tre hovudavgrensingar	15
3.1.1 Alder på informantane	16
3.2 To regionar	16
3.2.1 Sunnmøre	17
3.2.2 Trondheim	20
3.2.3 Kvifor ikkje skolar frå Austlandet	22
4 Metode	24
4.1 Vitskapsteoretiske metodar	24
4.2 Innhenting av materialet i spørjeundersøkinga	25
4.2.1 Utvikling av spørjeskjemaet	26
4.2.2 Kategorisering	27
4.2.3 Variablar	27
4.2.4 Utval	31
4.2.5 Distribusjon og gjennomføring	31
4.2.6 Representativitet	33
4.2.7 Analysestrategi	35
4.3 Intervjumaterialet	35
4.3.1 Om behovet for kvalitative intervjudata	35
4.3.2 Utval og gjennomføring	36
4.3.3 Utvikling av intervjuguide	37
4.4 Validitet og reliabilitet	38
4.4.1 Svar som er fjerna frå sluttmaterialet	40
4.5 Tankar om etikk	41

5	Tidsbruk og lesespråk	43
5.1	Normagentar – teoretiske og reelle.....	43
5.1.1	Avisene – fallande stjerner	44
5.2	Del 1 og 2: Kva tekstar blir lesne, og kor lang tid?	46
5.2.1	Dei mest lesne tekstsjangrane: Skjermttekstar og lekser.....	46
5.2.2	Godt brukte tekstsjangrar for dei få: Dataspel, aviser og blad	47
5.2.3	Dei minst lesne tekstsjangrane: Bøker og teikneseriar.....	51
5.2.4	Andre typar tekst	52
5.3	Del 3: Kor mykje av den lesne teksten er på nynorsk?	54
5.3.1	Å kunne skilje mellom bokmål og nynorsk	54
5.3.2	Pulje 1: Tekstsjangrar med tydeleg bokmåldominans.....	56
5.3.3	Pulje 2: Tekstsjangrar med nokre nynorske tekstar	57
5.3.4	Pulje 3: Tekstsjangrar med mykje innslag av engelsk	62
5.4	Del 4: Skrivespråket på Internett	64
5.4.1	Normert versus ikkje normert	65
5.4.2	To ulike grupper: Trondheim og Sunnmøre.....	68
5.4.3	Å skrive ”munnleg”	70
5.5	Kapittelsamandrag	70
6	Haldningar og identitet	72
6.1	Haldningar til skriftspråket.....	72
6.1.1	Diglossi – munnleg og skriftleg	73
6.1.2	Misforholdet mellom nynorsk- og bokmålsskrivarane	75
6.1.3	Dialekt og normert språk.....	81
6.1.4	Dialektskrivarar	88
6.1.5	Sjangermedvit.....	90
6.1.6	Skrifta på skjermen.....	91
6.2	Identitet.....	94
6.2.1	Identitet i ein digital kvardag	97
6.2.2	Språkleg identitet.....	97
6.2.3	Kodeveksling.....	99
6.2.4	Intimspråket.....	101
6.2.5	Intimspråket som normerande kraft	104
7	Drøfting.....	106
7.1	Ei kort samanfating.....	106
7.2	Eit ubehageleg spørsmål	107
7.2.1	Fleire – ikkje færre skriftspråk	108
7.2.2	Meir – ikkje mindre nynorsk	109
7.2.3	Arbeidet med ny nynorsknorm.....	109
7.2.4	Lesing som grunnleggjande ferdigheit.....	111
7.2.5	Tidleg start med nynorsk.....	114
7.3	Paradokset nynorsk.....	115
7.4	Med nynorsk på leselista?.....	116
8	Etterord	118

Tabelliste	119
Figurliste.....	119
Litteraturliste	120
Vedlegg	i
Brev frå NSD (Norsk samfunnsvitskapleg datateneste)	i
Statistisk bakgrunnsmateriale	iii
Folkesamansetjing i Trondheim kommune.....	iii
Eksamenskarakterar ved dei aktuelle skolane, 2008-2009	v
Trondheim – Markaplassen skole	v
Trondheim – Rosenborg skole	vi
Trondheim – Selsbakk skole	vii
Sunnmøre – Volda ungdomsskule	viii
Sunnmøre – Vanylven og Stranda	viii
Spørjeskjemaet.....	ix

1 Innleiing

Tittelen på denne oppgåva – *Med nynorsk på leselista* – kan ein lese på to vis, både med positivt og negativt forteikn: Anten som ei stadfesting på at nynorsk blir lese, eller som eit retorisk spørsmål. – *Har elevar i det heile nynorsk på leselista?* Siktemålet har vore å få oversikt over kva som er med på å forme synet ungdommar har på kva som er korrekt skriftspråk. Sidan eg sjølv er nynorskbrukar, både på fritida og i arbeidssamanheng, er det naturleg for meg å ta utgangspunkt i nynorsk skriftkultur.

Det har frå fleire hald vore hevda at bokmålsdominansen i den norske ålmenta er så stor at skikkeleg innlæring av nynorsk blir vanskeleg¹. Kor stor bokmålsdominansen er, veit vi derimot lite om. Vi har ganske god oversikt over kor mykje dei ulike typane massemedium er brukte i ulike aldersgrupper (Statistisk sentralbyrå 2010), men få undersøkingar fokuserer på kva språk desse tekstane er skrivne på.

Konsekvensane veit vi meir om. Med bakgrunn i fleire internasjonale undersøkingar, har det frå regjeringshald vore hevda at nynorskelevar presterer dårlegare enn bokmålselevar (Kulturdepartementet (KUD) 2007-2008, kap 4.2). I tillegg er fråfallet av nynorskskrivande markant, særleg etter vidaregåande (Wadsten 2008). Kva dette fråfallet kjem av, er derimot uvisst. Sidan mange legg bort nynorsken i overgangen skole/jobb, kan mykje tyde på at elevar med nynorsk som opplæringsmål, oppfattar språket sitt som ueigna i jobb og samfunnsliv. Trass i dette er nynorsk eit levande språk med kring 500 000 meir eller mindre aktive brukarar, og med forlag, aviser og tunge kulturinstitusjonar til å støtte opp om bruken

¹ (Lie, et al. 2001) (Solheim og Tønnesen 2003) (Utdanningsdirektoratet 2005). Sjå bakgrunnskapittelet side 12.

(Grepstad 2010). Det kan derfor sjå ut til at det er eit misforhold mellom den opplevde situasjonen til mange nynorskbrukarar og det reelle tilhøvet for nynorsk.

1.1 Problemstillingar

Det er med språk som så mykje anna: «Det hjartet er fullt av, renn munnen over med». Det er derfor truleg den språklege påverknaden som er med på å forme kva språk folk flest bruker. Skal eg undersøkje kva som er med på å forme kva syn ungdommar har på rettskriving, må eg spørje dei om kva tekstar dei les til dagleg. Ein slik innfallsvinkel har mange konsekvensar, mellom anna skjer truleg mykje av lesinga på Internett. Mange av dei mest populære nettsidene er kommunikasjonskanalar, der deltakarane både les og skriv. Det må derfor stillast spørsmål om korleis dei vel å uttrykkje seg skriftleg på Internett.

Hovudproblemstillinga kan derfor omformulerast til fem spørsmål: Kva les ungdom? Kva innverknad har lokale tilhøve på kva elevar i ungdomsskolen les norsk på fritida? Korleis skriv ungdom? Kva samanheng har målforma ein nyttar i skolen med språket elevar i grunnskolen vel å utrykke seg på når dei sjølve skriv? Kva språk identifiserer ungdommar seg med?

1.2 Metodisk tilnærming

Eg har samla inn materiala på to måtar, først gjennom eit spørjeskjema, der ungdomane gav svar på kva dei les, kor mykje tid dei bruker på lesinga og kva språk lesinga skjer på, deretter gjennom ein intervjurunde om korleis ungdom ser på forholdet mellom bokmål, nynorsk og dialekt i lesing og skriving i ikkje-normerte tekstar i ulike sosiale medium². Desse synspunkta

² **Sosiale medium** kan forklarast som eit samla omgrep for tenester, samfunn og aktivitetar på nett, som legg til rette for interaksjon mellom brukarane. Dette kan inkludere kommunikasjonsformer som e-post, nettpat, diskusjonsfora, deling av lyd- og bilete, nettsamfunn (t.d. nettby.no og facebook), blogg og tekstmeldingar. (Sjå t.d. en.wikipedia.org/wiki/Social_media)

henta eg inn ved hjelp av intervju, sidan slike meiningar betre kan utdjupast gjennom intervju og samtale, enn ved hjelp av avkryssing i spørjeskjema (Kvale 2002).

1.3 Oppbygging av oppgåva

Eg har valt å dele oppgåva i *åtte* kapittel. Kapittel 1 er *Innleiinga*, med presentasjon av problemstillingar og forklaring av oppbygging av oppgåva. Kapittel 2, *Bakgrunn*, tek for seg det språkpolitiske grunnlaget for oppgåva i tillegg til å vise til aktuelle problemstillingar i samfunnsdebatten. I kapittel 3, *Avgrensingar av oppgåva*, diskuterer eg kva ytre rammer eg har valt å trekke rundt oppgåva. I kapittel 4, *Metode*, drøftar eg kvifor eg meiner ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative data er nødvendig for å få fram moglege svar på problemstillingane mine. Eg går òg gjennom kva ulike praktiske omsyn eg har måtta ta i arbeidet med materialet mitt, då spesielt med tanke på utval og etterprøving av resultata. I kapittel 5 og 6 analyserer eg materialet frå spørjeskjema og intervjurunde i kvart sitt kapittel. I kapittel 7, *Drøfting*, diskuterer eg funna mine i lys av pågåande debattar om lese- og skrivopplæring i Noreg og internasjonalt. I kapittel 8, *Etterord*, prøver eg å sjå framover og kome med forslag til framtidig forskning på området.

2 Bakgrunn

I bakgrunnskapittelet ønskjer eg å skildre situasjonen for nynorsken i dag som del av det norske språksamfunnet. Eg vil òg trekkje fram nokre av dei nyare diskusjonane vedrørande nynorsk og opplæring som kom i kjølvatnet av fleire internasjonale leseundersøkingar på starten av 2000-talet.

2.1 Nynorsk som del av det norske språksamfunnet

Bokmål og nynorsk er likestilte som norske målformer, og skolen lærer elevane opp til å bruke begge målformene³. I tillegg må ein som tilsett i offentlege verksemder, følgje eit regelverk som skal sikre at brukarar av begge målformene ikkje blir språkleg diskriminerte på noko vis⁴.

2.1.1 Juridisk likestilte målformer

Begge dei norske målformene er relativt unge, men representerer på kvart sitt vis det norske språket. Bokmålet hadde i utgangspunktet ei elitistisk språknorm, riksmålet, der språket til trendskapande forfattarar som Bjørnstjerne Bjørnson og Henrik Ibsen fekk vere med å definere rettskrivinga. Nynorsken ligg nærmare ei folkespråkslinje, der ei samanstilling av dei norske dialektane, folkespråket, var utgangspunktet for eit samlande norsk skriftspråk. Den 12. mai 1885 fatta Det Norske Storting det som seinare har fått namnet *jamstillingsvedtaket*:

«Regjeringen anmodes om å træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Boksprog.»

³ Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa: <http://www.lovdato.no/all/nl-19980717-061.html>

⁴ Lov om målbruk i offentleg teneste: <http://www.lovdato.no/all/hl-19800411-005.html>

Forløparane til bokmål og nynorsk – *det alminnelege skrift- og bokspråket og det norske folkespråket* – vart sidestilte som opplæringsmål i skolen og som offisielle språk. I boka *Viljen til språk*, argumenterer Ottar Grepstad for at nynorsk etter dette i følgje internasjonal rett ikkje kan kallast eit minoritetsspråk, men eit mindre brukt språk (Grepstad 2006). Språket representerer ikkje ein språkleg eller etnisk minoritet, men er ein mindre brukt variant av det felles norske talespråket. I lov om målbruk i offentleg teneste § 1 står følgjande:

«Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune.»

Men trass i den formelle likestillinga, er det langt igjen til ei reell likestilling. I

Stortingsmelding nr. 35 (2007-2008) poengterer ein at:

«... det gjennomgåande biletet når vi ser landet under eitt, er at nynorsk er eit språk som blir diskriminert. Ikkje minst slår dette ut overfor brukarane av språket. Særleg gjeld dette innanfor privat sektor, men det er i høg grad tilfellet også innanfor det offentlege.»

Kapittel 9.1.1.1

I *Konfrontasjoner* prøver Brit Mæhlum å trekkje nokre logiske konsekvensar av forholdet mellom den formelle versus den reelle statusen til nynorsken. Ho forsvarer definisjonen av nynorsk som eit *minoritetsspråk*, både i numerisk forstand og i det asymmetriske maktforholdet til bokmålet. I følgje Mæhlum er konsekvensen at nynorsk i ei lang rekkje samanhengar tenderer til å verte oppfatta som avstikkande, markert og noko som bryt med det vanlege (Mæhlum 2007, 194). Desse haldningane til nynorsk, som noko mindreverdige og mindre bruksverdige, stemmer med haldningsundersøkingar blant anna hos ungdom. I 2006 vart 3700 tiandeklassingar spurt om sitt forhold til å lese bokmåls- og nynorsk litteratur. Eit overveldande fleirtal av elevane med bokmål som opplæringspråk sa dei mislikte å lese nynorsk. Det overraskande var likevel at halvparten av alle med nynorsk som opplæringsmål svarde det same. Mange av nynorskelevane mislikte med andre ord å lese litteratur på si eiga

målform. I *Språkfakta 2010* kjem Ottar Grepstad med fleire hypotesar for kvifor det er slik, og trekkjer fram ei manglande breidde av litteratur på nynorsk i høve til bokmål, samt dei generelle haldningane til målformene, som moglege årsaker (Grepstad 2010, 56-57).

Det kan vere freistande å lese dette som avspeglinga av ein slags ikkje medviten *diglossi*⁵-tankegang, med bokmålet som høgspåket og nynorsken som lågspråket: - *Nynorsk høver ikkje i alle samanhengar*. Det vil vere interessant å undersøkje om Nynorsk, trass i eit over hundre år gammalt juridisk vern, har ein uformell status i mange lag av folket som eit lågstatusspråk. Slike tendensar kjem til uttrykk i fleire undersøkingar, der haldningane til både yrkesaktive vaksne, og ungdommar i utdanning klart uttrykkjer at nynorsken ikkje strekk til, og der bruken av nynorsk kan vere med på å definere brukaren som avvikande og sær (Mæhlum 2007).

2.1.2 Tospråkleg kompetanse

I læreplanen for grunnskolen frå 2006, Kunnskapsløftet, blir det understreka at elevane skal kunne uttrykke seg skriftleg på både nynorsk og bokmål. Det er ikkje noko skilje mellom hovudmålet eller sidemålet:

«Eleven skal kunne lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk ...» (mi understreking)

Kompetansemål i skriftlege tekstar etter 10. årstrinn

Likevel tek eit fåtal av elevane til å lære sidemålet før på åttande, kanskje òg niande årstrinn, truleg med bakgrunn i *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*

*(Opplæringslova) § 2-5*⁶. Det er oppsiktsvekkande at elevar i norsk skole etter to-tre års opplæring blir vurdert på lik linje i både bokmål og nynorsk, uavhengig av kva for ei av

⁵ **Diglossi** (av *I di-* og gr *glossa* 'tale, tunge') språkv: tilstand i eit språksamfunn der to varietetar av same språket har kvar sine bruksområde (kjelde: Norske ordbøker på nett www.dokpro.uio.no/perl/ordboksoek/ordbok.cgi). Meir om dette s. 74.

⁶ Opplæringslova § 2-5, sjetten avsnitt: *«Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer ...»*

målformene som i utgangspunktet er opplæringsmålet. Det vil ikkje vere urimeleg å tru at noko av antipatien i høve til nynorsken, spesielt i område med bokmål som opplæringsmål, har utgangspunkt i eit slikt krav: Det er ikkje lett å bli kravd kunnskap om noko ein ikkje har hatt høve til å setje seg skikkeleg inn i.

Ein slik samanheng, mellom haldningar til målforma og kor tilgjengeleg ho er, kjem klart til uttrykk i undersøkingar om nynorsk i osloskolen. Der viser det seg at haldningane til nynorsk som sidemål endra seg i positiv retning då nynorsk vart teke i bruk i nye og engasjerande samanhengar (Vibe og Borgen 2007, 243). Det er lett å trekkje den motsette slutninga, der haldningane endrar seg i negativ retning ved minimal bruk av tid på innlæring i nynorsk.

Trass i negative haldningar og sein start i opplæringa av sidemål, går likevel innlæringa av bokmål og nynorsk overraskande bra. I følgje ein rapport frå Utdanningsdirektoratet om gjennomsnittskaraktarar etter tiande trinn, er skriftlegkaraktaren i norsk sidemål noko svakare enn karakteren i norsk hovudmål, men til dømes betre enn resultatata i matematikk (Utdanningsdirektoratet 2005, 1-2, Tabell 1 & 2). Det er derfor rimeleg å gå ut frå at brorparten av elevane i norsk grunnskole har fått tilfredsstillande opplæring og kunnskap i både bokmål og nynorsk til å klare seg gjennom eksamen. Ein kan likevel spørje seg om ei ytterlegare eksponering av sidemålstekstar, spesielt i område med bokmål som opplæringsmål, kan vere med på å gjere både karakterar i, og haldningar til nynorsk betre.

2.1.3 Nynorskfråfall

I masteroppgåva *Viljen til språk – Vilje til forskning*, viser Marit Wadsten at fråfallet av nynorskskrivarar skjer gradvis utover i utdanningsløpet. Det kan sjå ut til at nynorskbrukarar blir utdanna bort frå sitt eige skriftspråk og over til å bruke bokmål og engelsk. Hennar gransking viser at det største fråfallet skjer etter vidaregåande skole. Elevar med nynorsk som

opplæringsmål i det ordinære trettenårige opplæringsløpet, byttar til bokmål på bachelor- og master-nivå, medan engelsk tek over på doktorgrads- og PhD-nivå (Wadsten 2008, 90).

I hovudoppgåva si frå 1997, undersøkte Anne S. Nordal kva haldningar tiandeklassingar ved Volda ungdomsskule hadde til nynorsk og bokmål. Eitt av funna hennar var at mange elevar med nynorsk som opplæringsmål ikkje fann nynorsken brukande i alle skriftlege samanhengar. Tilhøva ville vere avgjerande om dei kom til å bruke nynorsk (Nordal 1997, 185).

I ei oppfølgjande undersøking frå 2006 vart dei same elevane kontakta igjen. Då vart dei mellom anna spurde om kva skriftspråk dei nytta i det daglege. Resultata var kanskje overraskande. Fordelinga mellom nynorsk- og bokmålsskrivande var like stor blant dei som var busette i bokmålsområde som dei som framleis budde i Volda. For dei som budde i bokmålsdominerte område, var likevel nynorsken mest brukt privat, og ikkje i jobbsamheng. Dette forsterkar inntrykket av nynorsken som eit lågstatusspråk i høve til høgstatusspråket bokmål. Fleire av informantane til Nordal fortel at dersom dei først tok til å skrive bokmål på jobben, vart det vanskelegare å argumentere for å bruke nynorsk ved seinare høve (Nordal 2008, 22). Det private skriftspråket har med andre ord lite med språket på staden dei busette seg å gjere. Det kan derimot ha med språkleg identitet og haldningar i arbeid og fritid å gjere.

2.2 Skrivning på nynorsk og dialekt

Som heimflytta sunnmøring har eg ved fleire høve undra meg over rettskrivinga i ulike skriv eg har motteke. I brev frå barnehagar og skolar, idrettslag og ulike forretningsføretak er det overraskande mange skrivefeil. Typiske språklege gjengangar er ord lånt frå bokmål eller dialektnært skrivesett, samt ei blanding av objekts- og subjektsformer av pronomen (de/dykk).

Aud Søyland har undersøkt kva rettskrivingsfeil som er typiske for nynorskbrukaren. I utgreiinga si frå 2002 har ho teke utgangspunkt i KAL⁷-materialet frå 2000, samt kva feil som går att i nynorske tekstar generelt. Hennar funn samsvarer godt med det inntrykket eg sjølv sit att med, både i arbeid som norsklærer og som privatperson: Ein vanleg feil er bøyinga av pronomen i andre person fleirtal (de/dykk). Ofte blir det lokale «dokke» brukt i staden for både *de* og *dykk*, til dømes: «*kan dokke ta med dokke pengar?*», eller så blir *dykk* brukt i alle samanhengar.

«Hei til alle! Som dykk såg i tidlegare utsendt e-post har [vi] ... fått i oppdrag å selje x 2 kalendrar Salgsperiode er 20 okt- 15 nov. Dykk skal ta kr 125,- pr kalender ... »

(Brev til foreldre, oktober 2009)

Andre typiske feil er gjerne ord der dialekten i stor grad samsvarer med bokmålet (Søyland 2002), som dømet over viser med blandinga av formene *selje/salg*. Dialekten blir altså for mange den fasiten dei stør seg til når dei blir usikre, og den fasiten stemmer ikkje alltid overeins med nynorskrettskrivinga.

Dei seinare åra har dialekten fått eit utvida bruksområde. I sosiale nettsamfunn⁸ kan det sjå ut til at skriftleg dialekt kjempar om plassen som *normalt* og *trendy* på bekostning av normert språk. I ei undersøking utført av Berit Skog, svarer seks av ti norske *Facebook*⁹-brukarar at dei skriv meldingane sine på dialekt. Alle meldingar på *Facebook* blir fronta av eit eige minibilete av avsendaren. I kombinasjon med personlege ytringar og i følgje med personlege bilete, er bruken av skriftleg dialekt med på å forsterke den digitale identiteten til avsendaren.

⁷ KAL – «Kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftlig» – er eit prosjekt som tok utgangspunkt i læringsutbyttet til elevane og arbeidet som grunnskolen la ned for å fastsetje dette. Eit overordna siktemål for KAL var evaluering av Reform 97 (Berge, Evensen, et al. 2005, 11).

⁸ Eit **nettsamfunn** tek utgangspunkt i ei personleg nettside der ein presenterer seg sjølv med bilete og ein kort biografi. Ein kan søkje etter vener og invitere dei inn til nettsida si. Ein *ven* kan i denne samanhengen vere alt frå vener ein faktisk møter til dagleg, til reint virtuelle vener som ein berre møter på nettet (Skog, Språket på Facebook 2009, 23).

⁹ **Facebook** (www.facebook.com) er per i dag Noregs største digitale nettsamfunn, med over 2,1 millionar registrerte brukarar 3. november 2009 (kjelde: <http://www.synlighet.no/facebook/statistikk-antall-brukere/>).

Desse momenta er med på å underbygge dei sosiale relasjonane mellom avsendar og mottakar. Ein kjem med andre ord nærmare inn på kvarandre, og dei virtuelle avstandane minkar. Dialektbruken varierer i ulike aldersgrupper i forhold til kven ein kommuniserer med og kva setting *venerelasjonen* er i (Skog 2009).

Dette stemmer godt overeins med mine egne erfaringar frå ulike nettsamfunn. *Facebook*-brukarar eg er i kontakt med kan godt variere både rettskrivingsnorm og målform alt etter kven dei har stila den skrivne meldinga til. Eg er derimot ikkje sikker på om *Facebook*-brukarar med nynorsk som skiftleg fundament er like raske til å skifte ut dialekten med normert skriftspråk som dei dialektskrivande bokmålsbrukarane. Mange av mine godt vaksne og velutdanna vener held fram å skrive dialekt i sosiale medium, òg i jobbsamanheng. I kjappe nettmeldingar kan det verke som om dei personlege relasjonane er viktigare enn å vise at ein kan skrive normert. Sidan dette er tendensar eg i stor grad legg merke til hos ”nynorskvenene” mine, kan det sjå ut til at koplinga *nynorsk* og *dialekt* har meir sprengkraft i seg til å endre skiftlege uttrykksmåtar enn den tilsvarande kombinasjonen mellom *bokmål* og *dialekt*. Med bakgrunn i dette vil det vere interessant å undersøkje om bruken av dialekt i sosiale medium er like utbreidd blant elevar med bokmål, som hos elevar med nynorsk som opplæringsmål.

Som norsklærer har eg røymsler med at elevar som finn penn-og-papir-skrivinga i skolen kompliserande og tungvint, samstundes kan ha egne innhaldsrrike bloggar, hyppig oppdatert med ein stor variasjon av tema. Ein annan motivasjon for å gå i gang med undersøkinga har derfor vore å leite etter samanhengar mellom kva ungdommar les og korleis dei sjølve vel å uttrykkje seg skriftleg.

2.3 Språk og læring

Både munnleg og skriftleg språk blir forma og endra i møtet mellom mennesket. Det blir brukt som støtte for minnet og for å omarbeide informasjon. Det markerer kven vi føler oss heime saman med og kven vi tek avstand frå. Vi bruker språket til å formidle kjensler og meiningar, men det kan òg avsløre korleis vi ser på andre menneske. Å få kjennskap og kunnskap om andre språk enn vårt eige kan vere med på å endre synet vårt på andre menneske og lære oss meir om korleis andre tenkjer og føler (Wagner 2008, 201).

I det norske språksamfunnet med mange dialektar, er oppfattinga av kva som er korrekt talt norsk ganske vid. Både gudbrandsdølen og dønnaværingen snakkar norsk og begge vil truleg ha klare meiningar om kva som er korrekt uttale av einskildord på sin heimdialekt, og tillempingar av dialekten mot noko skriftnært vil lett bli omtala som ”knot”. Nokre vil kanskje gå så langt som å påstå at dialekten er med på å fortelje noko om folkelynnet der dialekten høyrer heime. I følgje Wanger er språkinnlæringsprosessen er:

«... den prosessen der en innlærer (et individ) utvikler ett eller flere språk – talt, skrevne eller tegnspråk – i samspill med omgivelsene.»

(Wagner 2008, 206).

Denne definisjonen gir fem nøkkelomgrep eller teoretiske termar: ”Innlærer”, ”omgivnader”, ”samspel”, ”språk” og ”utvikling” (ibid). Dette er termar som dannar eit grunnlag for granskinga mi. I denne oppgåva vil eg å sjå nærmare på elevar som lærer nynorsk, og om det er store skilnader på opplæringsvilkåra for elevar som har nynorsk som opplæringsmål og elevar som har bokmål som opplæringsmål. Eg vil òg prøve å sjå på om samspelet språkbrukarar i mellom er med på å påverke haldningane til språk.

2.3.1 Nynorsk opplæringsmål som negativ faktor?

Etter fleire år som lærar i både bokmåls- og nynorskkommunar har eg fått eit inntrykk av at det er fleire skrivefeil hos elevane i klassene med nynorsk som opplæringsmål enn hos elevane frå bokmålskolane. Noko gyldig empirisk grunnlag for å meine dette har eg ikkje, men eg er derimot ikkje åleine om å registrere desse tendensane. I Stortingsmelding nr. 23 (2007-2008), står følgjande:

«Når det gjelder leseprestasjoner, viser de norske delprosjektene innen PISA¹⁰ 2000 og PIRLS¹¹ 2001 at det var små, men signifikante utslag på målform. Prosjektgruppen bak undersøkelsen framsetter som hypotese at bokmålelevne har litt bedre leseprestasjoner fordi de leser mer på skriftspråket sitt enn det nynorskelevne gjør.»

(Kapittel 4.2 Nynorsk i opplæringa)

Her blir opplæringsmålet sett i samanheng med leseprestasjonane. Dette er ei omdiskutert slutning, som har vorte imøtegått av fleire. Det at det er ein signifikant korrelasjon mellom opplæringsmålet og leseferdigheitene betyr ikkje nødvendigvis at det er opplæringsmålet som er årsaka til dei dårlege resultatane (Aurstad og Oftedal 2005) (Skeiseid 2005). Eg ønskjer å finne ut kva som er med på å forme synet på korrekt eller høvande *skriftspråk*. Så vidt eg har oversikt over, er det ikkje gjort systematiske undersøkingar av skriveferdigheitene til ungdomsskoleelevar der opplæringsmålet til elevane har vore i fokus. Skriveferdigheiter og leseferdigheiter har derimot det til felles at dei er ein del av den skriftspråklege kompetansen. Resultat frå leseforskinga kan dermed vere relevante for skriving. Innan leseforskinga har ein fleire rapportar som seier noko om kva som skil bokmål- og nynorskelevar.

¹⁰ PISA (Programme for International Student Assessment), er eit internasjonalt prosjekt i regi av OECD. Målet med prosjektet er å samanlikne kunnskapar og ferdigheiter for 15-åringar i mellom anna lesing og ”kompetansar på tvers av fag”. I 2000 var lesing hovudtema, då deltok 32 land og rundt 270 000 elevar, 4147 var frå Noreg (Lie, et al. 2001, 9). Lesing var òg tema for undersøkinga i 2009, men resultatane herfrå blir først klare desember 2010.

¹¹ PIRLS (Progress in International Reading Literacy Study), er eit prosjekt IEA (The International Association for Evaluation Achievement) står bak. I 2001 fokuserte PIRLS på lesekunnskapar blant 10-åringar. Internasjonalt tok i overkant av 150 000 elevar del, 3459 var frå Noreg (Solheim og Tønnesen 2003, 5).

I PISA 2000 var mellom anna standpunkt karakteren i norsk hovudmål i fokus. Eit av funna var at elevar med bokmål som opplæringsmål jamt over fekk betre karakterar enn dei med nynorsk som opplæringsmål. Ingenting i PISA-materialet forklarar eit slikt funn, men sidan bokmål dominerer i massemedia, er det lett å sjå for seg at mangelen på nynorske føredøme er med på å gjere feilprosenten større hos nynorskelevane. Eit anna funn som støttar opp om ei slik tolking er sidemålskarakteren. Nynorskelevar gjer det jamt over betre i sidemål enn bokmåselevar, noko som kan tyde på at dei i langt større grad enn bokmåselevane har skriftlege føredøme for sidemålet sitt (Lie, et al. 2001, 114). Tilsvarande funn som koplar leseferdigheiter og opplæringsmål, gjer PIRLS og nasjonale kartleggingsundersøkingar i lesing for lågare trinn. I følgje desse testane kan det sjå ut til at nynorskelevar skårar dårlegare enn bokmåselevane (Solheim og Tønnesen 2003, 18).

I den skolepolitiske debatten blir den norske språksituasjonen ofte trekt fram som eit problem for skolen. I følgje Synnøve Skjong og Inger Vederhus har eit slikt syn gjerne to sentreringspunkt. For det første blir det avvist at nynorsk i det heile er ein del av norsk språk, tradisjon og kultur. For det andre blir det argumentert med skepsisen til to norske skriftspråk, der grunngevinga er didaktisk og hovudargumentet er at ungdom ikkje klarer å lære meir enn eitt norsk skriftspråk. I den europeiske rapporten *Language Education Policy Profil (LEPP) (OECD 2002-2003)*, blir den spesielle norske språksituasjonen derimot framstilt som ein ressurs (Skjong og Vederhus 2008, 146):

«The Norwegian education system is linguistically rich and includes pupils who, either through schooling or by other means, have significant experience of the diversity of languages and varieties of languages ...»

(LEPP 2002-2003, s. 24)

Ein kan dermed argumentere for at skepsisen meir er uttrykk for fordømmar enn ei reell utfordring for elevane. Dei påviste ulikskapane i både PISA og PIRLS er moderate og

inneheld i tillegg systematiske feil (Vagle 2005, 239-246). Til dømes kjem resultat frå små grupper dårleg ut sidan avrunding av små tal vil trekke resultata for desse gruppene ned. Den typiske nynorskeleven bur gjerne i små kommunar og skolekrinsar, og dette kan vere med på å gi eit skeivt inntrykk av forholdet mellom nynorsk og bokmål som opplæringsmål.

Wenche Vagle konkluderer derfor med at ein med bakgrunn i PISA og PIRLS ikkje kan påstå at hovudmålet ved skolen påverkar eksamensresultatet, men seier vidare at ein slik mogleg samanheng neppe er fullt ut utforska. Det vil derfor vere interessant å sjå på kva språk som dominerer tekstane elevane sjølve svarer at dei les. Med denne undersøkinga ønskjer eg å få stadfesta, eventuelt avkrefta ei slik ”sanning” ved å la elevane sjølve definere kva dei les og kva språk tekstane dei les er skrivne på.

3 Avgrensingar av oppgåva

I dette kapittelet ønskjer eg først å trekkje dei ytre avgrensingane av arbeidet mitt, og vise korleis dei nokså vide problemstillingane mine kan passast inn i handterlege storleikar og undersøkingsområde. Eg vil vise korleis eg har konsentrert innsamlinga av materialet til to regionar, samt korleis eg har gått fram for å finne alderen på intervjuobjekta.

3.1 Tre hovudavgrensingar

Det er god grunn til å tru at den språklege kvardagen til elevane i norsk skole er svært avhengig av kvar ein veks opp. Somme stader er nynorsk det naturlege skriftlege førstevalet i lokalsamfunnet, medan det andre stader er fullstendig utenkjeleg å sjå nynorsk i bruk i det heile. Eg har prøvd å avgrense undersøkinga etter tre kriterium som gjeld avstand: (1) geografi, (2) bokmål versus nynorsk og (3) by og bygd.

- (1) Eg ønskjer å samanlikne to eller fleire geografisk fråskilde område utan direkte påverknad av kvarandre. På den måten håper eg å kunne finne likskapar/ulikskapar i materialet som går på tvers av regionale kulturar.
- (2) Eg ønskjer òg å samanlikne område der majoriteten av elevane anten er bokmål- eller nynorskbrukarar. Den enklaste tilnæringsmåten vil vere å velje område der det offentlege heilt, eller i alle fall så godt som fullstendig nyttar den eine eller det andre målforma.
- (3) Til slutt vil eg prøve å setje bykultur opp mot bygdesamfunn. Trass i at dei største byane i landet er språkleg nøytrale, er dei utan unntak i realiteten bokmålskommunar og kan fungere som motstykke til den motkulturen nynorsken var og er ein del av i norsk politikk og kulturell identitet (Rokkan 1989).

3.1.1 Alder på informantane

I PISA-undersøkingane er informantane 15 år gamle. Det er mellom anna tal frå PISA som ligg til grunn for Stortingsmelding nr. 35 (2007-2008), som stadfestar at elevar med nynorsk som opplæringsmål presterer dårlegare på lesetestar enn elevar med bokmål som opplæringsmål. Som eg gjekk i gjennom i førre kapittel, har mange prøvd å tilbakevise at dette har ein samanheng, men argumentet heng framleis att. Denne oppgåva vil derfor prøve å finne ut kva nokre grupper av femtenåringar les av nynorsk i kvardagen.

Nær 98% av alle norske elevar i grunnskolealder går på offentlege skolar¹². Til forskjell frå elevar i vidaregåande opplæring, der elevane har valt skole ut frå interesser og ferdigheiter, er det grunn til å tru at elevar i ei normalklasse i ungdomsskolen i større grad enn vidaregåandeskoleelevar avspeglar eit tverrsnitt av befolkninga i skolekrinsen. Det er derfor naturleg å søkje informasjon om kva tekstar som påverkar språket til ungdommar hos elevar i slutten av ungdomsskolen.

3.2 To regionar

Sunnmøre og Trondheim er valde ut som forsøksområde av fleire grunnar. Dei kommunane på Sunnmøre som er med, er alle tre nynorskkommunar der nynorsk er over gjennomsnittet representert i både offentlege skriv og som bruksspråk i verksemder¹³ og kulturliv.

Lokalavisene er skrivne på nynorsk og alle skolekrinsane har nynorsk som opplæringsmål. I tillegg er området vertskap for både Nynorsk kultursentrum (Ivar Aasen-tunet), Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda, og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

¹² <http://skoleporten.utdanningsdirektoratet.no/rapportvisning.aspx?enhetsid=00&vurderingsomrade=fed86d60-df13-45c8-a544-457b84fc8216&skoletype=0>

¹³ REMA 1000 i Volda vart i 2008 som første butikk i REMA-kjeda, ein rein nynorskbutikk, med nynorske hyllemerke og reklamar. Tilsvarande innførte ein KIWI-butikk i Ørsta nynorsk som reklamespråk vinteren 2010. Begge verksemdene argumenterer med at nynorsk er det mest naturlege å bruke for dei i den lokale settinga. Dei ser altså på nynorsk som ei føremon i marknadsføringa av butikken sin, stikk i strid med kva reklamemannen Paal Tarjei Aasheim fronta, då han i 2003 vart kjent for sitatet: «*Heller Urdu enn Nynorsk*», og argumenterte med at Nynorsk reklame ville verke ekskluderande på store kjøpargrupper (Aursland og Westerfjell 2003).

(Nynorsksenteret). Nynorsk skrift og kultur er dermed ein viktig del av den lokale identiteten på meir enn ein måte.


På den andre sida er Trondheim valt ut som den største av dei norske byane utanfor Oslo som ikkje har vesentleg innslag av nynorsk i nærområda. Trass i at i underkant av halvparten av alle elevane i Trøndelag rett etter krigen hadde nynorsk som opplæringsmål, er dette fullstendig endra i dag. No er det ikkje fleire enn 78 elevar i begge trøndelagsfylka samla som skriv nynorsk i skolen (Grepstad 2010, tabell 4.2), og mange av desse byter ut nynorsk med bokmål når dei skiftar skoleslag (Cadamarteri 2010).

3.2.1 Sunnmøre

Sunnmøre har si historiske tilknytning sørover mot Bergen. Dialekten er vestnorsk, og administrasjonsspråket i alle dei aktuelle kommunane er nynorsk. Søre Sunnmøre har òg, saman med store delar av Vestlandet og Sørlandet, vore rekna som ein arnested for den tradisjonelle motkulturen i norsk politikk og kulturliv som oppstod mot slutten av 1800-talet. Dette sosiokulturelle skiljet henta i si tid styrken sin i motstanden mot hovudstadseliten, og hadde målrørsle, lekmannsrørsle og fråhaldsrørsle som sterke politiske uttrykk (Rokkan 1989). Sunnmørskommunane står derfor fram som representant for både nynorsken og bygdekulturen og stettar åleine to av dei tre kriteria vi finn i hovudavgrensingane over.

I utgangspunktet spurde eg tre kommunar frå Søre Sunnmøre om å ta del i undersøkinga. Det var Vanylven, Volda og Ørsta. Desse har alle ein geografisk avstand frå den nærmaste bokmålskommunen, Ålesund. Rektor ved ungdomsskolen i Ørsta takka dessverre nei til å ta del. Dette var synd sidan eg då gjekk glipp av den mest folkerike kommunen i området. For å kompensere vart Stranda ungdomsskole spurt i staden. Stranda ligg på indre Sunnmøre, men har mange av dei same demografiske eigenskapane som Ørsta, med industri og turisme som viktige økonomiske kommunale berebjelkar.

Dei tre kommunane
representerer på kvar sin måte
Sunnmøre. Talet på elevar som
var med i undersøkinga frå
kvar av desse kommunane var
høvesvis 31 frå Vanylven, 112
frå Volda og 50 frå Stranda.



Dette utgjør ein prosentmessig
stor del av ungdommane i dei
aktuelle kommunane. I følgje Tabell 1: *Folketalssamansetjing på Sunnmøre*, bur det kring 45
femtenåringar i Vanylven, 125 i Volda og 60 i Stranda. Den reelle representasjonen av elevar
frå dei tre kommunane er dermed 70% for Vanylven, 90 % frå Volda og 85 % frå Stranda.
Sjølv om ikkje utvalet av elevar i streng forstand kan seiast å vere representativt for
Sunnmøre, er prosentdelen elevar frå desse kommunane langt over det som til dømes er
vanleg i norske kommune- og stortingsval. Det bør derfor gå an å arumentere for at svara frå
desse elevane er representative på kommunenivå. Dersom svara frå dei tre kommunane
samsvarar med kvarandre, vil tala frå desse kommunane vere svært interessante. Eg vil kome
tilbake til utval av informantar i metodekapittelet (Sjå avsnittet om *Utval* side 31).

Dei tre sunnmørskommunane er nokså like i alderssamansetjinga (Sjå Tabell 1). Det som skil
Volda frå dei andre to kommunane kjem ikkje fram i denne tabellen. Det er mange som
studerar Volda utan at dei vel å melde tilflytting av den grunn, og i 2008-2009 var det godt
over 3000 studentar i bygda. Prosenttalet på barnehageborn og vaksne mellom 20 og 39 er
noko høgare i Volda enn i dei andre sunnmørskommunane. Likeeins er prosenttalet på
pensjonistar noko lågare i Volda enn i Vanylven og Stranda. Dette kan ha si logiske forklaring

i høgskolen som er lokalisert i bygda som til ei viss grad fører til tilflytting av unge akademikarar.

Tabell 1: Folketalssamansetjing på Sunnmøre

Folketal per 1.1.2010. Utvalde kommunar på Sunnmøre												
Kjelde: SSB.												
	I alt	0	1-4	5	6-12	13-15	16-19	20-39	40-54	55-66	67-79	80+
Volda	8573	103	418	115	781	378	521	2076	1692	1242	746	501
Vanylven	3471	22	102	36	309	137	192	686	714	630	394	249
Stranda	4531	41	191	39	432	176	262	1014	917	634	522	303
Volda	100 %	1 %	5 %	1 %	9 %	4 %	6 %	24 %	20 %	14 %	9 %	6 %
Vanylven	100 %	1 %	3 %	1 %	9 %	4 %	6 %	20 %	21 %	18 %	11 %	7 %
Stranda	100 %	1 %	4 %	1 %	10 %	4 %	6 %	22 %	20 %	14 %	12 %	7 %

Tabell 2: Utdanningsnivå: Deltakarelevane frå Sunnmøre

	Område	Utdanningsnivå foreldre
Stranda (n = 47)	Indre Sunnmøre Ungdomsskolen i kommunesenteret	38% Ja, far har høgare utdanning 38% Ja, mor har høgare utdanning 2% Ja, annan føresett har høgare utdanning 49% Nei, ingen har høgare utdanning
Vanylven (n = 26)	Søre Sunnmøre Ungdomsskolen i kommunesenteret	58% Ja, far har høgare utdanning 35% Ja, mor har høgare utdanning 4% Ja, annan føresett har høgare utdanning 23% Nei, ingen har høgare utdanning
Volda (n = 91)	Søre Sunnmøre Ungdomsskolen i kommunesenteret	57% Ja, far har høgare utdanning 60% Ja, mor har høgare utdanning 7% Ja, annan føresett har høgare utdanning 19% Nei, ingen har høgare utdanning

Skilnadene mellom bygdene kjem tydelegare fram om ein ser på svara elevane frå dei tre kommunane gav på utdanningsnivået til foreldre og føresette (Sjå Tabell 2). I Volda har omkring 60% av dei føresette – både fedre og mødre – utdanning etter vidaregåande skole. I Stranda er det tilsvarande talet i underkant av 40 %. I Vanylven har om lag 60 % av fedrane, medan omkring 35 % av mødrene høgare utdanning. Det er med andre ord skilnader mellom deltakarane frå dei tre kommunane. Dersom svara frå skolane i dei tre kommunane er

nokolunde like, kan dette kanskje gi indikasjoner på korleis situasjonen er for Sunnmøre som region på ein vidare basis.

3.2.2 Trondheim

Trondheim er valt fordi det er eit stabilt bokmålsområde utanfor det sentrale austlandet. Sjølv om Trondheim i si tid både har hatt markante målmenn og målfeider, som til dømes den namngjetne namnefeiden som resulterte i at ”Trondhjem” i 1930 blei skifta ut med ”Trondheim” (Bratberg 2008), er det i dag bokmål som klart dominerer som skriftspråk både i kommuneadministrasjon og lokal/regionalpresse.

I trøndelagsfylka generelt har talet skolekrinsar med nynorsk som opplæringsmål falle dramatisk dei siste tiåra. Dette blir forklart med at nynorsk i Trøndelag, til forskjell frå dei aktuelle kommunane på Sunnmøre, aldri oppnådde nokon sosial eller formell konvensjon utanfor skolen (Grepstad

2010, 42-43). Både

Trøndelag generelt og

Trondheim spesielt

representerer på sin måte det

stabile bokmålsområdet eg er

ute etter. Selsbakk,

Markaplassen og Rosenborg

representerer på kvar sin måte

tre ulike delar av Trondheim. Trondheim kommune er prega av befolkningsvekst. Som ein

leiande studentby i Noreg, har talet innbyggjarar mellom 20 og 29 år stige kraftig siste åra, og

er no den dominerande aldersgruppa i byen (Sjå Figur 10: *Samansetjing Trondheim kommune*

i vedlegget). Denne tendensen finn vi att i folkesamansetjinga i skolekrinsen Rosenborg.



Rosenborg ungdomsskole er sentrumsskolen i Trondheim, og nær 30 % av alle innbyggjarane i denne bydelen er i aldersgruppa 20-29 år (Sjå Tabell 3).

Tabell 3: Folketalssamansetjinga i Trondheim

Folketal i 10-årsgrupper 1.1.2009. Trondheim og utvalde krinsar										
Kjelde: SSB.										
	0-9	10-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-79	80+	SUM
Trondheim	20 889	20 472	27 298	26 003	23 276	20 104	15 364	8 391	6 460	168 257
Selsbakk	1 259	1 275	1 351	1 467	1 425	1 143	1 010	548	422	9 900
Rosenborg	2 176	1 989	8 142	4 749	2 892	3 028	2 325	1 125	1 227	27 653
Markapl.	1 377	1 330	794	1 355	1 445	1 008	657	301	217	8 484
Trondheim	12,4 %	12,2 %	16,2 %	15,5 %	13,8 %	11,9 %	9,1 %	5,0 %	3,8 %	100,0 %
Selsbakk	12,7 %	12,9 %	13,6 %	14,8 %	14,4 %	11,5 %	10,2 %	5,5 %	4,3 %	100,0 %
Rosenborg	7,9 %	7,2 %	29,4 %	17,2 %	10,5 %	10,9 %	8,4 %	4,1 %	4,4 %	100,0 %
Markapl.	16,2 %	15,7 %	9,4 %	16,0 %	17,0 %	11,9 %	7,7 %	3,5 %	2,6 %	100,0 %

Tabell 4: Utdanningsnivå: Deltakarelevane frå Trondheim

	Område	Utdanningsnivå foreldre
Selsbakk (n = 37)	Trondheim vest Byåsen	54% Ja, far har høgare utdanning 41% Ja, mor har høgare utdanning 11% Ja, annan føresett har høgare utdanning 27% Nei, ingen har høgare utdanning
Markaplassen (n = 33)	Trondheim aust Ranheim/Vikåsen	67% Ja, far har høgare utdanning 55% Ja, mor har høgare utdanning 12% Ja, annan føresett har høgare utdanning 9% Nei, ingen har høgare utdanning
Rosenborg (n = 85)	Trondheim sentrum	58% Ja, far har høgare utdanning 52% Ja, mor har høgare utdanning 13% Ja, annan føresett har høgare utdanning 23% Nei, ingen har høgare utdanning

Dei to andre trondheimsskolane, Markaplassen og Selsbakk, er begge øvingskolar for lærarutdanninga ved universitetet i byen og har vore aktive som forsøksskolar. Dei ligg om lag like langt frå Trondheim sentrum i kvart sitt forstadsområde dominert av einbustader. Talet på studentar i området er òg relativt lågt (sjå Figur 11 & Figur 12). Mykje er altså likt, men der Selsbakk skole ligg i eit etablert bustadområde bygd på 70-talet, med ein del ikringliggjande bustadblokker, er Markaplassen skole ein relativt ny skole i eit av dei nyaste bustadområda i byen. Dette ser ein att i samansetjinga av aldersgruppene.

Markaplassen har relativt mange vaksne med barn i skolealder, medan gruppa av unge vaksne (20-29 år) er svært liten. Tilsvarande er talet på pensjonistar lågare i denne skolekrinsen enn i resten av Trondheim. Ser ein busetnadsutviklinga over tid, er innbyggjarane som soknar til Markaplassen ei relativt homogen gruppe og er samansett av etablerte par med høg nok inntekt til å kjøpe seg einebustad. Dette kan ein sjå att i svara frå elevane i undersøkinga. Talet på foreldre med høgare utdanning (ut over vidaregåande skole) er langt høgare her enn i resten av Trondheim (SjåTabell 4). Selsbakk har lenge hatt ei motsett utvikling. Området har vore prega av eit etablert villaområdet, men dei siste åra har det vorte satsa på fortetting og blokkbygging. Det har òg vorte bygd ein ny vidaregåande skole i området. Talet på ungdommar har derfor stige kraftig siste åra. Samansetjinga av innbyggjarane er likevel langt meir blanda enn i Markaplassen. Det ser ein mellom anna ved at talet på foreldre utan høgare utdanning er høgare enn i dei andre elevgruppene i Trondheim. Dei tre skolekrinsane i Trondheim representerer på kvar sin måte den demografiske samansetjinga i Trondheim. Utvalet av elevar kjem ikkje i nærleiken av den prosentvise storleiken som elevgruppene på Sunnmøre hadde. Ser ein på tala i Tabell 3, er talet på elevar i dei ulike krinsane kring 130 for Selsbakk, 200 for Rosenborg og 130 ved Markaplassen. Deltakarane i denne undersøkinga utgjør dermed berre kring 30% av elevane ved Selsbakk, 40% av rosenborgelevane og 25% av elevane frå Markaplassen. Eg vonar likevel at tala skal vise så eintydige tendensar at eg skal kunne argumentere for at dei har relevans også utover dei aktuelle elevgruppene. Eg kjem tilbake til dette under avsnittet om *Utval* side 31.

3.2.3 Kvifor ikkje skolar frå Austlandet

Eg har rekna det som viktig for undersøkinga å ikkje ha med skolar frå det sentrale austlandsområdet. Oslo er som hovudstad ein trendsettar. Det som blir teke opp i hovudstadspressa vil automatisk påverke det som skjer i distrikta på ein annan måte enn mellom to ulike distrikt som Trondheim og Sunnmøre. Sunnmøre og Trondheim er derfor

uavhengige område, på ein annan måte enn Sunnmøre og til dømes Oslo. Eg meiner i tillegg det er vesentleg for undersøkinga at elevane ikkje direkte eller indirekte er ein del av sidemålsdebatten som har prega osloskolen siste åra. Med det omdiskuterte sidemålsforsøket i osloskolen¹⁴ (Vibe og Borgen 2007), og det offentlege ordskiftet i før- og etterkant av gjennomføringa, ville ei undersøking som dette raskt kunne oppfattast som eit partsinnlegg.

¹⁴ Sidemålsforsøket i osloskolen gjekk i korte trekk ut på at elevar på vidaregåande trinn fekk fritak frå skriftleg opplæring i sidemål. Det skapte ålmenn furore at samtlege kvalifiserte forskningsmiljø i utgangspunktet takka nei til å ta del i evalueringa av prosjektet. NIFU STEP (Studier av innovasjon, forskning og utdanning) gjekk til slutt inn på ein avtale med Oslo kommune. Noko som resulterte i rapporten «*Lese det, lære det, ja! Men skrive det? Nei, det vil vi ikke*» : *Evaluering av forsøk med valgfritt skriftlig sidemål i Oslo*», utan nokon klare tilrådingar for eller mot skriftleg sidemålsopplæring. Sidemålsforsøket er no avslutta.

4 Metode

Eg har nytta meg av ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar. I metodekapittelet ønskjer eg å argumentere for val av metodisk tilnærming, ved først å gå gjennom korleis innhentinga av spørjeundersøkingmaterialet har gått føre seg, deretter ved å gjere greie for korleis eg prøvde å forklare einskildsvar frå spørjeundersøkinga ved hjelp av elevintervju. Mot slutten av metodekapittelet diskuterer eg reliabiliteten og validiteten til det innsamla materialet, og prøver å gi nokre forklaringar på korleis dataene frå undersøkinga er handsama.

4.1 Vitskapsteoretiske metodar

Ein skil mellom kvalitative og kvantitative forskingsmetodar. Kvalitative analysar tek ofte sikte på å oppnå ei heilskapleg forståing av spesifikke forhold. Slike studiar er gjerne intensive, i den forstand at dei går i djupna på relativt avgrensa fagområde. Dei er gjerne konsentrerte om få einingar, men rettar ofte siktemålet mot ein stor del av eigenskapane til desse einingane (Grønmo 2004, 336). I analysen av kvalitative data legg ein stor vekt på innleving og innsikt, og metodane eignar seg derfor godt til å utvikle hypotesar og teoriar. Dei har derimot klare avgrensingar når det gjeld å vurdere om hypotesane og teoriane er vassette i meir omfattande samanhengar. Avgrensingane heng saman med den manglande tilknytninga materialet har til større grupper eller større område. Eit vesentleg problem med kvalitative data er med andre ord den avgrensa rekkevidda og gyldigheita slutningane har, ikkje først og fremst i tid, men i rom (ibid, 337).

Det er derimot på dette punktet dei kvantitative analysane har sin styrke. Desse tek sikte på å oppnå mest mogleg representativ oversikt over generelle forhold. Analysane gir breie framstillingar av nokre avgrensa fenomen. Dei omfattar nokså mange einingar, men konsentrerer seg til gjengjeld om eit avgrensa tal med eigenskapar ved desse einingane. I slike analysar prioriterer ein med andre ord oversikt høgare enn innsikt, og analysane blir gjerne brukt i testing av ulike hypotesar og teoriar (ibid). Kvantitative analysar er derimot ikkje like godt eigna til å utvikle hypotesar og teoriar som den kvalitative analysen er. Analyseresultata blir ikkje berre oversiktelege, dei blir òg overflatiske, og gir ikkje noko særleg godt grunnlag for å forstå dynamiske forhold, prosessar og samhandlingsmønster. Denne avgrensinga ved kvantitative analysar dreiar seg dermed ikkje om rom, men om tid (ibid, 337).

Eg finn det relevant å bruke både kvalitative og kvantitative analysar i forsøket på både å skape innsikt og oversikt i eit emne. I denne oppgåva har eg brukt kvantitative metodar for å skaffe meg oversikt over tidsbruk og lesespråk i ulike tekstsjangrar, medan eg har nytta kvalitative metodar for å finne ut noko om dei bakomliggjande haldningane. På den måten vil eg prøve å finne forklaringar på dei vala elevane i undersøkinga seier at dei gjer.

4.2 Innhenting av materialet i spørjeundersøkinga

I spørjeundersøkingar prøver ein på ein strukturert og systematisk måte å hente inn data frå eit utval frå ein eller fleire populasjonar for å kunne seie noko om kva som karakteriserer ulike grupper innanfor desse populasjonane. Det gjer ein ved å samanlikne og analysere einskildsvar, ordne dei i grupper og leite etter generelle tendensar (De Vaus 2002, 3-4).

Skjemaet i denne undersøkinga var digitalt, og var plassert på serveren til Questback¹⁵ - ein internettbasert spørjeskjemagenerator som let brukaren leggje ut interaktive spørjeskjema og

¹⁵ <http://www.questback.com>

eksportere dei innkomne svara til analyseprogram som Microsoft Excel¹⁶ eller SPSS¹⁷. I tillegg er somme spørjingar gjennomførte ved hjelp av statistikkprogrammet STATA¹⁸ for betre å kunne samanlikne grupper av svar med kvarandre. I analysen av det innkomne materialet har eg brukt ein kombinasjon av desse programma.

4.2.1 Utvikling av spørjeskjemaet

Det er mange faktorar som er med på å påverke i kva grad spørsmåla i skjemaet er forståelege og gode. På generelt grunnlag kan ein seie at spørsmåla både bør vere sjølvinstruerande og godt strukturerte. Spørsmåla bør vere eintydige, slik at dei ikkje blir mistydde. Dei bør formulerast kort og vere presise. Svaralternativa bør vere klare og eintydige slik at ein i størst mogleg grad unngår tolkingsfeil. Likeeins bør utsjånaden på skjemaet vere innbydande og ryddig slik at deltakarane får lyst til å svare (De Vaus 2002, 97).

Ein kan likevel aldri sikre seg mot at spørsmåla blir tolka annleis enn det som var intensjonen. For å undersøkje om instruksjonane, spørsmåla og dei ulike svarkategoriane i størst mogleg grad blei oppfatta av deltakarane, gjennomførte eg før den første utsendinga, ein pilottest med tre elevar frå dei to områda som skulle vere med i undersøkinga. Dei var i omlag same alder som deltakargruppene, men skulle ikkje vere med på sjølve undersøkinga i etterkant.

Ungdomane fylte ut spørjeskjemaet individuelt, og kom deretter med innspel til endringar som kunne gjere skjemaet lettare å forstå. Einskilde ord og omgrep blei så erstatta med andre, men i hovudsak gav testinformantane tilbakemelding om at skjemaet var forståeleg og lett å manøvrere i.

¹⁶ Microsoft Excel er eit rekneark, og er godt eigna til å lage oversiktlege figurar og diagram.

¹⁷ SPSS (*Statistical package for the social sciences*) er eit omfattande statistisk datahandterings- og analyseverktøy, vanleg å bruke i handsaminga av data i samfunnsvitskapelege spørjeundersøkingar.

¹⁸ STATA (*Data Analysis and Statistical Software*) er ein omfattande programpakke som høver for dataanalysar, datahandsaming og grafiske framstillingar (www.stata.com).

Det vart òg gjort einskilde endringar av spørjeskjemaet etter at den første eigentlege elevgruppa hadde vore gjennom skjemaet, mellom anna etter pålegg frå Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). Desse endringane var derimot av ein slik karakter at dei ikkje fekk følgjer for heilskapen i svara til elevane, sidan det i hovudsak handla om å fjerne ubrukte svaralternativ og kategoriar som viste seg problematiske i høve til personvern (Sjå brev frå NSD i vedlegget).

4.2.2 Kategorisering

Spørjeskjemaet hadde i all hovudsak spørsmål med svaralternativ. Når ein spesifiserer svaralternativ, er det tre reglar å følgje: For det første må ein syte for at det er gjensidig utelukkande kategoriar. Ein må òg syte for at det er uttømande kategoriar, slik at ein er sikker på at alle moglege svaralternativ er med. I tillegg bør svaralternativa vere balanserte, slik at det som kan oppfattast som nøytrale alternativ har like mange svaralternativ på kvar side av seg (De Vaus 2002, 101). Alle spørsmåla i denne undersøkinga er forsøkt bygde opp etter ein og same lest: Etter val av tekstkategori har respondentane fått to spørsmål: (1) Kor mykje les ein (i tid), og (2) kva språk er tekstane dei les skrive på (i prosent) (Døme: Figur 18: Spørjeskjemaet side 5 – Aviser).

4.2.3 Variablar

Variablane i spørjeskjemaet er knytte til både individuelle og strukturelle faktorar. I spørjeskjemaet blir elevane spurde om skolegang til foreldra, opplæringspråk og heimespråk, samt bustadkommune. Det endelege spørjeskjemaet dekkjer i tillegg følgjande fire variablar: (1) *Kva blir lese?*, (2) *Kor mykje tid tek lesinga?*, (3) *På kva språk er teksten som blir lesen?* og (4) *På kva språk skriv deltakarane i undersøkinga tekstar på Internett?*

4.2.3.1 *Kva blir lese?*

I den gjeldande læreplanen for grunnskolen blir tekstomgrepet utvida til å omfatte samansette tekstar¹⁹. I den samanhengen er alle element som er med på å understreke budskapet, det vere seg bilete, fargeval og kontekst, ein del av *teksten*. Mitt utgangspunkt for oppgåva har vore den delen av teksten som er med på å påverke skriftspråket. Eg har derfor snevra denne definisjonen inn til å omfatte skriftlege tekstar med nok innhald til å vere definerte som anten bokmål eller nynorsk.

Dei ulike tekstsjanrane i spørjeskjemaet (Figur 16: Spørjeskjemaet side 3 – Teksttypar) var valde ut med utgangspunkt i brukarstatistikken presentert i Norsk mediebarometer (Statistisk sentralbyrå 2010). Alle teksttypene som SSB nyttar er derimot ikkje like enkle å bruke i ungdomsskolen. Det var derfor gjort nokre tilpassingar som passar meir overeins med sjangerforståinga til aldersgruppa.

Eg måtte først finne ut av kva typar tekst ungdom les. I dagens mediasamfunn blir vi fora med tekstbilete frå alle kantar og i alle kanalar, det er derfor ikkje nødvendigvis lett å avgjere kva tekstkategoriar som påverkar leseforståinga i størst grad. Eg ønskte å lage ei undersøking som på førehand lista opp kva tekstkategoriar eg var ute etter å undersøkje, og valde derfor å dele tekstane inn i to hovudtypar: (A) Den statiske, der teksten er ferdig skriven og der elevane si oppgåve er å tolke og forstå innhaldet. (B) Den interaktive teksten som krev at lesaren sjølv produserer tekstlege svar og slik påverkar korleis teksten framstår på ein eller annan måte.

Deretter vart tekstane delte inn i ni ulike underkategoriar. (1) Aviser, (2) Blad, (3) Bøker, (4) Dataspel, (5) E-post/Chat, (6) Lekser, (7) På Internett, (8) Teikneseriar og (9) Tekst på TV. I

¹⁹ **Samansette tekstar** er eit nytt omgrep i læreplanen. Ein samansett tekst nyttar fleire teiknsystem i eitt uttrykk, til dømes skrift, lyd, stillbilete, levande bilete. Samansette tekstar har vore brukte lenge i norskfaget, men ikkje i læreplanen i norsk. Internasjonalt blir omgrepet multimodale tekstar ofte brukt, og i læreplanen er omgrepet samansette tekstar brukt i same tydinga: ein tekst der ulike teksttypar spelar saman i eitt samla uttrykk (kjelde: www.skolenettet.no). Sjå elles fotnote om *Multimodalitet* side 93.

tillegg fekk elevane høve til å definere eigne teksttypar dersom dei meinte dei las tekstar som ikkje passa inn i nokon av dei båsane eg gav dei. Fleire av dei ni teksttypane har i tillegg underkategoriar som lèt deltakaren spesifisere endå tydelegare kva teksttype dei meiner. Til dømes er kategorien *Blad* inndelt i (i) Vekeblad, (ii) Hobbyblad, (iii) Kjendisblad og (iv) Tidsskrift (sjå *Figur 20* side *xii*), for at ein i ettertid skal kunne leite meir spesifikt etter kva tekstar som har største påverknaden på skriftforståinga til deltakarane.

4.2.3.2 Kor mykje tid tek lesinga?

I tillegg til å spørje etter tekstkategori, ønskte eg finne ut kor mykje tid som vart brukt til å lese kvar kategori. Kvar enkelt svar under punkt to sende deltakaren vidare til eit skjema der tidsbruken skulle definerast. Alternativa var delte inn i *Inntil fem minutt*, *Inntil eit kvarter*, *Inntil ein halv time*, *Inntil ein time*, *Inntil ein time*, *Inntil to timar*, *Inntil fire timar*, *Inntil seks timar* og *Meir enn seks timar*. Alle tekstkategoriane hadde den same tidsaksen. På denne måten meinte eg å kunne skilje mellom kva tekst som berre blir lesen litt no og då (Inntil fem minutt) og kva som verkeleg er tidkrevjande lesing (Inntil ein time) (Sjå vedlegg: *Figur 19: Spørjeskjemaet side 6 – Blad, del 1*).

Dette kunne vore gjort på ein annan måte. Kvar elev kunne fått i oppgåve sjølv å definere lesemengda. Når eg likevel valde å låse svaralternativa var det av omsyn til aldersgruppa og kravet om at sjølve spørjeskjemaet skulle vere raskt å fylle ut. Ulempa vil vere at einsskildelavar lettare kryssar av feil enn dei skriv heile setningar feil. Det er i tillegg andre særskilte problem knytt til denne måten å gjennomføre ei spørjeundersøking på. Spørsmål som omhandlar noko ein tidlegare har gjort utan at ein på førehand har blitt beden om å prøve å hugse det på nokon spesiell måte, er vanskelege. Ein kan ikkje forvente at deltakarane hugsar tid presist. Eg er mest interessert i typiske svar, og ikkje det definitive gjennomsnittet

frå undersøkinga. Derfor ser eg ikkje på tilfeldige feilsvar eller omtrentlege svar som noko stort problem.

4.2.3.3 På kva språk er teksten som blir lesen?

Det tredje punktet var å la elevane sjølve definere kva språk tekstane dei les er skrivne på. For ikkje å gjere det for openbart at det var nynorskprosenten eg var ute etter, fekk elevane fem val: (i) Norsk (bokmål), (ii) Norsk (nynorsk), (iii) Eit anna nordisk språk, (iv) Engelsk og (v) Eit anna språk. Med bakgrunn i denne inndelinga meinte eg at elevane vel så gjerne kunne bli leidde til å meine at undersøkinga omhandla mengda av engelsk tekst i kvardagen som forholdet mellom nynorsk og bokmål. Dette såg eg på som viktig for om mogleg å unngå språkpolitiske svar om forholdet bokmål og nynorsk.

4.2.3.4 På kva språk skriv deltakarane i undersøkinga tekstar på Internett?

Sjølv om undersøkinga i hovudsak hadde som målsetjing å finne kva typar tekstar som blir lesne og som dermed dannar føredøme på ordbilete og tekstar, finst det som nemnt i innleiinga, nokre tekstkategoriar som definitivt er interaktive – dei krev at deltakarane svarer eller sjølv produserer tekst. Døme er e-post, chat og tekstar i ulike former for nettsamfunn. Ved val av ein eller fleire av desse tekstkategoriane fekk deltakarane i undersøkinga tilleggsspørsmål om kva språk dei sjølve vel å skrive på. Dei fekk fem val: (i) Norsk (bokmål), (ii) Norsk (nynorsk), (iii) Dialekt (norsk dialekt), (iv) Engelsk og (v) Andre språk. I utgangspunktet var òg samisk med som eitt av vala i spørjeskjemaet, men sidan den samiske populasjonen i dei to områda som vart undersøkt er så liten, er desse svara fjerna frå sluttmaterialet for å unngå unødig identifisering av einskildpersonar i undersøkinga.

Sidan spørjeskjemaet var nettbasert, var kodearbeidet i store trekk ferdig ved eksportering av det innsamla materialet frå nettstaden til statistikkprogrammet SPSS. Noko tilpassing av svara måtte likevel til, sidan det var gjort einskilte endringar av svaralternativa mellom første og

andre elevgruppe, jamfør brevet frå NSD. Ved omkodning og samanfiltrering av dei to svarmassane, fekk eg god oversikt over datamaterialet, og det var mogleg å oppdage eventuelle useriøse svar.

4.2.4 Utval

I skoleåret 2009/2010 er det 81 000 elevar med nynorsk og 432 000 elevar med bokmål som opplæringsmål i norsk skole. Sjølv om det i tillegg blir gitt morsmålundervisning til elevar med 173 andre språk, er dominansen av dei to norske skriftspråka stor (Grepstad 2010, 64). Til dømes vart det største minoritetsspråket som blir undervist i skolen, somalisk, gitt som tilbod til vél 2600 elevar i 2009 (ibid, tabell 8.16) . Føremålet med undersøkinga har vore å undersøkje kva skriftspråk ungdomane i dei ulike populasjonane er eksponerte for i kvardagen, altså kva språkleg påverknad kvar einskild elev opplever som dominerande, uavhengig av opplæringsmål. Sjølv om talet på nynorskbrukarar i skolen er relativt stort, er det god grunn til stille spørsmål ved om nynorsken er like synleg for elevar som talet på brukarar skulle tilseie.

4.2.5 Distribusjon og gjennomføring

Tabell 5: Spørjeskjemaet: Svardato, innkomne svar og svarprosent

	24/10	7/11	10/11	20/11	3/12	5/12	13/1	15/1	10/6	11/6	Sum svar	Spurte	%	
Selsbakk				9	4	5	19				Gut Jente Total	14 23 37	25 27 52	56% 85% 71%
Markaplassen								33			Gut Jente Total	11 22 33	11 22 33	100%* 100% 100%
Rosenborg									69	17	Gut Jente Total	41 44 85	62 65 127	66% 69% 67%
Stranda		22	25								Gut Jente Total	19 28 47	21 29 50	90% 97% 94%
Vanylven					26						Gut Jente Total	16 10 26	21 10 31	76% 100% 84%
Volda	91										Gut Jente Total	50 41 91	58 54 112	86% 76% 81%

* Ved Markaplassen vart elevane handplukka av den ansvarlege læraren og ingen av dei spurte svarte nei. Svarprosenten er derfor unaturleg høg og svara frå denne skolen må derfor lesast deretter.

Med utgangspunkt i dei tre hovudavgrensingane, valde eg ut 405 personar eg meinte representerte dei to målgruppene. Utvalet var samansett av ungdomar frå dei seks skolane, tre med nynorsk som opplæringsmål og tre med bokmål. Alle ungdomane – med unntak av elevane ved Rosenberg skole – var avgangselevar i grunnskolen våren 2009. Elevane ved Rosenberg skole har eksamensår 2010.

Spørjeskjemaet var tilgjengeleg på Internett frå medio oktober 2008 til medio juni 2009, og vart gjort tilgjengeleg for elevane ved at dei fekk presentert ei mellombels internettdresse same dagen som undersøkinga vart gjennomført.

Under gjennomføringa ved Rosenberg skole var eg av praktiske omsyn sjølv til stades. Skolen hadde vanskar med å skaffe nok vaksenpersonar til å følgje opp elevane på det rommet der undersøkinga gjekk føre seg, så eg reiste til skolen for å vere sikker på å få henta inn materialet. Ved dei andre skolane var ein til to lokale lærarar ansvarlege for gjennomføringa. Dei var anten kontaktlærar eller norsklærar for elevane, ved somme høve begge delar. Lærarane fann tid på timeplanen, informerte elevane om retten til ikkje å ta del og ga forsikringar om anonymitet.

Kvar einskild elev kunne bruke mellom fem og femten minutt på gjennomføringa, alt etter kva alternativ som vart valt i starten av undersøkinga og kva tilleggsspørsmål som deretter dukka opp (Figur 16: Spørjeskjemaet side 3 – Teksttypar).

Alle dei tre sunnmørsskolane var ferdige med sin del av undersøkinga før skolane i Trondheim kom skikkeleg i gang. Dette har fleire årsaker. Dei tre trondheimsskolane som deltok var positive frå første dag, men den praktiske gjennomføringa viste seg vanskeleg. Både feil på det tekniske utstyret og konkurrerande skoleaktivitetar i november/desember gjorde sitt til at svara frå desse skolane let vente på seg ei stund. Den siste trondheimsskolen,

Rosenborg skole, kunne heller ikkje stille med nokon tiandeklasser, og tala frå den skolen er derfor henta frå fire niandeklasser.

Det er derfor ein relativt lang avstand frå dei første svara frå Volda ungdomsskole (24 . oktober) til siste svara frå Rosenborg vart leverte (11. juni). Undersøkinga strekte seg først over ein periode på to månader og tjue dagar. Rosenborg kom som nemt med i juni (fem månader og 18 dagar etter første respons). Eg meiner likevel ikkje at dette skal ha nokon store konsekvensar for svara, sidan spørsmåla som vart stilte gjekk på lesing generelt, og ikkje på dei aktuelle dagane spesielt. Det kan òg vise seg å vere ein fordel at niandeklasseelevane frå Rosenborg kom med så seint som dei gjorde, sidan vi kan rekne med at dei då i større grad enn ved starten av skoleåret vil vere i stand til å skilje mellom bokmål og nynorsk.

4.2.6 Representativitet

For å oppnå størst mogleg grad av representativitet, skulle eg ha trekt tilfeldige informantar frå alle tiandeklasseelevar i dei to regionane. Innanfor rammene til ei masteroppgåve, og med knappe ressursar, fann eg det for omstendeleg å velje ei slik utvalsprosedyre. Mange av skolane eg først var i kontakt med, uttrykte stor motvilje mot å ta elevane ut frå undervisningssituasjonen, og viste til at dei fekk fleire førespurnader i veka om å delta i spørjeundersøkingar av ulike slag. Det viste seg derfor vanskelegare enn forventa i det heile å skaffe skolar som var interesserte i å bruke dyrebar undervisningstid på ”nok ei undersøking”.

Utvalet som undersøkinga baserer seg på, er derfor ei blanding av *klyngeutval* og *skjønnsutval* (De Vaus 2002, 70). I første omgang var regionane valde ut (klyngeutval). Deretter er einskildskolar valde ut og spurde med tanke på å til saman representere ein miks av skolar i regionane (skjønnsutval). Deretter er det administrasjonen ved kvar skole som har spurt heile klassetrinn, i utgangspunktet tiandeklasser, om å ta del i undersøkinga. Med unntak av ein av trondheimskolane (Markaplassen), har alle klassene på dei spurte årstrinna teke del.

Inspektøren ved Markaplassen skole kontakta elevar han meinte var i stand til å gjennomføre spørjinga (bekvemlegeheitsutval). Grunngevinga var tidspress og mange konkurrerande skolearrangement. Bakgrunnen for svara frå Markaplassen er slik noko annleis enn svara frå dei andre skolane og må på mange måtar berre brukast som referansetal.

Representativiteten er meir usikker ved klyngeutval og skjønnsutval enn ved reint tilfeldige utval, spesielt dersom vi måler forhold som kan tenkjast å ha direkte samanheng med forhold ved skolen elevane går på. Sjølv om dei seks skolane i undersøkinga blei valde med tanke på å representere ulike kulturar/delar av området dei er ein del av, kan ikkje informantane i undersøkinga reknast som statistisk representative for alle tiandeklassingar i desse to regionane. I praksis er dette derfor to regionar med til saman seks ulike populasjonar av tiandeklassingar.

Eit av måla med oppgåva mi har vore å finne likskapar mellom grupper frå ulike kulturelle oppvekstmiljø. Nynorskkompetansen kan absolutt variere frå skole til skole og klasse til klasse. På grunn av dette vil analysen skje med utgangspunkt i analysar av kvar einskildskole og ikkje for kvar av regionane som heile grupper. Eg vonar likevel at eg kan finne tendensar som går på tvers av dei elevgruppene som er med, og at eg slik kan seie noko om elevgruppene på meir generell basis.

Dersom mange let vere å svare på spørsmåla i spørjeskjemaet blir utvalet mindre og tala dermed mindre sikre, og feil som kjem av tilfeldige variasjonar aukar. Ein høg deltakarprosent er med på å redusere denne feilkjelda. Oppslutnaden om undersøkinga er tilfredsstillande. Lågaste deltakarprosent hadde Rosenborg skole, med 67 % oppslutnad. Gjennomsnittet for heile undersøkinga ligg på kring 80 %, noko som må seiast å vere svært bra (Tabell 5, side 31).

4.2.7 Analysestrategi

Svara frå spørjeundersøkinga bruker eg både *deskriptivt* og *analytisk*. I del 1 til 3 søkjer eg å skildre kva som karakteriserer lesevanane og lesespråket til ungdomane ved dei ulike skolane ved å studere frekvensfordelingar (deskriptivt), og analytisk ved å søkje å vise statistiske samanhengar mellom variablane. Spesielt er styrkeforholdet mellom mengda av lesen tekst på nynorsk og bokmål interessant. Dette kan utreknast på grunnlag av krysstabellar eller gjennomsnittstabellar og ved å rette dataspørjingar som trekkjer ut svar på likelydande spørsmål om bokmål og nynorsk opp mot kvarandre. Resultatet kjem fram i figurar og tabellar.

4.3 Intervjumaterialet

Spørjeundersøkinga åleine vil ikkje gi ei god skildring og innsikt i haldningane til einskildpersonane. Det er heller ikkje føremålet med ei spørjeundersøking. Ho gir seg ikkje ut for å måle den fulle kompleksiteten til mennesket. Eg ønskjer å skildre eigenskapar ved eit større tal ungdommar samla, likskapar og ulikskapar, samt mønster av samanhengar mellom eigenskapane. Som eit supplement har eg derfor gjennomført til saman 12 intervju, der ulike tendensar frå undersøkinga vart stilt spørsmål ved. I tillegg har karakteristiske haldningar til kva språk som høver i ulike situasjonar vore interessante å finne fram til.

4.3.1 Om behovet for kvalitative intervjudata

Formålet med ein intervjusamtale er å innhente kvalitative skildringar frå deltakrane si livsverd, og tolke meininga med desse. Skal dette fungere, må den som blir intervjuet føle seg trygg nok til å snakke fritt om eigne opplevingar og kjensler. Dette krev at ein skaper ei atmosfære kring intervjusituasjonen som balanserer mellom rein kunnskapsinnhenting og ein personleg samtale. Som intervjuar må eg oppfordre intervjuobjektet til å kome med

personlege meiningar og kjensleutbrot, men samstundes unngå å hamne over i ein terapeutisk samtalesituasjon som minner om sjelesorg (Kvale 2002, 72-73).

For å etablere ein trygg atmosfære rundt dei elevane som tok del, vart intervjuet gjennomført i skoletida, på dei same skolane der dei var elevar. Dermed vart ikkje intervjuet noko ekstra belastning for deltakarane ved at dei måtte bruke av fritida si til å svare på spørsmål, eller til å leite seg fram til eit kanskje ukjent lokale. Eg ønskte òg at dei som deltakarar i intervjusituasjonen skulle føle seg på heimebane, at det var eg som kom til dei for å hente informasjon, og ikkje at dei måtte kome til meg å gjere meg ei teneste. For å auke motivasjonen og sikre meg deltakarar, vart òg kvar einskild lova eit gåvekort på ein CD i ein av dei lokale cd-butikkane som kompensasjon/løn for innsatsen.

Ei innvending mot å halde intervjuet på skolane kan vere at elevane då i større grad enn ein annan stad vil føle samtalen som ein del av skolearbeidet, og dermed meir eller mindre medvite prøve å tilpasse svara ein skolesituasjon med vurdering og karakterar i etterkant. Eg meiner likevel det var forsvarleg å halde intervjuet i skolelokala fordi temaet vi snakka om ikkje umiddelbart handla om skolen, men om kva tekstar som blei lesne på fritida.

4.3.2 Utval og gjennomføring

Utvalet av elevar til intervjuet er ei blanding av *kvote-* og *skjønsutval* (De Vaus 2002, 70). Eg spurte lærarane ved to av dei største skolane i undersøkinga i kvar av dei to regionane om å plukke ut seks elevar til intervju. På den måten fekk eg informasjon frå elevar med både bokmål og nynorsk som opplæringsmål. Føresetnadene var at det skulle vere like mange gutar som jenter. I tillegg var det eit uttrykt ønske frå meg at elevane skulle representere eit mogleg tverrsnitt av klassa. Fordelen med at lærarane stod for utplukkinga av elevar er openberr. Dei kjenner klassa og har best grunnlag for å kunne trekke ut elevar som dei veit tilfredsstillar ønska mine. Det er likevel fleire moment som er problematisk ved ei slik

utveljing av elevar. Læraren kan velje spesielt samarbeidsviljuge elevar, noko som kan påverke svara. I tillegg kan det at det er læraren som vel ut elevane vere med å leggje eit utidig press på elevane. Dei kan vere redde for at læraren får vite kva som vart sagt i intervjuet, og kan dermed i eigne auge ha grunn til å halde tilbake «problematiske» svar i frykt for at dei skal påverke karakteren. Eg vonar likevel at eg har unngått brorparten av slike problem sidan spørsmåla i svært liten grad omhandla forholdet til skole, fag og lærar.

Intervjua var gjennomførte mot slutten av skoleåret, i mai/juni, i ein periode etter munnleg eksamen, men før skoleslutt, der det på begge skolane var mykje fritid i skolekvardagen. Kvart intervju tok cirka 15 minutt. Eg tok opp intervjua på ein digital lydopptakar og supplerte somme av spørsmåla med at elevane skreiv små handskrivne tekstar for å underbygge og eksemplifisere enkelte av svara.

4.3.3 Utvikling av intervjuguide

Ein intervjuguide inneheld ein oversikt over dei emna som skal takast opp i intervjuet, samt kva rekkjefølgje dei skal ha. Guiden kan gi ei grovskisse av kva emne som skal dekkjast, eller han kan vere eit detaljert oppsett for nøyaktige spørsmålsformuleringar (Kvale 2002, 76). Frå mi side var hovudmålet for intervjuet å skaffe utsegner som kunne underbygge kva haldningar intervjuobjekta hadde til bruken av bokmål, nynorsk eller skriftfesta dialekt i skriftleg kommunikasjon med andre. For å kome dit hadde eg ein del innleiande spørsmål som omhandla einskilde svar frå spørjeundersøkinga. Desse problemstillingane var mest plukka på slump frå svarbunken, ikkje fordi dei var spesielt interessante, men fordi eg meinte eg kunne få intervjuobjekta på glid ved å la dei få kjensla av å kunne synse rundt ulike ufarlege problemstillingar.

Desse innleiande spørsmåla omhandla til dømes styrkeforholdet mellom ulike trykte og skjermbaserte tekstar, små skilnader mellom by og bygd i bruk av trykte medium, samt kva

rolle sosiale medium hadde i den tekstlege kvardagen til intervjuobjektet. Mot slutten av intervjuet var målet at vi skulle ha ein så avslappa tone at vi kunne ta til å snakke om kva språk intervjuobjektet sjølv brukte, eller kva skriftspråk han eller ho meinte var passande å bruke i ulike samanhengar. Det kunne vere om vedkomande skulle skrive ei melding om noko til høvesvis, besteforeldre, ein lærar eller ein kamerat. Eg fekk kvar elev til å skrive kort ned korleis han eller ho ville formulert seg i desse samhengane.

I følge Steinar Kvale kan kvaliteten på eit intervju definerast ut frå seks kvalitetskriterium, der grada av tydelege svar og korleis ein oppfattar ord og utsegner er vesentleg. Det er òg viktig at det i størst mogleg grad er intervjuobjektet, og ikkje intervjuaren, som definerer svara og som tydeleg kjem fram med sine meiningar. Det er alltid ein fare for at intervjuobjektet prøver å kome med utsegner som han eller ho trur intervjuaren er ute etter. Dette forsøkte eg å unngå ved å ”gå rundt grauten” og ikkje direkte spørje om t.d. nynorsk eller bokmål passa til den og den kommunikasjonsforma, men heller spørje om kva deltakarane meinte bruken av dei ulike skriftformene sa om brukaren (Kvale 2002, 90).

4.4 Validitet og reliabilitet

Målet med ei undersøking er å måle det rette på ein best mogleg måte. Validiteten av det innsamla materialet seier noko om i kva grad vi måler det vi er ute etter å måle. Reliabiliteten til det same materialet seier noko om kor godt eller nøyaktig vi har gjennomført målinga. Har svaret høg reliabilitet tyder det at resultatet ville vore det same dersom andre spørsmålsstillarar hadde brukt dei same deltakarane, men hadde formulert og stilt spørsmåla annleis og nytta ei anna form for koding (De Vaus 2002, 96). Førekomsten av målefeil blir i tillegg påverka av den kvalitetsmessige kontrollen av materialet, kor nøyaktig dataregistreringa har vore, og i kva grad ein søkjer etter feil og rettar desse (Hellevik 1991).

I forsøket på å nå både høg validitet og høg reliabilitet, er spørsmåla i spørjeundersøkinga stilte på enklast mogleg måte. Det vil seie at ord og setningar er formulerte så enkelt som mogleg for at ungdommar med varierende kompetanse i norsk skal kunne forstå de ulike spørsmåla. Spørsmåla er eindimensjonale, og eg har forsøkt å unngå komplekse og grammatikalsk vanskelege setningar. I tillegg har strukturen rundt kvart einskildspørsmål vore mest mogleg lik slik at merksemda til deltakarane i størst mogleg grad vart retta på svaret, og ikkje på tolking av einskildspørsmåla eller svaralternativa.

Eit av måla var å gjere språket i undersøkinga så nøytralt som mogleg, samstundes som språket vart halde så enkelt som mogleg. Overdriven forenkling kan derimot gjere spørsmåla uklare og generelle og kan slik føre til mistydingar og på den måten svekke validiteten ved at ungdomane legg eit anna innhald i omgrepa enn det eg som forfattar av spørsmåla hadde gjort. Dermed kan ein stå att med å måle noko anna enn det som var intensjonen. Sjølv om eg ikkje kan utelukke mistydingar, meiner eg at eg gjennom kvalitetssikringsprosessen har luka bort dei mest vesentlege mistydingane.

To mogleg svake punkt i validiteten er at deltakarane har svart på kva dei *meiner* dei les ei vanleg veke, og ikkje med utgangspunkt i sirlege loggoppføringar. Dette gjeld både tida dei meiner å ha brukt, og kva språk dei meiner tekstane har vore skrivne på. Eg er derfor avhengig av å presentere svara delvis som resultat av kva elevane meiner dei ser av skrift, og eg er derfor delvis gissel for dei haldningane deltakarane har til skriftspråka dei skal uttale seg om.

Eit anna mogleg veikt punkt har utgangspunkt i kategoriseringa. Sidan deltakarane sjølve definerte forholdet mellom dei ulike språka med utgangspunkt i samlevariablar gitt på førehand, blei summen av svara hos einskiddeltakarar tidvis over 100%. Sjølv prosentene i svara er derfor unøyaktig. Eg vel derfor å sjå på dei som innbyrdes forholdstal meir enn reelle

prosentar. På den andre sida vil bruk av samlevariablar i spørjeskjemaet gi høgare validitet sidan mange indikatorar lettare fangar inn alle aspekt ved eit fenomen (Hellevik 1991).

Datahandsaminga er sårbar dersom eg har gjort feil i importeringa eller omkodninga av svara. Eg har derfor kontrollert og lagra i fleire omganger for å luke ut dei største feila. Det går sjølvsagt an å trekkje ut feilslutningar i analysane gjennom feilaktig bruk av statistiske mål og metodar. Det er òg grunn til å spørje seg om det er andre ytre moment som har påverka svara. Har til dømes elevane som har teke del i undersøkinga hatt forventningar til kva spørjeskjemaet spør etter og svart «rett» for å tilfredsstille meg som spørsmålstillar? Sidan både spørjeskjema og intervju vart gjennomførte på skolen i skoletida, kan elevane ha hatt forventningar til at lærarar skal lese svaret, og dermed kome med gunstige svar i høve elev-lærer-forholdet. Slike ytre moment er det ikkje lett å gardere seg mot. Det er derfor viktig å ta omsyn til dei i den vidare analysen av det innsamla materialet.

4.4.1 Svar som er fjerna frå sluttmaterialet

Før analysen av spørjeskjemaet tok til, fjerna eg til saman tretten svar frå materialet:

Dei som svarte ”samisk” språk som skrivespråk i undersøkinga. Dette av to grunnar: (1) Brorparten av dei som svarte ”samisk”, svarte òg alle andre språk som var lista opp under skriftlege ytringar. I tillegg hadde brorparten av desse òg svart svært avvikande på mange andre spørsmål, det verka dermed svært truleg at mange av desse svara var ”tullesvar” og dermed som støy å rekne i svargrunnlaget. (2) Den eine, eller dei få som oppgav ”samisk” og som verkeleg meinte det, ville i ei slik undersøking vere altfor lette å identifisere. Derfor er dei utelatne frå svara.

Svar som har kome inn på andre datoar enn dei aktuelle klassesdagane vart òg sletta frå sluttmaterialet. Dei var ein kombinasjon av svarforsøk av meg, gjennomgang av

spørjeskjemaet av lærarar frå skulane som skulle vere med i undersøkinga, og eventuelt andre som har fått tilgang til nettadressa undersøkinga låg ute på.

I tillegg vart skjema som var mangelfullt utfylte på grunn av datakrasj eller trøbbel med internettsambandet, eller heile svarskjema der svaralternativa hadde systematiske avvik, der til dømes berre første alternativ var valt – uavhengig av spørsmål. Mykje tyder likevel på at dei fleste deltakarane svarte samvitsfullt på spørsmåla.

4.5 Tankar om etikk

4.5.1.1 Løyve til datainnhenting

Før datainnsamlinga tok til vart prosjektskildringa sendt over til Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste (NSD). Det vart då gjort avtaler om avgrensingar i spørsmåltypene for å unngå innhenting av personopplysningar som kunne vere med på å identifisere deltakarane. Spesielt gjaldt dette identifisering av språk og heimesituasjonen for deltakarane. Til dømes vart svaralternativa om utdanningsnivå i heimen avgrensa til utdanning ut over vidaregåande skole eller ikkje. I tillegg vart det berre spurt om morsmålet til kvar enkelt var norsk, andre nordiske språk engelsk, eller andre språk. Sjølv om det i dag blir gitt morsmålsundervisning på 173 ulike språk i Noreg (Grepstad 2010, 64), ville identifiseringa av desse kunne vere med på å seie noko om deltakarane som vi eigentleg ikkje ønskte å vite.

Ved første innhenting av svar, var tanken at alle offisielle norske skriftspråk skulle takast med. Derfor var òg samisk eitt av svaralternativa. Etter rettleiing frå NSD vart desse svaralternativa utelatne til neste spørsmålsrunde. Eg gjorde ein avtale med NSD om at alt materialet skulle vere fullstendig anonymisert innan ein månad etter at siste svar var registrert. Dette gjer ein ved å fjerne alle data som kan vere med å identifisere deltakarane.

Spørjeskjemaet ga i utgangspunktet svært lite høve til identifisering av deltakarane. Det vart

ikkje lagra nokon identitet gjennom e-postadresser eller fødselsdato. Elevane som tok del i intervjuar har fått endra namna sine og er dermed anonymiserte i høve til dei verkelege namna.

4.5.1.2 Alder på elevane

I korrespondansen med NSD vart det stilt spørsmål ved aldersgruppa til elevane i spørjeundersøkinga. Når deltakarar i ei spørjeundersøking er under 18 år, må det i utgangspunktet hentast inn løyve frå foreldra. Dette vart ikkje gjort. I den første kontakten med NSD og i gjennomgangen av spørsmåla til undersøkinga, vart det på telefon hevda at skriftleg løyve ikkje var nødvendig når spørsmåla var så generelle som dei i utgangspunktet er i denne undersøkinga. Eg vart likevel beden om å sende inn registreringsskjema for å stadfeste at ei undersøking var i gang. Etter at dei første gruppene av elevar hadde gjennomført undersøkinga, kom det kontrabeskjed frå NSD. Einskildspørsmål i undersøkinga kunne vere med å identifisere einskildelevar. Dette var i hovudsak spørsmål om morsmål (samisk), og utdanningsnivået til foreldra på små stader. Pga. dette vart delar av spørjeskjemaet endra før dei siste skolane mottok spørjeskjemaet. Sjå elles korrespondansen med NSD i vedlegget.

5 Tidsbruk og lesespråk

I dette kapittelet vil eg konsentrere meg om resultatane frå spørjeundersøkinga slik dei framstod ved kvar einskild skole, og etterpå samanlikne desse for å prøve å teikne nokre mønster eg trur kan vere ålmenne. Eg har valt å handsame kapittelet i tre bolkar. Del 1 og del 2 frå spørjeskjemaet²⁰; «Kva tekstar les du vanlegvis i løpet av ei veke?» og «Du svarte at du les [tekstsjanger]. Kor mykje tid bruker du vanlegvis i løpet av ein vanleg vekedag?», er slått saman til ei framstilling, medan del 3; «På kva språk er vanlegvis [tekstsjangeren] du les», og del 4; «Kva språk SKRIV du når du skriv [tekstsjanger]?», blir presenterte kvar for seg.

Eitt av måla med oppgåva er å finne ut kva språklege føredøme som påverkar skriftspråket til elevane. Før eg tek til å presentere eige materiale, passar det derfor å sjå på korleis andre forklarar slike skriftlege føredøme, eller normagentar.

5.1 Normagentar – teoretiske og reelle

Helge Sandøy definerer i boka "Språkmøte"

normagentar som dei som gir oss data i


normdanningsprosessen i det norske

skriftkollektivet (Sandøy 2003, 176). I følgje

Sandøy står aviser og nyheitsbyrå for to

tredjedelar av all tekstproduksjon i Noreg, og

han bruker dette som argument for å teikne ein



Figur 3: Normagentar, "Språkmøte", s. 176

²⁰ Sjå spørjeskjemaet i vedlegget.

modell der aviser, departement og forlag, i samspel med Språkrådet, er dei tydelegaste normagentane i samfunnet. Dette ser vi att i figur 3 der punkta som representerer dei store tekstprodusentane, aviser, departement og forlag, har fleire piler som går ut frå seg enn dei får tilbake, Medan tekstkonsumentane, her representert ved elevar, lærarar og folket, berre har piler retta mot seg.

5.1.1 Avisene – fallande stjerner

Det er likevel ikkje nokon umiddelbar samanheng mellom talet på trykte tekstar og kva tekstar elevane les. Som gjennomgangen av tala frå undersøkinga denne oppgåva er bygd på vil vise, les elevane i svært liten grad aviser og andre nyheitstekstar. Ved ein av skolane svarer jamvel fleirtalet av elevane at dei ikkje les aviser i det heile (Tabell 8, side 51). Dette høver godt med tal henta frå dei årlege undersøkingane til Statistisk sentralbyrå (SSB) av mediebruken til nordmenn. Dei viser tydelege skilnader i mediebruken mellom dei ulike aldersgruppene. Det er til dømes dobbelt så mange i gruppa 45-66 år enn blant dei mellom 9 og 15 år som les aviser (Statistisk sentralbyrå 2010, Tabell 3). Talet på avislesarar går i tillegg jamt nedover, og er redusert med kring 15% på femten år (ibid, Tabell 2), noko som igjen tyder på sviktande oppslutnad blant yngre lesarar.

I same undersøkinga står fjernsyn, radio og Internett fram som dei store medievinningarane, med ein samla del av mediebruken på 75% (ibid, Figur 3). Med unntak av tekst-TV og teksta program på TV er radio og fjernsyn i stor grad munnlege medium. Set ein dagleg lesing på Internett opp mot lesing av papiravistekstar blant ungdom frå ni til femten år, er forholdet 74 minutt Internett, mot 7 minutt papiravis (ibid, 15 og 59), noko som tyder på at avisene ikkje er like dominerande som språklege normerarar blant unge som modellen til Sandøy skulle tyde på.

Det er med andre ord grunn til å stille spørsmål ved om ikkje Internett er vel så normdannande på unge skribantar som noko avis, om ein då kan omtale noko som kanskje minner om *språkleg anarki* som ei norm. I følgje sosiologen Berit Skog ved NTNU, skriv om lag 60% av dagens *Facebook*-brukarar dialekt²¹. Dette stemmer godt overeins med mine tal, der dialektbruk står fram som er det *normale* i sosiale medium som *Facebook* og *Nettby*. Desse arenaene får dermed lett like mange variantar av rettskrivingar som det er skribentar.

Ungdommane er likevel ikkje utan språkleg og sjangermessig medvit. Som nokre av funna frå intervju mine viser (sjå side 90), tyder mykje på at elevane har stor sjangerkompetanse. Elevane i intervju er svært klare på korleis ein uttrykkjer seg i høve til lærarar, besteforeldre og medelevar, og gjer språklege justeringar når dei skiftar språkleg arena. Rune Krumsvik definerer dette munnlege skriftspråket som eit fenomen som omhandlar mykje meir enn rettskriving.

«... det er ein ny måte å kommunisere på som i stor utstrekning blir skapt i samhandling i jamnaldringsgrupper.»

(Krumsvik 2007, 271)

Det er derfor god grunn til å spørje om ikkje Figur 3 må reviderast. Elevar er ikkje berre passive motakarar av språkleg påverknad frå forlag og lærarar. Mykje tyder på at dei språkmøta dei har på Internett er vel så viktige i utviklinga av eit språkleg sjangermedvit, og dermed språknormer, som noko lærebok.

²¹ Berit Skog gjennomførte ei uhøgtideleg spørjeundersøking blant deltakarar på Forskningsdagane ved NTNU i Trondheim. Det er svar frå denne undersøkinga ho viser til i artikkelen i *Språknytt* (Skog 2009). Sjølv om ikkje undersøkinga hennar gir utgir seg for å vere statistisk representativ for ungdom, gir ho ein peikepinn på at bruk av dialekt i sosiale medium er vanleg. Skog driv òg prosjektet *Facebook som sosial kapital* (oppstart 2007) ved NTNU.

5.2 Del 1 og 2: Kva tekstar blir lesne, og kor lang tid?

Eg vil i denne delen av prøve å gjere greie for kva tekstar som elevane i undersøkinga meiner å bruke tid på. Det er klare ulikskapar dei seks skolane i mellom i svara på kva tekstar elevane seier dei les dagleg. Likevel er det nokre trekk som går att.

5.2.1 Dei mest lesne tekstsjangrane: Skjermtekstar og lekser

Som det går fram av Tabell 6, skil svara som gjeld internettlesing seg ut frå brorparten av dei andre tekstsjangrane med ein særst høg svarprosent. Vanylven toppar ved at 100% av elevane seier dei les på Internett dagleg, medan kring 90 % av elevane frå dei andre skolane svarer det same.

Tabell 6: Kva blir lese og kor mykje – Internett, e-post/chat, lekser og tekst på TV

	Les ikkje	→ 15min	→ 30min	→ 1time	→ 2timar	→ 4 timar	> 4timar	Sum svar
Internett								
Selsbakk	14 %	0 %	21 %	14 %	16 %	13 %	22 %	(37)
Markapl.	18 %	9 %	15 %	10 %	12 %	21 %	15 %	(33)
Rosenb.	10 %	11 %	10 %	20 %	28 %	11 %	10 %	(86)
Vanylven	0 %	0 %	23 %	23 %	27 %	27 %	0 %	(26)
Stranda	9 %	8 %	6 %	28 %	23 %	20 %	6 %	(47)
Volda	8 %	5 %	7 %	16 %	19 %	23 %	22 %	(91)
E-post/Chat								
Selsbakk	22 %	16 %	13 %	8 %	9 %	32 %		(37)
Markapl.	30 %	9 %	6 %	13 %	21 %	21 %		(33)
Rosenb.	28 %	17 %	10 %	16 %	14 %	15 %		(86)
Vanylven	15 %	23 %	0 %	12 %	35 %	15 %		(26)
Stranda	26 %	17 %	8 %	6 %	28 %	15 %		(47)
Volda	16 %	17 %	10 %	10 %	17 %	30 %		(91)
Lekser								
Selsbakk	16 %	8 %	22 %	22 %	24 %	8 %		(37)
Markapl.	33 %	3 %	19 %	15 %	21 %	9 %		(33)
Rosenb.	27 %	13 %	17 %	23 %	18 %	2 %		(86)
Vanylven	8 %	0 %	4 %	30 %	43 %	15 %		(26)
Stranda	17 %	6 %	15 %	34 %	17 %	11 %		(47)
Volda	10 %	3 %	9 %	24 %	35 %	19 %		(91)
Tekst på TV								
Selsbakk	11 %	8 %	0 %	32 %	27 %	22 %		(37)
Markapl.	30 %	22 %	6 %	21 %	15 %	6 %		(33)
Rosenb.	40 %	13 %	14 %	18 %	8 %	7 %		(86)
Vanylven	12 %	15 %	8 %	23 %	27 %	15 %		(26)
Stranda	32 %	11 %	8 %	21 %	15 %	13 %		(47)
Volda	11 %	13 %	6 %	27 %	27 %	16 %		(91)

Fargekoding: 0% 1% - 9% 10% - 19% 20% - 29% 30% - 39% 40% - 49% 50% →

Jamt over svarer mellom 70 og 85% av elevane at dei les tekst på e-post/chat. Elevane frå Selsbakk skil seg ut når det gjeld lesing av teksting og eller tekst-TV. Å lese tekst på TV²² er òg noko elevane ved Selsbakk, Volda og Vanylven svarer at dei gjer ofte. Nesten 90% av elevane svarer at dei gjer dette dagleg. Hos elevane på Markaplassen og i Stranda er tala noko lågare. Kring 70% svarer dei les tekst på denne måten. Mykje av den teksten ungdom i dag les er altså skriven på skjerm. Svara til denne spørjeundersøkinga er òg henta inn frå svar på Internett og har som ein føresetnad at deltakarane les undersøkinga på dataskjermen.

Eit anna særtrekk skolane i mellom er skilnaden i omfanget av lekselesing. Brorparten av elevane svarer at dei les lekser kvar dag. Elevane frå Volda og Vanylven hevdar dei er dei ivrigaste lekselesarane med kring 90% oppslutnad, medan Stranda og Selsbakk har svarprosent på 83-84%. Lekser er gjerne obligatoriske, så noko anna svar var heller ikkje å vente. Markaplassen og Rosenborg skil seg likevel ut, med at berre to tredjedelar av elevane svarer at dei les lekser. Årsaka til dette kan ein kanskje finne i måten desse skolane organiserer skoledagen sin på. Begge har alternativ skoledag, med arbeidstid og leksehjelp i skoletida. At tida til lekser derfor er noko lågare enn hos dei andre skolane, er ikkje overraskande.²³

5.2.2 Godt brukte tekstsjantrar for dei få: Dataspel, aviser og blad

Nokre av tekstsjantrane skil seg ut ved at dei splittar elevgruppa i to nesten jamstore grupper; dei som les og dei som ikkje les. For både *dataspel*, *blad* og *aviser* er det store grupper som svarer at dei ikkje les denne typen tekstar dagleg. Dei som derimot svarer at dei les desse tekstane, bruker derimot ein heil del tid på lesinga. Tydelegast kjem dette fram i kategorien dataspel.

²² *Tekst på TV* omfattar både teksting av filmar og/eller teksting for døve og tunghøyrd, og teksttenester som Tekst-TV.

²³ Skoledagen til Markaplassen skole: <http://www.skole.trondheim.kommune.no/markapl/Skolen/skoledag.htm>
Skoledagen til Rosenborg skole: http://www.rosenborgskole.net/index.php/skolen/skoledagens_inndeling

Tabell 7: Kva blir lese og kor mykje – *Dataspel, blad og aviser*

	Les ikkje	→ 15min	→ 30min	→ 1time	→ 2timar	> 2timar	Sum svar
Dataspel							
Selsbakk	68 %	5 %	0 %	3 %	2 %	22 %	(37)
Markapl.	70 %	3 %	3 %	6 %	9 %	9 %	(33)
Rosenb.	49 %	2 %	2 %	13 %	10 %	24 %	(86)
Vanylven	50 %	4 %	8 %	15 %	15 %	8 %	(26)
Stranda	40 %	9 %	11 %	10 %	17 %	13 %	(47)
Volda	47 %	9 %	3 %	7 %	14 %	20 %	(91)
Blad							
Selsbakk	32 %	19 %	38 %	3 %	5 %	3 %	(37)
Markapl.	45 %	31 %	15 %	9 %	0 %	0 %	(33)
Rosenb.	48 %	19 %	14 %	16 %	2 %	1 %	(86)
Vanylven	50 %	12 %	19 %	15 %	4 %	0 %	(26)
Stranda	49 %	23 %	17 %	7 %	4 %	0 %	(47)
Volda	27 %	24 %	28 %	17 %	2 %	2 %	(91)
Aviser							
Selsbakk	46 %	32 %	19 %	0 %	0 %	3 %	(37)
Markapl.	67 %	33 %	0 %	0 %	0 %	0 %	(33)
Rosenb.	40 %	41 %	16 %	2 %	0 %	1 %	(86)
Vanylven	35 %	46 %	15 %	4 %	0 %	0 %	(26)
Stranda	34 %	60 %	6 %	0 %	0 %	0 %	(47)
Volda	27 %	54 %	12 %	6 %	0 %	1 %	(91)

Fargekoding:	0%	1% - 9%	10% - 19%	20% - 29%	30% - 39%	40% - 49%	50% →
---------------------	----	---------	-----------	-----------	-----------	-----------	-------

5.2.2.1 *Dataspel – anten/ eller*

Om lag halvparten av elevane ved alle skolane svarer at dei ikkje bruker dataspel i det heile. Ved Selsbakk og Markaplassen er prosenten høgare. Der svarer kring 70% at dei ikkje les tekstar på dataspel. Det er likevel ei ganske stor gruppe, omkring 20-30%, som svarer at dei spelar data meir enn ein time om dagen, noko som gjer at den relative språkpåverknaden for denne elevgruppa er stor i høve dataspelspråket.

5.2.2.2 *Blad*

Mellom 30 og 50% av elevmassen i undersøkinga svarer at dei aldri les blad. Tekstkategorien blad er likevel interessant, sidan det er det trykte mediumet – utanom leksene – som har den største lesarprosenten. Det er få skilnader i svara til elevane ved dei ulike skolane. Det er ein noko større del av elevane ved Selsbakk og Volda som svarer at dei les blad, men dette jamnar seg ut, og så å seie ingen svarer at dei les blad meir enn ein time dagleg.

5.2.2.3 Aviser

Som diskutert over, viser framstillinga tydeleg at avisene representerer ein svært liten del av den teksten elevane i undersøkinga les i løpet av ein vanleg dag. Kring halvparten av dei spurde elevane svarer at dei ikkje les aviser i løpet av ei vanleg veke, og så godt som alle svarer at dei les mindre enn eit kvarter avis dagleg. Medan heile tre fjerdedelar av voldaelevane svarer dei les aviser, svarer berre ein tredjedel av elevane frå Markaplassen det same (sjå Tabell 7). Ein dryg halvpart av elevane frå Selsbakk les aviser, medan det tilsvarende talet frå Stranda og Vanylven er to tredjedelar. Ut frå svara ser det dermed ut til å vere meir vanleg for elevar å lese aviser i Volda og på Sunnmøre enn for elevane ved skolane i Trondheim.

Bygdeaviser, som nok dominerer bygdene på Sunnmøre, har rimeleg nok noko anna artikkelstoff enn regionale aviser. Mange vil nok påstå at bygdeaviser i stor grad fungerer som dokumentasjonsblad for innbyggjarane i ein kommune – som eit lokalt fellesminne – medan regionaviser nødvendigvis har noko meir ålment stoff. Det er sjeldan riksnyheiter og stoff frå utlandet i ei bygdeavis, men oftare reportasjar som dokumenterer lokale aktivitetar. Mange bygdeaviser kjem òg ut færre dagar i veka enn dei større regionsavisene.

Ei slik forklaring harmoniserer med måten fleire av elevane i intervjuet opplever lokalavisene på. Eg skal i hovudsak spare svara frå elevintervjuet til neste kapittel der haldningar til skrivespråket blir diskutert. Men som ei innleiing til spørsmåla om haldningar, spurte eg alle om kvifor elevar frå bygdene såg ut til å lese meir papiraviser enn elevane frå byane.

”Torunn”, femten år frå Volda, kommenterer det på følgjande måte:

«... ja det stemmer sikkert, fordi lokalavisa er ei mykje mindre avis. Du kan lese om kva du sjølv og andre har gjort ... Det er mykje nærare på ein måte, du kjenner folka som er i avisa, og ikkje berre folk som du ikkje veit kven er, eller som du ikkje bryr deg om.»

”Torunn” er ikkje åleine. Denne forklaringa er det fleire av elevane som kjem med. Dette er ikkje empirisk grunnive, men det er ein rimeleg forklaringsmodell som elevane i intervjua kjenner seg att i: Det er grunn til å tru at elevane opplever ei sterkare tilknytning til dei små lokalavisene på bygda, enn til større regionale aviser. Regionaviser som Sunnmørsposten i Ålesund og Adresseavisen i Trondheim har eit større nedslagsområde og supplerer ofte med nettaviser eller nettstader som fungerer som møteplassar for avislesarar i regionen.

Reportasjar i til dømes *Adresseavisen* må derfor ha ein større relevans for større delar av regionen for å kome på trykk. Det dagsaktuelle kjem òg ofte direkte ut på nettstaden. Det er derfor rimeleg å tru at elevar frå Trondheim finn det vel så naturleg å lese Adresseavisen som nettavis, som å lese henne i papirutgåva.

Dette finn gjenklang i eit sitat henta frå Jon Smidt: «*Skal litteraturen være interessant for elevene, må den ha subjektiv relevans*»²⁴ (Smidt 1989). Eg tolkar sitatet som at dersom ein tekst skal vere interessant for elevane som lesarar, så må elevane kjenne at teksten vedgår dei på ein eller annan måte. Lesarane må kunne kjenne seg att i teksten, anten ved å identifisere seg med ein av personane som tek del, eller ved at teksten tek opp eit emne som interesserer og engasjerer dei. Det er derfor ikkje overraskande at lokalaviser med lokalt stoff om lokale personar, vil bli oppfatta som meir interessant lesestoff for femtenåringen, enn meir regionalt/nasjonalt orienterte aviser.

²⁴ I følge Smidt kan ein dele *subjektiv relevans* inn i fire former. *Sosial relevans* der kjensla av å høyre saman er det sentrale, *tematisk relevans* som er aktuelt dersom ein blir personleg engasjert i eit tema ein jobbar med, *allmenndanningsrelevans* kjem inn når ein har eit medvite forhold til ei norm for allmenndanning, og *kvalitetsrelevans* byggjer på oppfattinga ein har av kva kvalifiseringskrav skolen og seinare yrkesliv, stiller. Gjerne med eit ønske om målbare (Smidt 1989, 132)

5.2.3 Dei minst lesne tekstsjangrane: Bøker og teikneseriar

Tabell 8: Kva blir lese og kor mykje – *Bøker og teikneseriar*

Bøker	Les ikkje	→ 15min	→ 30min	→ 1time	→ 2timar	> 2timar	Sum svar
Selsbakk	68 %	5 %	8 %	5 %	6 %	8 %	(37)
Markapl.	67 %	3 %	9 %	6 %	9 %	6 %	(33)
Rosenb.	49 %	11 %	10 %	8 %	13 %	9 %	(86)
Vanylven	73 %	4 %	4 %	7 %	8 %	4 %	(26)
Stranda	64 %	4 %	11 %	4 %	11 %	6 %	(47)
Volda	49 %	9 %	9 %	18 %	8 %	7 %	(91)
Teikneseriar	Les ikkje	→ 15min	→ 30min	→ 1time	→ 2timar	> 2timar	Sum svar
Selsbakk	62 %	30 %	5 %	3 %	0 %	0 %	(37)
Markapl.	67 %	15 %	9 %	3 %	6 %	0 %	(33)
Rosenb.	51 %	26 %	20 %	1 %	1 %	1 %	(86)
Vanylven	54 %	15 %	12 %	4 %	7 %	8 %	(26)
Stranda	70 %	21 %	3 %	4 %	2 %	0 %	(47)
Volda	41 %	34 %	17 %	6 %	2 %	0 %	(91)

Fargekoding: 0% 1% - 9% 10% - 19% 20% - 29% 30% - 39% 40% - 49% 50% →

5.2.3.1 Lesande voldingar?

Bøker og teikneseriar er gjennomgåande det minst vanlege lesestoffet. Berre kring ein tredjedel av elevmassen svarer at dei les desse tekstsjangrane, med unntak av Rosenborg skole i Trondheim og elevane frå høgskolebygda Volda. Begge stadene fortel halvparten at dei les bøker. Volda ungdomsskule har dei siste åra hatt leseprosjekt med auka vekt på lesing av bøker – særleg nynorske bøker, noko som kan vere ei delforklaring på den relativt høge bokprosenten. Tilsvarande har Rosenborg skole ei velfungerande bibliotekordning. Begge delar kan vere med på å inspirere elevane ved skolen til å lese fleire bøker.

Volda ligg generelt høgt i forhold til dei andre svarskolane på dei fleste tekstkategoriane og skil seg slik ut frå dei andre skolane i undersøkinga. For Volda sin del er det lett å trekkje konklusjonen at det kan ha noko med høgskolen å gjere. Høgskolen er ein av hjørnesteinsverksemdene i bygda og er med på å løfte utdanningsnivået i kommunen noko høgre enn for foreldra ved resten av deltakarskolane. Dette kan igjen vere med på å auke statusen på lesing i heimane. Fleire undersøkingar styrkjer samanhengen mellom talet på bøker i heimen og innstillinga til lesing hos ungdom (Meiding 2010).

Dei relativt høge svarprosentane kan derimot òg ha noko med kva forventningar elevane har til kva svar spørsmålstillarane ønskjer å få. Det er frå eit av institutta ved Høgskulen i Volda undersøkinga kjem, og det kan vere med på å presse oppover svar som kan oppfattast positive. Eg vil derfor ikkje leggje for stor vekt på denne skilnaden.

Det er vanskeleg å peike på tilsvarande grunnar til at vel halvparten av elevane frå Rosenberg skole seier dei les bøker. Ei mogleg, men kanskje banal forklaring, kan vere at sjølve gjennomføringa av spørjeundersøkinga på Rosenberg skole var lagt til eit sett med datamaskiner på skolebiblioteket. Det er mogleg at elevane lettare kryssar av på bøker når veggande rundt dei er fullpakka av bøker enn dersom dei sat i eit meir nøytralt datarom.

Eit anna mogleg poeng er at det er i dei største elevgruppene boklesarane dukkar opp.

Rosenborg skole og Volda ungdomsskule har begge like mange elevar med i undersøkinga som resten av skolane frå regionen sin til saman. Tendensen ser dermed ut til å vere at dess fleire elevar, dess større prosent boklesarar. Det *kan* derfor argumenterast for at eit større utval elevar ytterlegare kunne ha forsterka denne tendensen. Dette finn derimot ikkje støtte i tal henta frå Norsk mediebarometer, der berre om lag 30% av alle femtenåringar svarer at dei les bøker dagleg (Statistisk sentralbyrå 2010, 31). Det ser derfor heller ut til at Rosenberg og Volda er unntak i dette spørsmålet, og dette kan berre stadfestast med nye undersøkingar. Eg let derfor dette liggje.

5.2.4 Andre typar tekst

I kategorien andre typar tekst fekk deltakarane i spørjeundersøkinga høve til å supplere nipunktlista med teksttypar dei sjølve ikkje fann att i dei førehandsdefinerte tekstkategoriane. Mange nytta høvet til å supplere, men i hovudsak omfatta desse svara kategoriar som allereie er dekt av svaralternativa. To gjengangarar er ”pornoblad” og ”video”. Pornoblad er ein type

blad, medan ein video kan passe inn i lesing av tekst på TV, sidan mange utanlandske filmar har norsk teksting.

Når desse kategoriane likevel blir definerte som eigne kategoriar av einskilde elevar, utfyller det biletet av kva ungdommar på rundt femten år interesserer seg for. Det kan sjølvsagt vere eit forsøk på å tøffe seg, men i følgje ei større undersøking i regi av *Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning*²⁵ har likevel 99% av alle gutar og 86% av alle jenter i Norden sett pornografi ein eller fleire gonger²⁶. I CBC-dokumentaren *Porndemic*²⁷ av Robin Bengner (2009) blir tilgangen på, og bruken av nettpornografi blant unge skildra som ein epidemi der foreldregenerasjonen har liten kontroll. Det er liten grunn til å tru at innslaget av nynorsk tekst er særleg stor i pornografien, så eg vil derfor la denne ballen liggje. Det er likevel ein tankekross at ein openbart mykje brukt, men tabulagt mediekanal kan ha stor påverknad på språket til einskildpersonar i undersøkningsgruppa. Det kan til dømes tenkjast at innslag av engelske, kjønnsrelaterte kraftuttrykk har delar av opphavet sitt i desse kanalane.

Ein tredje kategori er ”reklame”. I forarbeidet til undersøkinga, var reklamen definert bort som ein kategori utan kvantitativ betydning, og derfor utelate frå spørjeskjemaet. I heftet *Nynorsk i bruk* argumenterer derimot Kristin Kibsgaard Sjøhelle for at nynorsk reklamespråk nettopp har ein funksjon, både som eigen modalitet og som positiv markør. Bruker ein nynorsk som reklamespråk, kan ein vise at ein ønskjer å nå ut til eit større publikum (Sjøhelle 2009). Å sjå reklamar på nynorsk kan derfor ha ein stor psykologisk effekt for lesarane sjølv om det tidsmessig ikkje er ein særleg omfangsrik tekstsjanger. Eg har derimot ikkje teke omsyn til dette i innhentinga av materialet og må la dette emnet ligge.

²⁵ <http://www.nikk.no>, NIKK - Nordisk instituttet for kvinne- og kjønnsforskning - er eit kunnskaps- og informasjonssenter for kjønns- og likestillingsforskning. NIKK er finansiert av Nordisk Ministerråd og er plassert ved Universitetet i Oslo.

²⁶ <http://www.norden.org/sv/aktuellt/nyheter/ungdom-i-norden-begrens-pornoen>

²⁷ <http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/601137>

Ein fjerde og siste kategori er ”skilt”, men sidan eg er ute etter å kvantifisere lesinga av nynorsk tekst versus annan tekst, er denne kategorien ikkje så veldig sakna. Det er vanskeleg å argumentere for at lesing av skilt vil vere ein særleg omfattande leseaktivitet reint tidsmessig.

5.3 Del 3: Kor mykje av den lesne teksten er på nynorsk?

Målet med del tre av analysen er å avdekkje kva språk elevane sjølve opplever tekstane dei les er skrivne på, og då med vekt på *opplever*. I undersøkinga vart elevane sjølve bedne om å avgjere om tekstane har vore skrivne på nynorsk eller bokmål.

5.3.1 Å kunne skilje mellom bokmål og nynorsk

Ein ting er å aktivt gå inn i ein tekst ein har framfor seg og undersøkje kva målform han er skriven på. Då kan ein leite seg fram og finne markør-ord som ”jeg”/”eg” eller ”ikke”/”ikkje” og deretter konkludere. I denne undersøkinga er lesesituasjonen ein annan. Elevane er spurde om tekstar dei allereie har lese, og der lesinga har skjedd utanfor skolen. Tilnærminga elevane har hatt til tekstane er derfor annleis. Tekstane har dei oppsøkt på eiga hand, og innhaldet og budskapet i teksten har truleg vore viktigare enn å hugse målforma. I undersøkinga er spørsmålet om målform utforma på ein slik måte at det ikkje skal opplevast som om det er styrkeforholdet bokmål/nynorsk som er i fokus. Ei vel så viktig problemstilling kan vere forholdet norsk/engelsk. Det kan derfor godt tenkjast at nokre av svara på spørsmål om målform ikkje er like grundig analysert av deltakarane.

5.3.1.1 Språkhaldningar og feiloppfattingar

ALLFORSK i Trondheim gjennomførte i 1998 ei omfattande evaluering av fellespråklege lærebøker²⁸ i samfunnslære. Her kjem det fram at elevar ikkje nødvendigvis er våre på om

²⁸ Med **fellesspråklege lærebøker** meiner ein at bøkene har kvar sine avsnitt eller delar skrive på bokmål og nynorsk.

teksten dei les er på nynorsk eller bokmål. Det er ofte *haldningane* til språket dei les som avgjer om dei trur dei forstår eller ikkje. I undersøkinga fekk elevar med bokmål som opplæringsmål bruke språkdeltelæreboeker i samfunnsfag. Eitt av funna var at elevane hadde ein tendens til å overvurdere leseegenskapane sine i bokmål, medan dei undervurderte dei i nynorsk (Berge, Solheim og Torvatn 1998, 337-340).

Det er grunn til å tru at elevane i mi undersøking kan ha ei liknande feiloppfatting av språket i tekstane dei les. Dei kan godt vere villeidde til å tenkje at tekstar dei ikkje reagerer negativt på, *må* vere skrivne på bokmål, sidan nynorske tekstar per definisjon skal vere vanskeleg tilgjengelege og dermed lette å skilje ut. Eg meiner likevel at valet av skolar i undersøkinga skal vere med på å luke ut slike feiloppfattingar, sidan svara frå skolane i det store og heile er like, uavhengig av opplæringsmål i skolen.

5.3.1.2 Styrkeindikasjonar, ikkje reelle prosentar

Etter å ha valt tekstkategoriar og svart på leselengda i kvar kategori, fekk deltakarane i spørjeundersøkinga i oppgåve å svare på kva språk tekstane dei las, var skrivne på. Dette gjorde dei ved å kople kvart språkalternativ til samlegrupper på 25%. Denne grovinndelinga var meir meint som ein vag indikasjon på styrkeforholdet mellom alternativa, og ikkje som ein måte å fastsetje ein absolutt leseprosent. Språkalternativa dei fekk å velje mellom var (1) Norsk (bokmål), (2) Norsk (nynorsk), (3) Andre nordiske språk, (4) Engelsk og (5) Andre språk. Alternativ tre og fem vart så å seie aldri valt, medan det avhengig av tekstkategori var vekslende styrkeforhold mellom bokmål, nynorsk og engelsk. Eg vil først og fremst vise til styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk. Der det er betydeleg innslag av engelsk, vil eg i tillegg vise fram dette. Elles vil eg utelate å kommentere svaralternativa tre og fem. Det var få av deltakarane i undersøkinga som valde desse alternativa, og statistikk bygd på einskildsvar kan ikkje brukast til noko. I tillegg er sjansen for at einskildelevar kan kjennast att altfor stor.

I den vidare analysen har eg delt tekstane inn i tre ulike *puljar*. Den første er tekstsjangrar der bokmål er det klart dominerande språket. Den andre er tekstar der nynorsk er noko representert. Siste puljen er tekstsjangrar der engelsk språk er ein viktig aktør.

5.3.2 Pulje 1: Tekstsjangrar med tydeleg bokmåldominans

Som det tydeleg går fram av Tabell 9, svarer så godt som alle elevane, uavhengig av skolekrins, heimkommune eller opplæringsmål, at bokmål dominerer i tekstane dei les på TV, i teikneseriar og i blad. Bokmålsdominansen er så godt som total i dei skolekrinsane som har bokmål som opplæringsmål, men sjølv elevane med nynorsk opplæringsmål svarer at brorparten av det dei les er skrive på bokmål. Dette fell saman med dei tekstmedia ungdommane i undersøkinga bruker mest tid på (sjå analysen, del 1 og 2).

Tabell 9: Kva målform er tekstane skrivne på, bokmål eller nynorsk? – Hovudsakleg bokmål


TEKST på TV	Berre nynorsk	Mest nynorsk	Like mykje	Mest bokmål	Berre bokmål	Kor mange svar
Selsbakk	3 %	0 %	6 %	21 %	70 %	33
Markaplassen	0 %	0 %	22 %	22 %	57 %	23
Rosenborg	2 %	0 %	8 %	33 %	58 %	52
Stranda	3 %	0 %	9 %	38 %	50 %	32
Vanylven	0 %	0 %	17 %	43 %	39 %	23
Volda	2 %	2 %	17 %	32 %	46 %	81
TEIKNESERIAR	Berre nynorsk	Mest nynorsk	Like mykje	Mest bokmål	Berre bokmål	Kor mange svar
Selsbakk	0 %	0 %	0 %	21 %	79 %	14
Markaplassen	0 %	0 %	0 %	9 %	91 %	11
Rosenborg	0 %	0 %	5 %	21 %	74 %	42
Stranda	7 %	0 %	21 %	36 %	36 %	14
Vanylven	0 %	0 %	8 %	42 %	50 %	12
Volda	0 %	6 %	9 %	28 %	57 %	54
BLAD	Berre nynorsk	Mest nynorsk	Like mykje	Mest bokmål	Berre bokmål	Kor mange svar
Selsbakk	4 %	0 %	0 %	0 %	96 %	26
Markaplassen	0 %	0 %	0 %	17 %	83 %	18
Rosenborg	0 %	0 %	2 %	18 %	80 %	45
Stranda	4 %	0 %	21 %	13 %	63 %	24
Vanylven	0 %	0 %	15 %	54 %	31 %	13
Volda	0 %	3 %	11 %	30 %	56 %	66

Fargekoding: 0% 1% - 9% 10% - 19% 20% - 29% 30% - 39% 40% - 49% 50% →

Over halvparten av elevane, uavhengig av undervisningsstad og opplæringsmål, svarer at meir enn 75% av tekstane er på bokmål, og brorparten av elevane meiner at nynorsk er fullstendig fråverande. Denne fordelinga kan ikkje seiast å vere uventa. Det har ikkje vore noko

reindyrka vekeblad på nynorsk sidan *Nynorsk Vekeblad* gjekk inn på 1950-talet²⁹. Unntaket er *Norsk Barneblad*³⁰, med målgruppe barn mellom 10-13 år. Sjølv om nokre av dei største norske kvinneblada, som *ELLE interiør* (Jørgensen 2008) og *KK* (Kjøde 2007) no tek inn einiskilde nynorskartiklar, er dette framleis meir som kuriosa å rekne enn nokon regel. Figur 4 viser tydeleg styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk.

Figur 4: På kva språk er tekstane skrivne, nynorsk eller bokmål? Blad



5.3.3 Pulje 2: Tekstsjangrar med nokre nynorske tekstar

Tabell 10: Kva målform er tekstane skrivne på, bokmål eller nynorsk? – Noko nynorsk

	Berre nynorsk	Mest nynorsk	Like mykje	Mest bokmål	Berre bokmål	Kor mange svar
LEKSER						
Selsbakk	0 %	0 %	3 %	32 %	65 %	31
Markaplassen	0 %	0 %	14 %	50 %	36 %	22
Rosenborg	2 %	0 %	11 %	48 %	40 %	63
Stranda	31 %	36 %	26 %	8 %	0 %	39
Vanylven	42 %	50 %	4 %	0 %	4 %	24
Volda	50 %	41 %	5 %	1 %	2 %	82
AVISER						
Selsbakk	0 %	5 %	0 %	10 %	85 %	20
Markaplassen	0 %	0 %	0 %	36 %	64 %	11
Rosenborg	0 %	0 %	0 %	42 %	58 %	52
Stranda	13 %	42 %	26 %	13 %	6 %	31
Vanylven	18 %	35 %	18 %	24 %	6 %	17
Volda	5 %	26 %	20 %	41 %	8 %	66
BØKER						
Selsbakk	0 %	0 %	0 %	25 %	75 %	12
Markaplassen	0 %	0 %	0 %	9 %	91 %	11
Rosenborg	0 %	0 %	7 %	39 %	55 %	44
Stranda	0 %	24 %	24 %	35 %	18 %	17
Vanylven	0 %	14 %	14 %	57 %	14 %	7
Volda	7 %	15 %	26 %	46 %	7 %	46

Fargekoder: 0% 1% - 9% 10% - 19% 20% - 29% 30% - 39% 40% - 49% 50% →


²⁹ http://nn.wikipedia.org/wiki/Nynorsk_vekeblad

³⁰ <http://barneblad.no/>

I nokre av tekstsjangrane spriker svara noko meir enn i dømet med *blad* ovanfor. For *lekser*, *aviser* og *bøker* meiner ein del av elevane at tekstane òg finst på nynorsk. Desse tekstsjangrane kan alle koplust til lokale forhold, eventuelt skole og skolearbeid. Skiljet går då ikkje overraskande mellom opplæringsmåla til elevane, og dermed mellom Sunnmøre og Trondheim (sjå Tabell 10).

5.3.3.1 Lekser

Figur 5: På kva språk er tekstane skrivne, nynorsk eller bokmål? Lekser



Tekstkategori med størst innslag av nynorsk er lekselesinga. I Volda og Vanylven svarer nesten alle elevane at brorparten av leksene er skrivne på nynorsk. Likeeins er svaret frå trondheimsskolane eintydig bokmål. Industri- og nynorskkommunen Stranda skil seg noko ut, med ein noko lågare nynorsk svarprosent. Dette kan forsøksvis forklarast med demografien: Ein liten kommune med mange industriarbeidsplassar og ein betydeleg del innvandrarakar³¹. Vaksne innvandrarakar som går på norsk kurs lærer gjerne bokmål³², og elevar med innvandrarakforeldre vil derfor i større grad enn andre ha behov for å få tilrettelagt undervisninga på bokmål, sjølv i nynorskkommunar.


³¹ Denne forklaringa vart gitt av rektor ved Stranda ungdomsskule på telefon 16. oktober 2008.

³² <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Krev-nynorsk-for-innvandrarakar-958766.html>

Rosenborg skole har dei siste åra hatt nynorskelevar. Dette er restar av ei nynorsklasse som tok til på Singsaker barneskole på 90-talet. Ved overgangen til ungdomsskolen vart desse elevane splitta opp og fordelte mellom ulike klasser på Rosenborg skole³³. Fleire av nynorskelevane fann det vanskeleg å halde fram med nynorsk som hovudmål etter at dei vart marginaliserte i klasseromet, likevel har nokre elevar framleis halde på nynorsken som hovudmål. Det kjem derfor ikkje som noko overrasking at nokre av desse nynorskelevane viser att i tabellen ved at nokon svarer at dei har lese mesteparten av leksene sine på nynorsk.

5.3.3.2 Avislesing

Figur 6: På kva språk er tekstane skrivne, nynorsk eller bokmål? Aviser



Eit anna skilje går på avislesing. Nynorsk er så godt som fråverande som avisspråk for elevane frå Trondheim. Ein elev ved Selsbakk skole svarer rett nok at han eller ho les det meste av avisstoffet på nynorsk. Dette er truleg eit feilsvar, men det vesle avviket *kan* òg kome av at vedkomande har foreldre eller føresette med bakgrunn frå område med nynorsk avisspråk, eller at dei til dømes abonnerer på aviser som er skrivne på, eller har innslag av nynorsk. Det er ikkje uvanleg at innflyttarar abonnerer på lokalaviser heimanfrå. Det er likevel oppsiktvekkjande dersom denne femtenåringen vel å lese nynorske artiklar i det som truleg er aviser frå andre stader i landet, framfor bokmålsartiklar frå trondheimsavisene.


³³ http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_trondelag/1.1070010

Fleirtalet av elevane frå Vanylven og Stranda svarer at tekstane dei les i avisene er skrivne på nynorsk, noko som truleg kan forklarast av kva aviser det er snakk om. Lokalaviser er i større grad enn regionalaviser (*Adresseavisen* i Trondheim, *Sunnmørsposten* på Sunnmøre) skrivne på same målform som er det offisielle språket i utgivarkommunen. Elevsvara tyder på at voldalearar, til forskjell frå elevane frå Vanylven og Stranda, les noko meir tekstar på bokmål enn på nynorsk. Dette kan nok ein gong kome av flyttemønsteret til og frå Volda.

Høgskolemiljøet og sjukehuset i bygda fører til stor gjennomstrøyming av personar frå ulike stader i landet. På same viset som innflyttarar til Trondheim tek med seg sine lokalaviser på flyttelasset, er det naturleg at innflyttarane til Volda tek med seg sine avisabonnement og lesevanar. I lys av dette er det dermed ikkje overraskande at voldaelevane svarer så høgt på bokmålsstatistikken i høve til resten av sunnmørselevane.

5.3.3.3 Bøker

Figur 7: På kva språk er tekstane skrivne, nynorsk eller bokmål? Bøker




Mønsteret er tydeleg òg når det gjeld å lese bøker. Så godt som alle elevane frå Trondheim svarer at fleirtalet av bøkene dei les på norsk er på bokmål. Den vesle delen rosenborgelevar som svarer at dei les like mykje på bokmål som på nynorsk, kan kanskje forklarast med dei få nynorskelevane ved skolen, eventuelt med det innslaget av populær fantasy-litteratur som dei

siste åra har kome på nynorsk³⁴. Rosenborg skole har ein aktiv skolebibliotekar som veit å promotere gode bøker, uavhengig av språket boka er skriven på. Derimot er det berre omkring 20% av sunnmørselevane som meiner dei les mest nynorsk. Desse tala er dramatiske

TAL HENTA FRÅ SKOLEBIBLIOTEKET VED VOLDA UNGDOMSSKULE

Volda ungdomsskule har gjort utlånsstatistikken frå skolebiblioteket tilgjengeleg, og eg vil nytte informasjon derifrå til å supplere tala frå undersøkinga. Bakgrunnstala for diagrammet til høgre er henta frå boklåna til dei aktuelle tiandeklassingane i undersøkinga. Som kakediagrammet syner, er nynorskprosenten av dei utlånte bøkene svært låg. Det er verdt å minne om at skolen ligg i eit område med mykje nynorsk i ålmenta, t.d. er

administrasjonsspråket i kommunen og redaksjonsspråket i dei lokale avisene nynorsk. Det er òg merkeleg at nynorskprosenten er så låg som han er, sett i lys av at andre klasser ved skolen på same tid hadde leseprosjekt med fokus på nettopp nynorsk litteratur³⁵.



Det mest oppsiktsvekkjande er at bøker med engelske titlar utgjer heile to femtedelar av det totale utlånet. Det høge talet engelske titlar kan ha med aktive engelsklærarar å gjere. Det er vanleg for elevar på ungdomstrinnet å måtte låne ei engelskspråkleg bok i halvåret. Likevel er leseprosenten av engelsk tekst truleg lågare enn kva ein kan forvente berre ved å lese diagrammet. At bøkene er lånt ut er ikkje eintydig med at dei blir lesne. I tillegg er ikkje sidetal på dei ulike titlane registrert. Det er grunn til å tru at mange engelskspråklege bøker på ungdomsskolen har eit lågare sidetal enn mange norske bøker, sidan mange er lettlestutgåver spesielt tilpassa skoleelevar.

Det er likevel interessant å sjå at engelsklærarane i ein kommune med nynorsk som opplæringsmål, ser ut til å vere meir opptekne av at elevane les engelsk litteratur, enn norsklærarane i same kommunen er opptekne av at elevane får lese nynorske bøker. Kvifor det er slik, blir fort reine spekulasjonar, men det er freistande å konkludere med at nynorskfokuset ikkje er så tydeleg framme hos norsklærarane. Mange vil nok argumentere med at det er viktigare at elevane i det heile les noko, framfor at språket i bøkene skal kunne fungere som skriftlege føredøme på nynorsk. Mange norsklærarar vil nok kjenne seg att i at det er vanskeleg nok å motivere ungdommar på 13-16 år til å lese noko skjønnlitterært. Populære bøker frå toppseljarlistene vil vere enklare å selje som god litteratur, enn velprøvde bøker med godt nynorsk språk. Slik taus formidling av at nynorsken ikkje strekk til kan vere med på å forsterke inntrykk hos elevane om at nynorsken er avvikande.

³⁴ Ungdomsboka og fantasyromanen *Landet under isen* av Lars Mæhle vann litteraturprisen til Kulturdepartementet for beste barne- og ungdomsbok 2009. I tillegg er mellom anna *Skammarserien*, av Lene Kaaberbøl omsett og gitt ut på nynorsk. Denne serien er ein internasjonal fantasy-suksess og blir samanlikna med Harry Potter-bøkene i heimlandet Danmark.

³⁵ *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*. FoU-prosjekt støtta av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

for desse elevane, sidan fleirtalet dermed opplever at målforma dei lærer på skolen blir bytta ut med bokmål når litteraturen blir valt etter interesse og ikkje lenger er avhengig av språket i lærebøkene. På den måten vil eit inntrykk av nynorsken som marginalt skriftspråk lett kunne feste seg, og nynorske skrivemåtar og nynorsk rettskriving lett kunne opplevast som markerte og unormale. Dette er karakteristikkar som er altfor lette å setje på nynorsk.

I boka *Konfrontasjoner*, presenterer Brit Mæhlum tal frå fleire store undersøkingar der ulike karakteristika blir knytte til dei to målformene *nynorsk* og *bokmål*. Gjennomgåande er det det rurale og avstikkande som blir knytt til nynorske tekstar, medan det urbane og moderne er assosiert til bokmål.

Nynorsk

Lokalt eller regional
Lokalsamfunnet
Periferi
Ruralt, distriktstilknytta
Markert, avstikkande
Tradisjon

Bokmål

Overregionalt, geografisk nøytralt
Storsamfunnet
Sentrum
Urbant, sentralt
Umarkert, alminneleg
Modernitet

(Mæhlum 2007, 197)

I ein situasjon der ein som ung lesar skal skaffe seg ein språkleg identitet, er det freistande å velje bort det avstikkande og unormale. Skal elevane verte vane med å lese nynorsk litteratur, må det truleg knytast andre merkelappar enn markert og perifert på han.

5.3.4 Pulje 3: Tekstsjangrar med mykje innslag av engelsk

Denne siste puljen med tekstsjangrar er skilt ut frå resten, fordi engelsk språk er ein vesentleg aktør. Ved første augekast kan tala i Tabell 11 misleie ein til å tru at mange dataspel har skriftleg tekst på nynorsk. Her er derimot feilkjelda openberr. Storparten av spela er anten engelskspråklege eller på bokmål. I dei tilfella der deltakarane har svart at ingen av spela er skrivne på korkje nynorsk eller bokmål, vil dei i tabellen blir registrerte som ”like mykje”.

Rett nok svarer ein elev frå Markaplassen i Trondheim og tre frå Volda at mesteparten av spela er skrivne på nynorsk. For dei tre voldaelevane handlar dette i hovudsak om pedagogisk programvare. For eleven frå Markaplassen finst det inga forklaring. Svaret er truleg feil.

Tabell 11: Kva målform er tekstane skrivne på, bokmål eller nynorsk? – Internett og dataspel

DATASPEL	Berre nynorsk	Mest nynorsk	Like mykje	Mest bokmål	Berre bokmål	Kor mange svar
Selsbakk	0 %	0 %	42 %	8 %	50 %	12
Markaplassen	10 %	0 %	20 %	0 %	70 %	10
Rosenborg	0 %	0 %	34 %	9 %	57 %	44
Stranda	0 %	0 %	54 %	7 %	39 %	28
Vanylven	0 %	0 %	69 %	8 %	23 %	13
Volda	4 %	2 %	54 %	4 %	35 %	48
INTERNETT	Berre nynorsk	Mest nynorsk	Like mykje	Mest bokmål	Berre bokmål	Kor mange svar
Selsbakk	0 %	3 %	3 %	16 %	78 %	32
Markaplassen	0 %	0 %	30 %	26 %	67 %	27
Rosenborg	1 %	0 %	3 %	15 %	79 %	78
Stranda	0 %	2 %	19 %	52 %	26 %	42
Vanylven	4 %	0 %	12 %	54 %	31 %	26
Volda	0 %	5 %	4 %	44 %	47 %	73

Fargekoding: 0% 1% - 9% 10% - 19% 20% - 29% 30% - 39% 40% - 49% 50% →

I tekstsjangeren *dataspel* dominerer engelsk. Korkje bokmål eller nynorsk er vesentlege bidragsytarar til PC-, eller Internett-baserte dataspel. Bakgrunnstala viser òg at prosenten engelsk tekst er langt større enn tilsvarende tal for nynorsk. Dette gjeld uavhengig av om opplæringsmålet er bokmål eller nynorsk. Dette er ikkje overraskande. Internett med internettbaserte dataspel er ein internasjonal arena der språket til nettbrukarane i hovudsak er engelsk.

Det er likevel interessant å sjå dei systematiske skilnadene mellom dei to regionane. Nynorskprosenten er like låg hos begge gruppene, dei er likevel usamde om kor stor bokmålsdominansen eigentleg er. For elevane Trondheim meiner over halvparten at både nettsidene og dataspela er på bokmål. For sunnmørselevane svarer berre halvparten likeeins. Dette kan kome av fleire ting, eg skal nemne to: (1) Nynorskelevane har i større grad enn bokmålselevane tilgang på nynorsk programvare og nynorske nettsider, til dømes er truleg læringsplattforma skriven på nynorsk for elevane frå Sunnmøre. (2) I tillegg kan haldningane til elevane spele inn. Som nemnt i starten av kapittelet er fordommar til kva ein forstår og

ikkje forstår av og til viktigare enn den reelle forståinga. Det kan tenkjast at elevane frå Trondheim berre opplever å lese nettsider på bokmål fordi dei ikkje reagerer på målforma.

Det er likevel ingen grunn til å tvile på styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk på Internett. Bokmål er i klar dominans, også på nettstader som er til pedagogiske føremål. Dette blir mellom anna stadfesta i rapporten «*Under stadig utvikling...*», utarbeidd av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Han konkluderer mellom anna med at mange offentlege institusjonar ser på produksjonen av nynorske læringsressursar som eit ekstraarbeid, og dermed ikkje utan vidare lagar parallelle versjonar på dei to målformene (Fretland, et al. 2008).

Unntaket er sosiale nettstader/forum som *Facebook* og *Nettby*. Her er skriftspråket til brukarane ofte dialekt. E-post/Chat er utelate frå denne oversikta. Sidan dette er interaktive tekstmedium der språket ein les er avhengig av kven som skriv, vil truleg òg språket ein skriv vere avhengig av kven ein skriv saman med. Meir om dette i del 4 (*skrivespråk*).

5.4 Del 4: Skrivespråket på Internett

Somme av spørsmåla i undersøkinga omhandla ulike sjangrar av interaktive tekstar, til dømes tekstmeldingar, e-post eller tekstar på samtalenettsider (sjå Del 1-3: tekstar på Internett). Slike tekstar er interessante, fordi deltakarane i tillegg til å lese dei, sjølv kan delta og utvide teksten som aktive medskrivarar. Desse tekstane hadde derfor eit tilleggsspørsmål som gjekk på kva skriftspråk elevane sjølve valde å bruke når dei deltok på desse nettstadene. På same viset som under val av lesespråk, kunne elevane fritt kombinere svaralternativa, og til dømes svare både *bokmål* og *nynorsk*. I tillegg kunne dei hake av for *dialekt*, *andre nordiske språk*, *engelsk* og *andre språk*. Som eg har diskutert over, representerer ikkje svaralternativet *dialekt* noko rettskrivingsnorm av noko slag. Det er meir ei samleining for alle dei som eigentleg

ikkje ønskjer å bry seg om rettskrivingsnormer i det heile. SMS-språket³⁶ med forkortingar og innslag av engelsk er til dømes definert som dialekt i denne undersøkinga.

Sidan spørsmåla om skriving i utgangspunktet berre var meint som eit supplement til hovudtemaet for oppgåva; *lesing av nynorsk tekst*, vart det ikkje spurt noko om omfanget av skrivinga. I ettertid ser eg at dette kunne ha vore eit svært interessant tema å vite meir om. På bakgrunn av materialet mitt kan eg ikkje uttale meg noko om kor mykje tekst som er skriven eller kor mykje tid dei har brukt på å skrive på bokmål, nynorsk eller dialekt, berre kor mange som svarer at dei frå tid til annan vel å bruke dei til skriving. Dette er likevel eit interessant tema som det kan vere spennande å sjå nærmare på.

I analysen av svara held eg kategoriane *engelsk*, *andre språk* og *andre nordiske språk* utanfor. Eg konsentrerer meg om kor mange av elevane som svarer at dei frå tid til anna skriv på bokmål, nynorsk eller dialekt. Sett i lys av problemstillingane mine er det mest interessant å sjå på bruken av nynorsk i forhold til dei to norske «skriftelege konkurrentane» og mindre interessant å samanlikne med andre språk.


5.4.1 Normert versus ikkje normert

Spørsmålet elevane svarte på var «*Kva språk SKRIV du når du skriv på Internett?*». I Figur 8 er talet på elevar som svarer at dei av og til vel å skrive på nynorsk, dialekt og/eller bokmål plassert i samlegrupper. Deretter er dei som bruker bokmål og nynorsk sett saman til ei søyle for *normert språk*. Som det går fram av figuren er det tydelege skilnader mellom skrivespråket til trønder- og sunnmørselevane i undersøkinga. Medan elevane frå Trondheim anten skriv på bokmål eller dialekt, svarer elevar frå Sunnmøre at dei i tillegg til dialekten, vel

³⁶ **SMS-språk** er ei skriftleg slangform som særleg er vanleg i tekstmeldingar sendt mellom mobilar, men blir og brukt i mellom anna chatting på Internett. Stilen er prega av forkortingar og bruk av tal i staden for bokstavar og z i staden for s. Språket utvikla seg blant ungdom i takt med at mobiltelefonar blei meir vanlege i slutten av 1990-åra. Det blei påverka av dei små, klønete mobiltastatura og at meldingane berre kunne ha 160 teikn. (kjelde: <http://nn.wikipedia.org/wiki/SMS-språk>)

så gjerne skriv på bokmål som på nynorsk. I nynorskkommunen Vanylven, er det til og med fleire som svarer at dei skriv på bokmål enn på nynorsk.

Figur 8: Skrivespråk - Normert versus *ikkje* normert



Vel ein derimot først å fokusere på forholdet normert/ikkje normert, er det med eitt unntak ikkje store skilnader mellom trønderskolane og sunnmørsskolane. Over halvparten av elevane ved samtlege av skolane vel frå tid til annan å uttrykkje seg på dialekt, frå om lag 60% ved Selsbakk til over 90% ved Vanylven og Volda. Elevane frå dei tre sunnmørsskolane har rett nok ein noko sterkare tendens til å velje dialekt enn trondheimselevane. Som det går fram av figuren er det samla sett fleire som svarer at dei skriv på dialekt enn normert språk blant sunnmørsskolane, medan forholdet er motsett blant trønderskolane.

Det dramatiske ved framstillinga er tala for Sunnmøre. Trass i at opplæringsmålet for sunnmørselevar er nynorsk, vel om lag like mange å skrive bokmål som nynorsk. Nynorsk er med andre ord ikkje det soleklare førstevallet når sunnmørselevane skal skrive normert.

5.4.1.1 Unntaket: Voldaelevane

Vel 40% av voldaelevane svarer at dei frå tid til anna skriv normert. Det er om lag halvparten så mange som ved alle dei fem andre skolane. Dette er eit paradoks sidan elevane frå Volda er den gruppa som har foreldre med høgst utdanningsnivå³⁷ (Tabell 2, side 19), samt at elevane i

³⁷ Jamfør (Meiding 2010) er leselysta høgst i heimane med flest hyllemeter med bøker.

voldaskolen svarer at dei les meir enn dei andre elevane i undersøkinga (side 51). Det paradoksale er altså at medan eit fleirtal av elevar frå alle dei andre skolane vel å skrive normert frå tid til anna, vel under halvparten av elevane ved ungdomsskolen i Volda å gjere det same. Det kan sjå ut til at voldaelevane vel bort normert skriftspråk når dei får sjansen til å skrive utanfor skolen. Ein kan spørje seg om denne aversjonen mot å skrive normert i private samanhengar òg gir utslag i dårleg rettskriving generelt. Ser ein på standpunktkarakterar og eksamensresultat frå dei seks skolane det aktuelle året, er det lite som tyder på det (Tabell 12).

Tabell 12: Karakterar i norsk - 2008-2009

Skole	Norsk hovudmål		Norsk sidemål	
	Standpunkt	Eksamen	Standpunkt	Eksamen
Selsbakk	4,2	3,6	4,1	3,7
Markaplassen	4,3	2,9	4,0	3,0
Rosenborg	4,2	3,8	3,8	3,5
Stranda	3,7	- ³⁸	3,6	-
Vanylven	3,7	-	3,8	-
Volda	4,0	3,9	3,9	3,5
Landssnitt	3,8	3,4	3,7	3,3

(Kjelde: <http://skoleporten.utdanningsdirektoratet.no>)

Blant dei seks skolane som var med i undersøkinga, var det fire skolar som hadde skriftleg eksamen i norsk dette året. Karakteren i norsk hovudmål ved Volda ungdomsskule skil seg ikkje negativt ut i forhold til dei andre skolane, heller tvert om. I den grad ein eksamenskarakter er med på å måle skriveferdigheitene, ser dermed ikkje manglande bruk av normert språk på fritida til å slå ut i dårlegare karakterar.

Det kan argumenterast med at elevane er klar over kva skriftsjanger som høver best i ulike fora, og at dei byter skriftuttrykk alt etter mottakargruppa. Som den vidare diskusjonen om haldningar til skrivespråket i neste kapittel vil vise, finn dette òg støtte i intervjumaterialet.

Elevane vel skriftuttrykk alt etter kven mottakaren er, og kva skriftspråk som ser ut til å høve


³⁸ Manglande eksamensresultat kjem av at ingen elevar ved desse skolane hadde skriftleg eksamen i norsk. Dette kjem truleg av at skolane det er snakk om er så små at dei av praktiske omsyn berre avviklar skriftleg eksamen i eitt fag kvart år.

best ut frå kven ein ønskjer å framstå som. På same måten som mange av elevane frå dei andre skolane i undersøkinga, ser fleire av elevane frå Volda ut til å velje bort normert skrivning utanfor skolen.

5.4.2 To ulike grupper: Trondheim og Sunnmøre

Dette inntrykket blir sterkare understreka dersom ein kategoriserer svara ytterlegare. I Figur 9 har eg splitta svara opp i meir finmaska grupper. No er elevsvara ved kvar skole delt inn etter kva ulike kombinasjonar skriftspråk elevane svarer at dei bruker. Til dømes representerer dei blå blokkene alle elevane som svarer berre *nynorsk*, medan dei grønne blokkene tilsvarande representerer elevar som svarer berre *bokmål*. Alle dei resterande svara er ulike kombinasjonar av normert språk og dialekt, eventuelt berre dialekt, og desse har fått ein variant av raudt/burgunder.

Figur 9: Skrivespråket på Internett - (E-post/chat/SMS)



På denne måten kjem skilnadene mellom trondheimsskolane og sunnmørsskolane tydelegare fram. Til dømes viser denne framstillinga at det er langt fleire frå trondheimsskolane som vel å berre skrive normert språk – i regelen bokmål – enn det er sunnmørselevar som vel å skrive

normert. I tillegg kjem det tydeleg fram at det ikkje nødvendigvis er nynorsk nynorskelevane vel å bruke på fritida. Skilnadene internt i dei to regionane ser ut til å vere relativt små, samstundes som skilnadene mellom dei to regionane er tydelege. Eg vel derfor å kommentere svara frå trondheimslevane og sunnmørselevane kvar for seg.

5.4.2.1 Trondheimslevane

Som nemnt i førre avsnittet, har trondheimslevane berre to reelle alternativ til korleis dei skal formulere seg; bokmål eller dialekt. Mellom 20-40% svarer at dei berre skriv normert bokmål, 10-20% svarer dei berre skriv på dialekt, medan resten skriv på ein kombinasjon av bokmål og dialekt (40-60%). Rett nok seier *ein* elev ved Markaplassen skole at han eller ho skriv ein kombinasjon av dialekt og *nynorsk*, men dette er meir unntaket enn regelen. Det absolutte fleirtalet (mellom 70-90 %) vil frå tid til anna velje å bruke bokmål når dei kommuniserer på nettet. Bokmål kan dermed seiast å ha eit trygt fotfeste som skriftspråk hos bokmålslevane frå Trondheim. Det er òg ei stor gruppe elevar som svarer at dei berre skriv normert bokmål i fritida. Det interessante er at så mange av desse elevane finn det heilt i orden å skrive dialekt, medan nynorsk som skriftspråk er heilt borte. For trønderane i undersøkinga er nynorsk så godt som eit *ikkje*-språk, på den måten at dei ikkje treng å ta stilling til språket.

5.4.2.2 Sunnmørselevane

Hos elevane frå sunnmørskommunane ser situasjonen ut til å vere ein annan. Spekteret av skriftnormer er mykje vidare, og ein finn døme på alle moglege kombinasjonar av dialekt, bokmål og nynorsk. Hos samtlege av sunnmørsskolane svarer den klart største gruppa at dei frå tid til anna skriv på dialekt, og av desse igjen svarer ein klar majoritet at dei *berre* skriv dialekt. Dei mest trugne dialektskrivarane er voldaelevane. 68% av dei svarere at dei *berre* skriv dialekt. Dette er dramatiske tal i forhold til dei tilsvarande svara frå Trondheim der dei som svarer at dei berre skriv dialekt er i klart mindretal. Blant elevane frå Sunnmøre svarer

svært få at dei berre skriv normert språk. Tydelegast kjem dette fram i svara frå Vanylven, der ingen svarer at dei utelukkande skriv normert utanfor skolen.

5.4.3 Å skrive ”munnleg”

Eit klart fleirtal av elevane finn det altså naturleg å ytre seg på dialekt når dei kommuniserer med kvarandre på nettet. I doktoravhandlinga *Følge med og følge opp* diskuterer Hildegunn Otnes nettopp forholdet mellom nettsamtaler og munnleg kommunikasjon. Ho viser til at innhaldet, språkforma/syntaksen og det at tekstane ofte blir skrivne samstundes, gjer at *synkrone nettsamtalar*³⁹ har klare fellestrekk med den munnlege samtalen (Otnes 2007, 61-69). Det er derfor stor grunn til å tru at skrivarane sjølve oppfattar desse tekstane som munnlege tekstar, og at det digitale pratespråket er å rekne som munnleg tale. Dette vonar eg at eg skal klare å vise gjennom intervjuet i neste kapittel.

5.5 Kapittelsamandrag

Gjennomgåande les mellom 81-100% av elevane ved samtlege av skolane i undersøkinga tekstar på Internett kvar dag. Mykje av denne teksten er på ein eller anna form for skriftleg dialekt, skrivi av jamaldringar. Denne teksten har gjerne sosial karakter, han er skriven og lesen for å skape og halde på sosiale relasjonar. Dermed er måten teksten er skriven på òg ”nær”, og nærmast munnleg.

For dei fleste er nynorsk tildelt plassen som skolespråk, og nærmast berre det. For elevar med bokmål som opplæringsmål er nynorsk heilt fråverande. Men heller ikkje sunnmørselevane med nynorsk som opplæringsmål opplever å sjå noko særleg nynorsk. Det er berre i skriftlege sjangrar som til ei viss grad har noko med lokale tilhøve å gjere, slik som lekser og aviser, og til ei viss grad bøker, at nynorsk gjer seg gjeldande.

³⁹ **Synkrone nettsamtalar:** Kommunikasjon på Internett, der partane på lik linje deltek i ei meningsutveksling. Eit typisk døme er ”chat”. Partane skiftar på å skrive og lese, eller om ein vil, ”tale” og ”lytte” (kjelde: (Otnes 2007)).

Ut frå svara om skrivespråk på Internett verkar det som om det er vanskelegare for nynorskelevane å bruke skriftspråket sitt enn det tilsvarande er for bokmåselevane å bruke sitt i sosiale samanhengar. Det kan dermed verke som omgivnadene i stor grad er med på å påverke i kva elevane lærer av nynorsk (Wagner 2008, 206). Kva som ligg bak som motivasjon til dette misforholdet må ein spørje elevane sjølve om for å få tak i.

6 Haldningar og identitet

I dette kapitlet vil eg i hovudsak konsentrere meg om dei svara eg henta inn ved hjelp av elevintervjua, og bruke dei til å prøve å finne kva haldningar som ligg bak nokre av dei tala som kom fram i del 4 av førre kapittel. Eg ønskjer i størst mogleg grad at utsegner frå elevane sjølve skal illustrere dei haldningane dei har til språk. Somme gonger viser eg til samtalesekvensar. Då vil eg som intervjuar vere markert med bokstaven *H*, medan dei ulike intervjuobjekta blir representerte med andre bokstavar, alt etter kva namn dei har fått tildelt i anonymiseringa av materialet.

6.1 Haldningar til skriftspråket

Som det kom fram i førre kapittel svarde mellom 20 og 40% av elevane frå trondheimsskolane at dei heldt seg til bokmål også utanfor skolekvardagen, medan det nesten ikkje var nokon av sunnmørselevane som svarte at dei berre bruker nynorsk på fritida. Hos nokre av sunnmørsskolane er det like vanleg å bruke bokmål som nynorsk som pratespråk på Internett. Eit naturleg spørsmål er kvifor det er vanlegare å halde på skolemålet sitt for bokmålelevane enn for nynorskelevane. Det er interessant å finne fram til kva haldningar som kan liggje bak desse vala. Tilsvarande verkar det som om det er vanlegare for sunnmørselevane å velje å berre skrive på dialekt, enn det er for trondheimselevane å gjere det same valet. Kvifor er det lettare for elevane frå Sunnmøre å velje bort normalskriftsspråket enn det er for elevane frå Trondheim? Har dette noko med haldningane til bokmål og nynorsk generelt å gjere? Desse spørsmåla vonar eg å kunne skissere nokre svar til.

6.1.1 Diglossi – munnleg og skriftleg

6.1.1.1 Diglossi i munnleg tale

Noreg er på alle måter eit fleirspråkleg samfunn. I følgje Språkfakta 2010 har vi dag morsmålsundervisning i 173 språk i grunnskolen (jamfør side 31). Ein kvardag der ein høyrer mange språk fører òg til at mange har kompetanse i fleire av språka, både munnleg og skriftleg. I eit fleirspråkleg samfunn får ein gjerne eit felles sett med reglar for kva språk som høver best i ulike situasjonar. Ein slik situasjon blir gjerne referert til som *diglossi*. I den opphavslege definisjonen, introdusert av Charles Ferguson (1952), vart *diglossi* definert som funksjonsfordelinga mellom to ulike variantar av det same språket innanfor eit språksamfunn, til dømes mellom standardspråket og dialektane. Standardspråket blir gjerne omtala som høgspåket, medan dialektane er lågspråk (Røyneland 2007, 41). Vanlegvis er slike språk svært ulike, og det vil bli oppfatta som svært markert, og somme tider svært udanna, å nytte lågspråket i feil situasjonar.

Det er likevel ikkje naturleg å omtale Noreg som ei diglossisk samfunn, sjølv om det i Noreg har vorte vanleg å nytte dialekt i dei fleste samanhengar – både privat og offentleg (Røyneland 2007, 42-43). Dette forundrar utlendingar som studerer den norske språksituasjonen. I Noreg i dag har vi ikkje noko strengt skilje mellom kva funksjonar eit eventuelt munnleg standardspråk bør ha og når det høver å bruke dialektar (Trudgill 2008).

Lenge var det vedtekter i norsk radio og TV (NRK) om at ein i opplesing av nyheiter måtte nytte nynorsk eller bokmål. Dette påbodet fall som ufråvikeleg regel desember 2009, då nyheitsankeret Ingerid Stenvold i *NRK Dagsrevyen* fekk dispensasjon frå normeringskravet og las nyheitene på dialekt (Ovind, Samdal og Tjersland 2009). Trass i ein del protestar, spesielt i forkant av debutsendinga, har den store stormen av klager ikkje kome. Dette viser kva plass den munnlege dialekten har i norsk ålmente. Bortfallet av normert språk som

tekstleg grunnlag for opplesinga av nyheiter, føyer seg naturleg inn i ei langvarig utvikling med stadig større aksept for dei norske dialektane i det offentlege romet.

Men det finst fleire måtar å ”snakke dialekt” på. Elevane i intervjumaterialet omtalar ganske konsekvent chattinga på nettet som ”å prate” eller ”å snakke” med andre.

*«Ja. Facebook og Netby er jo sånn her'e, ...Du lagar deg ein brukar, då.
Så pratar du med folk ... »*

”Kajsa”, seksten år, Volda

Kajsa omtaler altså skrivinga på sosiale nettsamfunn som ”prating”. Fredrikke, seksten år frå Volda, oppsøker nettsidene for ”å snakke” med folk:

«Ja, det er for det meste Netby og Facebook, der eg kan snakke med folk. »

Dette skriftlege snakkinga kan oppfattast som ei naturleg forlenging av den talte dialekten i det offentlege romet.

6.1.1.2 Skriftleg diglossi?

Sjølv om det i dag er fullt akseptert å bruke munnleg dialekt i dei fleste offentlege samanhengar, har det fram til nyleg vore eit klart skilje mellom det munnlege og skriftlege. Når elevane i undersøkinga vel å uttrykkje seg skriftleg på dialekt, er dei med på å flytte grenser for kva som er akseptabel skriftleg uttrykksmåte. Av egne erfaringar veit eg at det på 1980-talet var vanleg å skrive private brev på dialekt. No er derimot denne dialektskrivinga flytta over på offentlege nettsider. Det går derfor an å argumentere for at elevane i undersøkinga har ein skriftleg diglossi-situasjon. Rettskrivinga er avhengig av kven som er mottakaren i dei ulike situasjonane. Overfor lærarar og besteforeldre vel dei å nytte den normerte rettskrivinga. Å skrive på dialekt ville fort kunne oppfattast som både markert og ufint. Overfor jamgamle er det derimot det normerte språket som er det markerte. Med slike

haldningar viser dei med andre ord at dei er fullt medvitne kva sjangrar som høver i kva samanhengar.

6.1.1.3 Språkkompetanse

Elevane med nynorsk som opplæringspråk har med andre ord eit større skriftspråkleg register å spele på. Dette svarer godt med resultatane til Anne S. Nordal, der ein av konklusjonane var at elevar med nynorsk som opplæringsmål har høgare samla norskkompetanse enn elevar med bokmål som opplæringsmål (Nordal 2008). Ein slik konklusjon kan vere med på å forklare fråfallet av nynorskskrivarar som Marit Wadsten kom fram til i si gransking av bruken av nynorsk i akademiske tekstar. Ho konkluderte mellom anna med at mange elevar med nynorsk i grunnskolen og i vidaregåande utdanning vel bort nynorsk når dei seinare skriv masteroppgåver og doktorgrader (Wadsten 2008). Dersom det stemmer at nynorskbrukarane har eit større sjangermedvit og i større grad sjonglerer mellom ulike skriftspråk enn bokmålsbrukarane, er det enkelt å kunne argumentere for å velje bort nynorsk når ytre omstende ser ut til å krevje det.

6.1.2 Misforholdet mellom nynorsk- og bokmålskrivarane

Som det går fram av førre kapittel, svarer ei stor gruppe av trønderelevane at dei held seg til normert bokmål når dei skriv på fritida. For desse er ikkje det å skrive på dialekten sin noko alternativ. Tilsvarande er dei som svarer at dei utanfor skolen berre skriv nynorsk den klart minste gruppa (jamfør Figur 9: Skrivespråket på Internett - (E-post/chat/SMS), side 68).

Det blir frå tid til annan brukt som argument at nynorskbrukaren har eit nærmare forhold til skriftspråket sitt enn den gjengse bokmålsbrukaren. I boka *Hjartespåk og skriftmål* (1983) forklarar Vidar Mørk dette misforholdet med at ein som nynorskbrukar i eit bokmålsdominert samfunn heile tida blir gjort merksam på at skriftspråket ein bruker skil seg ut. Dersom ein ikkje gjer medvitne val i møtet med storsamfunnet, vil språket i dei fleste situasjonar bli

bokmål. På den andre sida vil argument for rettane for nynorsken, lett bli oppfatta som kranglevilje og utidig mas. Mørk meiner at den konstante påminninga av at ein tilhøyrer det språklege mindretalet, er med på gi nynorskbrukaren eit nært forhold til språket sitt, medan bokmålsbrukaren oftare tek sitt språk for gitt. Nynorskbrukarane må føre ei tolerant linje og gjere mykje på premissane til bokmålet, medan det ikkje er omvendt.

«Når kristiansandaren får telefonkatalogen på nynorsk, verkar det som eit urimeleg overgrep, mens ørstingane ikkje ser det slik når absolutt alle ferdigpakka varer har tekst på bokmål. Folk som bruker nynorsk er jamt over meir medvitne om sitt målval enn bokmålsbrukarane. Men ein finn også mange døme på at nynorskbrukarar skiftar til bokmål fordi dei ikkje finn gode nok grunnar til å gå mot straumen.»

(Mørk 1983, 20)

Det skal dermed meir til for ein nynorskbrukar å bruke nynorsk, enn for ein bokmålsbrukar å bruke bokmål. Nynorskbrukaren vil fort bli oppfatta som kranglete, eller for å drive «utidig mas», og det løner seg sjeldan, medan bokmålsbrukaren kanskje ikkje forstår problemstillinga ein gong.

6.1.2.1 Bokmål – for å oppnå noko

”Oskar”, femten år og nynorskbrukar frå Volda, innrømmer at han tilpassar seg språket til mottakaren og skriv bokmål dersom han har grunn til å tru at det kan skape trøbbel for han å bruke nynorsk:

«Eg skriv alltid nynorsk, men dersom eg er inne på ulike registreringssider, som for eksempel Lånekassa, og skal sende søknader, så skriv eg på bokmål. Bokmål er kanskje enklare å forstå for dei som skal lese søknaden. ... Eg vil unngå trøbbel. Det er enklare å bli forstått dersom eg bruker bokmål. Uheldigvis, så er det sånn.»

”Oskar” vel altså å skifte til bokmål når han trur mottakaren er bokmålsbrukar. Å skrive bokmål blir oppfatta som det som gir minst motstand i papirmølla, eller som Mørk forklarar det, han *«finn ikkje gode nok grunnar til å gå mot straumen»*, til å skilje seg ut, eller risikere

å ikkje bli forstått ved å skrive på nynorsk. Dømet ”Oskar” viser til, *Statens lånekasse for utdanning*, er ein statleg institusjon der dei tilsette har som krav å meistre begge målformene⁴⁰. Likevel vel han å byte til bokmål. Dette paradokset blir ekstra stort, med tanke på at næraste kontoret til Lånekassa ligg i Ørsta, 9 km unna tettstaden Volda der ”Oskar” bur. Ørsta er like nynorsk som Volda, og kanskje endåtil ”meir nynorsk”, som fødestaden for Ivar Aasen. ”Oskar” er truleg ikkje klar over at kontoret til Lånekassa er så nær, men definerer i staden Lånekassa som noko statleg, noko offentleg, og dermed noko utanfor lokalsamfunnet. Han tek det dermed for gitt at handsamarane er bokmålsbrukarar. Problemet er altså *ikkje* at dei statlege organa ikkje meistrar nynorsk, men den forventninga brukarar som ”Oskar” har til at dei ikkje gjer det. Så sjølv om ”Oskar” veit at han kan krevje å bruke nynorsk, trur han sjansen for å få trøbbel hos sakshandsamarane er så stor at han ikkje torer. Den kalkulerte kostnaden er for stor.

Dersom dette er gjengse tankar hos nynorskbrukarane, kan det vere med å forklare den låge lojaliteten til nynorsken. Som det tydeleg kom fram i førre kapittel, vel like mange av nynorskelevane å skrive bokmål som nynorsk⁴¹. Kanskje er frykta for å virke kranglevoren og tverr i møte med bokmålssamfunnet så stor at ein heller legg vekk nynorsken og går over til bokmål?

Dette behovet for å tekkjast mottakaren avgrensar seg derimot ikkje berre til møtet med offentlege instansar. ”Oskar” fekk tilsvarane spørsmål om korleis han ville svare på ein SMS frå ein austlending. Først svarte han *nynorsk*, deretter modererer han svaret: «*Eller ikkje sånn ordentleg nynorsk då*». ”Oskar” ønskjer nok eigentleg å skrive nynorsk, men reknar med at den andre ikkje forstår det, og dermed kan han ikkje skrive ”ordentleg nynorsk”, men må

⁴⁰ Jamfør fotnote 4, side 4.

⁴¹ sjå side 67

moderere språket litt for at andre skal forstå. Utan å seie det, tek han eigentleg for gitt at mottakaren ikkje er like språkleg kompetent som han sjølv.

”Torunn”, femten år frå Volda, fortel først at ho reagerer på at venninnene hennar skriv på bokmål i bloggane sine, før ho innrømmer at ho sjølv skriv bokmål når ho deltek på ulike samtalsider for å gjere seg forstått:

« Dersom det er folk som eg kjenner frå Volda som skriv på bokmål, då les eg det ikkje. Eg blir provosert og klarer ikkje å få det inn. ... Det er mange venninner av meg som skriv bloggar på bokmål. Det blir så pinglete i forhold til korleis dei snakkar ... Sjølv skriv eg på dialekt, men på opne sider, skriv eg ikkje dialekt lenger. Eg tenker at der skal folk forstå, så der skriv eg faktisk bokmål.»

For at andre folk skal *forstå*, må ho altså skrive *bokmål*. Både ”Oskar” og ”Torunn” yter dermed mottakaren ein rimeleg stor service ved å endre eige skriftspråk for å gjere seg forstått, trass i at desse mottakarane truleg har hatt like mykje nynorskundervisning i skolen som dei sjølve har hatt bokmålsundervisning. Begge to fortel at dei liker nynorsk betre enn bokmålet, men likevel vel dei å bytte skriftspråk når dei meiner omstenda krev det. Dei kompromissar og vel å skrive på *premissane* til *fleirtalet* (Mørk 1983).

Kvar har desse to henta denne tause kunnskapen frå? Ein skal ikkje leite lenge på Internett for å finne blogginnlegg som forfektar og underbyggjer ein praksis der nynorsk blir omtalt som uforståeleg av ikkje-brukarar. Nettutgåvene til norske riksaviser har ofte kommentarfelt under artiklane sine der lesarane kan ytre seg om kva dei meiner. Mange av desse kommentarfelta ser ut til å vere reine ”søppelkasser” for folk med ulike former for frustrasjon, i alt frå sinne over skrivefeil til mishagsytringar over personar som har stukke hovudet for langt fram. Dei fleste av artiklane i norske riksaviser er på bokmål. Dukkar det derimot opp ein kronikk på nynorsk blir svært ofte kommentarfelta fylt opp av protesterande lesarar som ”ikkje forstår” ”spynorsken”. Eit godt døme er den framifrå kronikken ”Antiheltens glansdagar”, skrive av

Kyrre Mathias Goksøyr, først publisert i Argument, deretter i Dagbladet den 20. september 2008⁴². Kronikken handlar i hovudsak om teikneserieheltar av ulikt slag. Kommentarfeltet i Dagbladet er derimot fylt opp av antipatiar mot at teksten er skriven på nynorsk:

« ... Elsker dagbladets nettavis.. ikke gjør meg til en VG nett bruker ved å trykke nynorskartikler skrevet av en aseksuell målmann..»

”Jens” – 20.08.2008 kl. 19:03

«Spynorsk ... kan ikke få denne artikkelen på norsk da?»

”Greet” – 20.08.2008 kl. 20:28

«Gidder noen å oversette til bokmål eller engelsk?»

”Morten” – 20.08.2008 kl. 20:38

Meldinga er klar: ”Skriv for all del bokmål i riksavisene!” Som Mørk skildrar det, opplever altså desse bokmålsbrukarane det å lese nynorsk som eit utidig overgrep, og med dagens nettpolitikk med opne kommentarfelt til avisartiklane skal det ikkje mykje til for ein vanleg nynorskbrukar for å forstå at skal ein gjere seg forstått utanfor heimbygda, må han eller ho leggje om og skrive på bokmål.

Konklusjonen for slike som ”Oskar” og ”Torunn” er altså klar: Nynorsk og bokmål har kvar sine bruksområde. Nynorsken er lokal, bokmålet er nasjonalt, og skal ein gjere seg forstått utanfor heimbygda, må ein skrive bokmål. ”Espen”, femten år frå Volda, har òg registrert dette og formulerer det slik:

«På nettaviser bør det stå sånn ordrett. Lokalaviser bør vere på nynorsk. Riksaviser bør vere på bokmål, for då forstår fleire folk det ... Det kunne derimot vore nokre spesielle plassar der det kunne vore skrivi på nynorsk, for å blande det litt.»

Han meiner at det burde vore plass til meir nynorsk, men er inneforstått med at fleirtalet ikkje skjønar nynorsk. I følgje forklaringsmodellen til Mørk er det ein rimeleg konklusjon. Ein

⁴² <http://www.dagbladet.no/kultur/2008/08/20/544196.html>

bokmålsbrukar treng ikkje forholde seg til nynorsk i like stor grad som nynorskbrukaren må forholde seg til bokmål.

Elevane frå Trondheim deler derimot ikkje synet på nynorsken som uforståeleg. På spørsmål om det ville gjere noko forskjell om nokon skreiv til henne på bokmål eller nynorsk, svarer ”Solveig” frå Trondheim følgjande: *«Nei, eg stussar eigentleg ikkje så mye over det. Eg berre ser kva dei skriv og så skjøner eg det jo.»* På same måte svarer ”Jørn”, fjorten år frå Trondheim: *«...det er lett å lese, ... det er ikkje så veldig stor forskjell»*. Korkje ”Solveig” og ”Jørn” ser problemet med å lese nynorsk. Dette går igjen gjennom alle intervju av elevane frå Trondheim. Dette synet kjem derimot ikkje fram til nynorskbrukarane på Sunnmøre, som i hovudsak forheld seg til innspel som dei på Dagblad-bloggen. Det kan derfor verke som om nynorskbrukarane er meir kritiske til å bruke nynorsken enn bokmålsbrukarane frå Trondheim er til å lese han. Det er nynorskbrukarane som vel bort nynorsk i kommunikasjon med andre i frykt for å skilje seg ut eller bli misforstått, sjølv om mottakarane gjerne kan ha meir nyanserte syn på nynorsk enn det ”søppelkassene” på nettet tyder på.

Bokmålsbrukarane i undersøkinga ser heller ikkje same behovet for å yte språkleg service overfor nynorsbrukarane som ”Oskar” og ”Torunn” meinte dei måtte overfor bokmålsbrukarane. Eit godt døme er ”Mia”, fjorten år frå Trondheim. Ho skriv vanlegvis dialekt, men gjer unntak dersom nokon skriv til ho på bokmål. Ho finn derimot ingen god grunn til å skrive nynorsk:

«Om noen skreiv bokmål til meg, så ville eg nok ha skrive bokmål tilbake, men om dei hadde skrive nynorsk, ville eg nok ha skrive bokmål da òg.»

Ho treng ikkje å ta omsyn til at mottakaren skriv nynorsk. Eit slikt krav ville også verke urimeleg på ho, sidan nynorskbrukaren truleg forstår bokmål. Det er dermed ikkje urimeleg at det er fleire som vel å skrive normert av bokmålslevane enn av nynorskelevane.

Nynorskeleven blir heile tida blir mint på at han tilhøyrrer eit språkleg mindretal som må forholde seg til det språklege fleirtalet. Det fell derfor lett bort som nøytralt skriftspråk.

6.1.3 Dialekt og normert språk

6.1.3.1 Nynorsk og dialekt

Fleire av elevane i intervjurunden avslørde at dei oppfatta nynorsk som noko dialektært. «Å skrive nynorsk» er for dei det same som å skrive på dialekten sin. Fleire av dei fortel òg at dei sjølve «snakkar nynorsk», medan dei austafør «snakkar bokmål». Skiljet mellom talemål og normert skriftspråk kan sjå ut til å vere borte for denne gruppa elevar. ”Kajsa”, seksten år frå Volda, uttrykkjer det slik:

«Både eg og læraren min snakkar jo nynorsk... Ho bestemor snakkar jo òg nynorsk.»

Vidar Mørk hevdar at brukarane av ein dialekt gjerne vil oppfatte dialekten sin som nynorsknær eller bokmålsnær, og dermed til dømes gjerne bruker omgrepa å ”snakke nynorsk” eller ”bokmål”:

«Såleis vil det skriftmålet folk bruker i eit område, også styre den oppfatninga folk i området har av talemålet sitt. Der nynorsk rår som skriftmål ..., vil folk kjenne at dei ”snakkar nynorsk”, og der bokmål rår ... reknar dei med at dei ”snakkar bokmål”.»

(Mørk 1983, 20)

Han hevdar vidare at dialektbrukarar gjerne oppfattar dialekten sin som ein *degenerert* form av anten bokmål eller nynorsk (ibid). Det er fleire av intervjuobjekta frå Volda som seier dei ”snakkar nynorsk”, medan dei eigentleg meiner dialekten sin. ”Geir” frå Volda tilpassar til dømes skrivespråket sitt etter kva dei snakkar ”der nede”:

«Viss eg skal skrive til ein venn på austlandet, ville eg bruke bokmål. Det er vel det dei snakkar der nede...»

I følge han ”snakkar” med andre ord austlendigar bokmål, til forskjell frå han sjølv som dermed må snakke nynorsk. ”Fredrikke” frå Volda skriv for det meste på dialekt, men ho vedgår at dialekten ikkje er forståeleg for alle. Då finn ho nynorsken brukande:

F: Men eg skriv faktisk nynorsk til nokon av chattevennene mine som bur på sørlandet og har sørlandsdialekt. Dei har vanskeleg for å forstå kva det står viss det står på dialekt. Så då skriv eg nynorsk til dei.

H: Er det nokon du vel å skrive bokmål til?

F: Nei, berre av og til. Skulestilar og sånn, der ein må.

...

H: På Facebook, eller andre sånne sider?

F: Eg skriv på dialekt

H: Viss du skal skrive til ein venn på austlandet då?

F: Viss eg veit at dei har problem med å forstå kva eg skriv på dialekt, skriv eg på nynorsk.

Ho skiftar altså skrivespråk alt etter kven målgruppa er, men held seg til dialekt og nynorsk.

Ho opponerer med andre ord mot dei som meiner at ein må skrive bokmål for å gjere seg forstått utanfor heimbygda, men ho er langt på veg unntaket som stadfestar regelen om at ”alle” skiftar til bokmål når dei føler dei må (jf. førre delkapittel).

6.1.3.2 Bokmål og dialekt

Samlege av elevane frå Trondheim uttalte at dei valde å skrive dialekt til medelevar og nære vener, medan dei heller brukte bokmål når dei ville oppnå noko eller sende melding til norsklærarar, samt til personar i besteforeldregenerasjonen. Desse elevane kan stå som representantar for gruppa som svarer ”bokmål og dialekt”. Dei er medvitne om at språket spelar ulike roller alt etter kven som er mottakaren av meldinga som skal formidlast. For desse elevane er skriftleg dialekt ein stor del av den tekstlege kvardagen. Dialekten er heimespråket eller intimspråket, det skriftspråket som dei gjer seg nytte av når dei skal markere nære relasjonar mellom seg sjølve og mottakaren. Bokmålet er språket dei unntaksvis nyttar overfor autoritetar eller når dei ønskjer å bli teke seriøst av folk dei ikkje kjenner.

Det kan virke som om elevane frå Trondheim har etablert to skriftspråk, der bokmålet er karrierespråket, medan skriftfesta dialekt er heimespråket/vene-språket. Elevane ser derfor ut til å meiste skiljet mellom kva som er godkjent skriftspråk i ulike situasjonar. Det er skriving med vener på Internett som står for den største tekstproduksjonen. Dermed er det òg denne skrivemåten som verkar mest relevant.

6.1.3.3 Normert skrivespråk – som aldersindikator

Ein ting er at ein sjølv vel å skrive normert for å oppnå noko hos mottakaren. Noko anna er korleis ein oppfattar andre som skriv bokmål eller nynorsk. Eit av spørsmåla i intervjuet gjekk derfor på kva normert språk på Internett fortel om skrivaren. Dette er eit legitimt spørsmål. Nesten 70% av voldaelevane svarer at dei sjølve berre skriv på dialekt og aldri på normert språk når dei skriv på nettet. Talet på dialektskrivarar er vesentleg hos alle elevgruppene, men størst hos elevgruppene frå sunnmørsskolane. For desse elevane er både bokmål og nynorsk det unormale. ”Geir”, femten år frå Volda, meiner det å skrive bokmål eller nynorsk er eit aldersfenomen:

«Det er litt eldre personar som skriv heilt ordrett nynorsk og bokmål. Dei som er yngre, tjue år og under, skriv ganske direkte på dialekt.»

Normert språk er altså for dei over tjue år, og han får støtte hos ”Torunn”. Ho går derimot lenger og definerer nynorskskrivaren som dobbelt så gammal som det ”Geir” meinte han var:

«...viss du skriv nynorsk så ... virkar [du] litt eldre. På Facebook ... er det ofte førti-femti-åringar som skriv ”eg”.»

”Fredrikke”, femten år frå Volda, er einig. På spørsmål om kva dialektskriving seier om ein person, svarer ho at «det ikkje er ein vaksen person». På spørsmål om å spesifisere kor gammal ein vaksen person er, svarer ho:

«Det spørts, men eg trur ikkje det er vanleg å skrive dialekt viss ein er over tjuefem [latter] berre for å seie sånn cirka.»

Dialektskrivaren er i hennar auge under tjuefem år, ein som framleis ikkje er *vaksen nok* til å skrive normert. Ho går òg langt i å forklare kvifor ho meiner det er slik:

«Viss nokon skriv noko på formelt bokmål eller nynorsk, gir det meg eit inntrykk av at det er ein vaksen person, fordi dei har vant seg til, og alltid har skrive sånn. Dei har skrive på eit skriftspråk, og dialekt er ikkje eit skriftspråk, så det er noko som har kome i seinare tid. Foreldra mine skriv på nynorsk.»

Ho meiner vaksne (dei over tjuefem) skriv på nynorsk fordi dei har lært det. At ho sjølv har lært å skrive nynorsk på skolen, vektlegg ho ikkje. Ho har eit poeng. Dagens teknologi opnar for ein heilt annan skriftleg kommunikasjon enn berre for få år tilbake. Å skrive på dialekt er ikkje noko nytt. Det nye er at den skriftlege dialekten no ligg synleg ute for alle på *Facebook*, *Nettby* eller gjennom andre pratekanalar. Til forskjell frå det personlege brevet, eller postkortet som berre var stila til enkelte, er meldingane på Internett skrivne for at flest mogleg skal lese dei. Den skriftspråklege livsverda til ”Fredrikke” er i stor grad på Internett, og der er mykje av teksten ho les skriven på dialekt. Ho vel sjølv å skrive på dialekt. Det ville vore interessant å sjå nærare på omfanget av denne nettskrivinga, og samanlikne motivasjonen for dialektskriving versus skoleskrivinga.

”Ragnhild”, femten år frå Trondheim, er einig med jamaldringane frå Volda. På spørsmål om kven som vel å skrive på dialekt svarer ho:

«Unge folk, kanskje. Dei som er på vår alder. Før var det fleire som skreiv bokmål, trur eg, men no har det begynt å bli meir vanleg med dialekt ... Eg trur ikkje det er så veldig mange vaksne som skriv på dialekt.»

”Jørn”, fjorten år frå Trondheim, er også klar på at han skil mellom korleis han skriv til jamaldringar og til vaksne familiemedlemmar:

«Til venene mine, som ikkje er familie, så skriv eg på trøndersk, men til familien min, som til bestemor som er litt finare, så skriv eg bokmål.»

I ei intervjurunde Kristin Kibsgaard Sjøhelle gjennomførte med vidaregåandelevlar frå Trondheim, kom det fram at ein del av intervjuobjekta fann at å skrive dialekt er noko ein driv med på ungdomsskolen, eit slags fjortisspråk (Sjøhelle 2012). For denne gruppa elevar representerer overgangen frå å skrive dialekt til rein bokmål ein slags overgang til vaksenverda. I vaksenverda bruker ein bokmål. Det er tydeleg kommunisert gjennom aviser, bøker og alle andre mediekanalar.

Men er eigentleg dialektskrivinga avgrensa til eit ungdomsspråk, nærmast som eit språkleg ungdomsopprør? Mykje kan tyde på at haldningane til dette er noko meir varierte for elevane på Sunnmøre. På spørsmål om ho kjem til å gå over til å skrive nynorsk når ho blir vaksen, svarer ”Fredrikke” frå Volda:

«Eg skriv meldingar på dialekt, og no har eg vant meg til det, så eg veit ikkje om eg kjem til å slutte med det. Eg har ingen planar om det, i alle fall ikkje til andre vendingar.»

”Espen”, femten år frå Volda, er ueinig. Han meiner dialekten først og fremst er eit geografisk kjennemerke, og ikkje noko spesielt for noko aldersgruppe:

«Dialekten fortel om kvar personen kjem frå, og litt om korleis han er som person. Det fortel ikkje noko om alderen på han eller ho.»

Likevel meiner han at det er sosiale skilnader på kven som kan skrive dialekt og ikkje. På spørsmål om korleis til dømes ein lærar ville skrive på dialekt, svarer han «*Eg har aldri sett lærarar som skriv dialekt*». Dialektskrivinga passar altså ikkje inn hos personar som på ein eller annan måte treng autoritet, medan alder åleine altså ikkje er noko hindring for å skrive på dialekt.

Her kan ein spore ein mogleg skilnad mellom haldningane til elevane frå dei to regionane. Sjølv om desse utsegnene berre kan hengast på enkelspersonar, finn dei støtte i talmaterialet frå spørjeundersøkinga. Det er langt fleire ”reine” dialektskrivarar blant sunnmørselevane med nynorsk som opplæringsmål, enn blant trondheimselevane med bokmål som opplæringsmål. Likeeins er det jamt over langt fleire av trondheimselevane enn sunnmørselevane som vel å skrive normert. Dette kan støtte ein hypotese om at det er vanlegare for nynorskelevane enn for bokmåselevane å halde fram med å skrive dialekt.

6.1.3.4 Den ”vanskelege” nynorsken

Ein forklaringsmodell kan vere at nynorsk er for vanskeleg til å bli brukt i ”skriftleg daglegtale”. Her kan ein drage parallellar til normeringsdebatten. Eitt av argumenta for at Språkrådet no har gått i gang med å endre nynorskrettskrivinga, har nettopp vore at nynorsken er *for vanskeleg*.

«På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2002, seinare offentleg ordskifte, språkmeldinga frå 2008 og drøftinga av denne i Stortinget våren 2009 set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm.»⁴³ (mi understreking)

Det underliggjande argumentet er altså at nynorsken i dag er *utydeleg, vanskeleg* og med *for mange sideformer*. Rettskrivinga gjer det altså vanskeleg å skrive *korrekt nynorsk*. Eit interessant spørsmål er likevel kven nynorsk er vanskeleg for? ”Torunn”, femten år frå Volda, fekk spørsmålet om kva ho ville velje å lese dersom ein tekst både var skriven på bokmål og nynorsk:

«Eg veit ikkje, det kan faktisk godt hende – eg er ikkje sikker – men eg kan kanskje velje å lese det på bokmål? ... fordi det er så mange vanskelege ord

⁴³ Sitatet er henta frå punkt 1 i mandatet til gruppa som har fått i oppgåve å revidere nynorskrettskrivinga: <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/Mandatet/>

på nynorsk. Men likevel så likar eg best å skrive nynorsk sjølv, så det er litt merkeleg.»

Hennar tankar støttar dermed ideen om ”den vanskelege nynorsken”, men berre til ei viss grad. Når eg spurte henne om ho kunne forklare litt nærare kva ho meinte, om det betydde at ho helst las bokmål, medan ho skreiv nynorsk, stadfesta ho først det, men kommenterte deretter at det var avhengig av *typen* nynorsk:

«Eg likar godt å lese nynorsk òg, då, så eg veit ikkje sikkert. Det spørst om det er ein veldig 'hard' nynorsk, eller om det er 'normalt' slik eg ser det.»

”Torunn”, som i resten av intervjuet er ein trugen forsvarar av nynorsken, vel altså bort nynorsk dersom han er for hard og vanskeleg. Det er lett å tolke dette som eit argument mot dei kreftene som ønskjer å fjerne nynorsk frå bokmål ved å fjerne dei sideformene som liknar.

”Kajsa”, seksten år frå Volda, svarer først at ho bruker både bokmål og nynorsk. Ut frå resten av samtalen kan det sjå ut som ho eigentleg meinte dialekt – ikkje nynorsk. Dette blir tydeleg når ho skal forklare korleis ho skriv i sosiale medium. Nynorsken som blir nemnt i innleiinga, blir bytt ut til fordel for dialekten mot slutten av avsnittet.

K: På Nettby, der skriv eg for det meste dialekt, medan på Facebook, da skriv eg både bokmål og nynorsk. Eg skriv dialekt også, men ... Eg brukar å skrive dialekt og bokmål. Dei som opprettar grupper på Facebook vil vere seriøse, og for at det skal virke meir seriøst, skriv ein heller bokmål enn dialekt.

H: Men du vel ikkje å skrive nynorsk då?

K: Nei, eg vel heller å skrive dialekten.

Ho vel altså å skrive på bokmål for å bli oppfatta som ”seriøs”, medan alternativet elles er å skrive på dialekt. Dialekten er for henne det personlege alternativet til det seriøse bokmålet. Ho fortel vidare at ho vel å blogge på bokmål, sjølv om ho lærer og skriv nynorsk på skolen. Forklaringa stemmer godt overeins med den ”Fredrikke” kom med tidlegare:

«Eg syns bokmål er enklast å lese, fordi orda på nynorsk ofte er vanskelege. Bokmål har enklare ord, medan nynorsk har spesielle endingar på ting. Bokmål finns det berre eitt av. Eg føler bokmålet er mykje reinare.»

Ho opplever altså bokmålet som ”enklare” og ”reinare” og stadfestar inntrykket av eit vanskeleg nynorsk. ”Espen”, femten år frå Volda, meiner ingen bruker nynorsk til å snakke med på nettet.

«Ein som skriv på beint bokmål er ganske ”old school”. No skriv alle på dialekt, ungdommar i mellom. Dei som skriv på bokmål er anten frå oslo eller nedi der. Det skjer aldri at nokon skriv på reint nynorsk.»

Det kan vere interessant å undersøkje nærmare kvar dette intrykket av den vanskelege nynorsken kjem frå.

6.1.4 Dialektskrivarar

Sjølv om ikkje dialektar har noko formell rettskriving, finst det tydelege konvensjonar for korleis ein skal uttrykkje seg skriftleg på dialekten sin når ein kommuniserer til dømes på Facebook (Skog 2009). For mange har det å skrive på dialekt blitt det normale. ”Fredrikke”, seksten år frå Volda, fortel at skrivinga hennar er som eit framhald av pratinga hennar. Ho meiner òg at alle andre voldingane gjer som ho, og i følgje Figur 9 side 68 har ho sitt på det tørre:

«Eg skriv som eg snakkar – dialekt! Det er veldig vanleg no, i allefall for voldingar. Eg veit ikkje korleis det er med resten av Norge, men vi skriv e-j, ”ej”⁴⁴ for eksempel. Dei fleste som bur her har vent seg til å skrive sånn.»

”Solveig”, femten år frå Trondheim, er einig og stadfestar dermed at dialektskriving er noko sams for både trondhjemmarar og voldingar.

« Viss du kjem frå Trondhjem, så syns eg det passar best om du skriv trøndersk. Når du ein frå ein plass, så skriv ein slik òg...»

⁴⁴ Mange sunnmøringar realiserer <g> i «eg» som ein stemt palatal approksimant /j/ og ikkje som ein stemt velar plosiv /g/. Å skrive «ej» er dermed ein lokal måte for folk på Søre Sunnmøre å skrive 1. person eintal, altså «eg». Dette er truleg ein lydrett (ortofon) skrivemåte.

Den skriftlege dialekten er med andre ord med på å identifisere deg som den du er. Dette er truleg viktigare i dag enn for kort tid tilbake. På nettet kan det daglege kontaktnettet gå langt utover den bygda eller den byen ein bur i. Dersom den einaste kontakten ein har med andre er gjennom tekstar på skjermen, blir måten teksten er skriven på viktig i identifiseringa av skrivaren som person.

Frå Trondheim svarte om lag 20% av elevane i spørjeundersøkinga at dei utan unntak skreiv på dialekt utanfor skoletida. Ingen av elevane frå intervjurunden høyrer til denne gruppa. Alle svarer at dei i større eller mindre grad varierer mellom å bruke bokmål og dialekt. I nokre tekstsjangrar kan det derimot verke som om skriftleg dialekt står sterkare enn andre. ”Jørn”, fjorten år frå Trondheim, svarer slik:

« Nei, eg skriv som eg snakkar, på trøndersk, når eg chatte. Men på skolen så skriv eg bokmål. »

”Ragnhild”, femten år frå Trondheim, forklarar det slik:

« Eg bruker å lese bloggane deira nokre gonger, og syns det er best når dei skriv bokmål. Eg har aldri lest nokon bloggar som er på noko anna enn bokmål. ... På chattesider, og på sider som Nettby og Facebook, skriv folk som oftast på trøndersk. Eg syns det er heilt greit. Sjølv skriv eg på trøndersk. »

Ho har tydeleg gjort seg opp ei meining om at det er den skriftlege dialekten som passar best i sosiale medium, medan bloggar bør vere på bokmål. Her ser ein konturane av eit sjangermedvit, der bokmål tydeleg er noko meir formelt enn dialekten. Av sunnmørselevane er det den klart største gruppa elevar som svarer at dei skriv på dialekt. Til dømes meiner heile 68% av voldaelevane at dei *berre* skriv dialekt. ”Espen”, femten år, forklarar:

« Eg skriv som regel dialekt, sånn som eg snakkar sjølv. Eg skriv ”ej” og ”e” for ”eg” og ”er”. »

”Geir”, femten år, utdypar dette med at han skriv på dialekten sin når han skal forsvare eit standpunkt han må stå inne for i ettertid: «*Dersom eg skal stå for det eg seier skriv eg dialekt, som regel*». Han går dermed langt i å leggje identiteten sin i måten han framstår skriftleg på nettet .

6.1.5 Sjangermedvit

Elevane i intervjuet svarer utan unntak at dei varierer måten dei uttrykkjer seg skriftleg på. Dei er òg ganske sikre på typar språk som høver i ulike tekstsjangrar. Som diskutert over, opplever mange det å skrive dialekt som eit ungdomsfenomen, medan normert språk er noko dei vaksne driv på med. Men dei fleste skil også mellom kva språk som høver best i ulike publiserte tekstar. ”Kajsa”, seksten år frå Volda, er klar på at det er bokmål som passar i alle trykte medium, men gjer unntak for kåseri:

H: Kva passar best dersom du skal lese ei bok, ein roman eller noko sånt?

K: Anten nynorsk eller bokmål. Eg liker best kåseri på nynorsk.

H: Viss du skal lese dikt, då?

K: Bokmål, eller engelsk. Dei blir ofte finare då.

H: Teikneseriar. Les du teikneseriar?

K: Ja. Der passar bokmål best.

H: I bloggar.

K: Bokmål. Eg skriv blogg sjølv, og då skriv eg heilt reint bokmål.

At kåseri og bøker like godt kan vere på bokmål som nynorsk er ikkje overraskande. ”Kajsa” har nynorsk som opplæringsmål og har dermed lært om kåseri og bøker på nynorsk.

”Torunn”, femten år frå Volda, skil også mellom kva sjangrar bokmål, nynorsk og dialekt passar best:

H: Viss du for eksempel skulle lese ei bok, eller ein roman. Kva språk hadde passa best?

T: Det er vel bokmål.

H: Viss du skal lese dikt?

T: Der kan eigentleg alle språk passe.

H: Songtekster, då?

- T: *Der syns eg det er stilig om det er på dialekt, for då får du meir preg på det, på ein måte.*
- H: *Teikneseriar les du det?*
- T: *Ikkje så mykje, men Hårek funkar fint, så nynorsk går greitt det òg. Det funkar med det meste. Men ein lang tjukk serie fungerer best på bokmål.*
- ...
- H: *Viss du er inne på chatte-sider, då, eller forum av forskjellige slag?*
- T: *... der skriv eg faktisk bokmål.*

Ho argumenrerer med andre ord for at nynorsk er lokal og skriftleg dialekt er personleg, medan bokmål høver best i tekstsjangrar som har relevans ut over det lokale og personlege. Dette stemmer godt overeins med svaret til "Fredrikke", seksten år frå Volda. Hennes svar er eit tydeleg døme på at elevane er fullstendig medvitne at ein skriv annleis på skolen og på fritida. For henne er skoleskrivinga assosiert med sjangerreglar og rettskriving, medan ho på fritida kan skrive som ho vil.

- H: *Når du skriv på skulen, kva er det du må ta omsyn til då?*
- F: *Eg må leggje ekstra vekt på alle desse reglane. Skrivereglar, rettskriving og sjangerkjenneteikn. Og vi bruker å få oppgåver der du for eksempel får "skriv eit kåseri". Då må det vere eit kåseri og ikkje eit essay, for eksempel.*
- H: *Korleis er det når du skriv på nett, då?*
- F: *Då berre gløyme eg alle desse reglane, og skrive heilt spontant. For det er det eg har inne i hovudet då.*

Dette er ganske gjennomført hos alle dei intervjua elevane; dei skil mellom seriøse tekstar og spontant skrivne tekstar. Forventninga til korleis mottakaren ser på teksten er altså med på å styre skivinga i ei *seriøs* eller ei *spontan* retning. Den spontane teksten har andre kvalitetar og skal kommunisere på andre premisser enn den seriøse teksten.

6.1.6 Skrifta på skjermen

Gunther Kress hevdar i *Literacy in the New Media Age* at vi i dag kan spore klare differansar i lesestrategiar mellom generasjonane med omsyn til kva informasjon lesarane fangar opp.

Kress stiller med bakgrunn i dette spørsmål om kva skriftspråkleg kultur som er i framvekst som følgje av nye medium (Kress 2003).

Teksten ein finn i e-post, chat og i andre nettbaserte kommunikasjonskanalar er prega av biletleggjorde tilleggssymbol, som er med å tillegge ekstra meining til teksten. Det skrivne ordet blir av mange oppfatta både seriøst og alvorleg. I munnleg tale kan ein leggje ulik tyngde bak eit uttrykk ved til dømes å leggje ansiktet i alvorlege faldar eller å flire det bort. I skrift har ein i utgangspunktet ikkje sjansen til å gjere det same, og må supplere teksten med ulike typar smilefjes, eller *emoticons*⁴⁵ (kjensle-ikon) for å byggje ut innhaldet i meldinga. Dette blir spesielt viktig i korte meldingar, der ulik tolking av ei utsegn kan snu meininga på hovudet. Dette er noko Ture Schwebs og Hildegunn Otnes diskuterer i boka *Tekst.no* (Schewbs og Otnes 2006).

Alfabetssystemet i vesten er bygd opp av teikn som symboliserer lydar. I følgje Kress har desse lagt store føringar med omsyn til lesing av tekst. Dei nye media trekkjer inn biletformatet i teksten . Dei er ikkje inkludert i den tradisjonelle måten å lese tekst på. Kombinasjonen av bilete/tekst omtalar Kress som multimodalitet⁴⁶. Denne stadig aukande bruken av supplerande uttrykk i teksten, krev nye ferdigheiter hos lesaren og tekstskaparen, men fordrar òg nye faglege perspektiv om kva lesing inneber.

Gunther Kress forsøker å forklare denne skilnaden ved å dele publiserte tekstar i to grupper:

⁴⁵ Eit **emoticon** er eit tekstleg uttrykk som representerer kjensla til skrivaren eller eit ansiktsuttrykk. Emoticon er ofte brukt for å forklare eller åtvare mottakaren om kva som er meininga eller kjensla bak meldinga, og kan endre eller forbetre meiningsberinga av ei rein tekst. (kjelde: <http://en.wikipedia.org/wiki/Emoticon>)

⁴⁶ **Multimodalitet** tyder «på mange måtar». Ein modalitet er altså ein måte å skape meining på og står i motsetnad til ideen om "monomodalitet" som lenge har prega vesten, særleg skole og akademia: Språkvitskapen studerer språk, musikkvitskapen studerer musikk osv. Dagens kommunikasjonsformer, særleg som følgje av utviklinga innan web-teknologi, har gjort oss medvitne om at ulike typar teiknsystem kan verke saman i kommunikasjon. Særleg siste tiåret har multimodalitet fått stor merksemd i språkvitskapleg og semiotisk forskning. Sentrale teoriutviklarar har vore Gunther Kress og Theo van Leeuwen. I *Kunnskapsløftet* blir multimodale tekstar omtalte som «samansette tekstar».

Den første er den ”seriøse” lesinga som omfattar lesing av bøker, aviser og annan forklarande litteratur. Kress omtalar dette som den forteljande teksten som har til formål å overbevise lesaren om noko, og dermed er utvikla for eit lineært skrive- og lesesett. Denne teksten har eit avgrensa utval bokstavar, som alle står for sine egne lydar, oppdelt av komma, tankestrekar og punktum for å lette lesinga av lang tekst (Kress 2003).

Den andre typen er den biletlege eller multimodale teksten som har til formål å overføre ulike sett av kjensler og meiningar på minst mogleg plass. I denne teksten er det i tillegg til bokstavane, ei mengde bilete, ikon og smilefjes som til saman er med på å overlesse lesaren med inntrykk som alle peikar ei lei, mot essensen i meldinga. Det er denne andre teksttypen elevane i undersøkinga ser ut til å lese mest av, og i desse tekstane er ikkje nynorsk eller bokmålsrettskriving særleg viktig. Her er det innhaldet som er viktig, og det får ein fram på mange ulike måtar. Formålet med skrivinga er utelukkande kommunikasjon.

6.1.6.1 Ein språkleg medierevolusjon

På sekstitalet kom Marshall McLuhan med ein kritikk av moderne massemedium. *The Medium is the Message* (McLuhan 1964) har kanskje blitt eit mantra for mange – som ein leveregel i søket etter merksemd – men i utgangspunktet var utsegna meint som ein kritikk av TV-mediet. MacLuhan argumenterer for at endringa som kom med TV-mediet, var ein språkleg revolusjon der munnleg tale og bilete delvis erstatta skriven tekst som meiningsberande ytringar.

MacLuhan meinte vidare at TV har for mykje ”støy” som ikkje vedgår ei sakleg oppfatting av eit emne (McLuhan 1964, 8). TV-mediet appellerer altså meir til det emosjonelle, i motsetnad til aviser og tidsskrift som gir lesaren tid til å la intellektet avgjere. Dette er eit poeng som

gjerne blir brukt i forklaringa på kor ulikt radiolyttarar og TV-sjåarar oppfatta Nixon og Kennedy i den berømte TV-debatten 1960⁴⁷.

Dagens medierevolusjon er innføringa av kommunikasjonskanalen Internett. Denne vidarefører og utviklar på mange måtar det spontane og munnlege, men går òg delvis andre vegen sidan alle no kan skrive og publisere tekst for andre. Vi er ikkje lenger avhengige av redaktørar og forleggjarar for å nå andre med tekstane våre. Som diskutert over, har denne revolusjonen òg innverknad på måten ein uttrykkjer seg skriftleg på. Lange resonnement blir bytta ut med kjappe meldingar og ulike former for kjensle-ikon (Kress 2003).

Slik blir den skrivne teksten både utvida og innskrenka på ein gong. Som skrivarar (tekstprodusentar) har vi eit større register av teikn og bilete til å uttrykkje meiningar og kjensler på, samstundes blir vi som lesarar (tekst-konsumentar) (Østerud 2008) rastlause og utolmodige, på leiting etter det biletet eller smilefjeset som kan seie noko om den doble budskapen i meldinga. I tillegg er skjermttekstar ofte lenkja saman med andre skjermttekstar (hyperlenkjer), noko som gjer lesinga av teksten hakkete og hoppande. Vi har heile tida tilgang på utveggar frå dokumentet, til bakgrunnsinformasjon eller nærskyldte emne som kanskje også kan verke interessante.

6.2 Identitet

Identitet er eit komplekst omgrep og omfattar både personleg og sosial identitet. Den personlege identiteten omfattar oppfattinga eit individ har av seg sjølv som unik i forhold til alle andre, medan den sosiale identiteten definerer *sjølv*-et som medlem av ei særskild gruppe (Mæhlum 2003, 106). Desse to oppfattingane er på ein måte to sider av same sak. Ein er unik, men blir likevel definert inn i ein gruppefelleskap. Identitetsomgrepet dreier seg altså om kven vi er, einskilde eller i grupper, og det blir brukt i den individuelle og kollektive

⁴⁷ <http://www.museum.tv/eotvsection.php?entrycode=kennedy-nixon>

handsaminga av personlege og sosiale omveltingar. Ein kan velje å sjå på identiteten som essensen av kven ein er, eller har vorte i møte med andre. Desse ulike syna kallar ein *essensialisme* og *konstruktivisme*.

Innanfor essensialismen er identiteten det ein *eigentleg er*, medan ein i ulike høve kan ta på seg ulike roller alt etter kva omstende ein går inn i. Identiteten er altså noko menneske har *ein* og berre *ein* av, noko opphaveleg, uforanderleg og umisteleg. Ut frå ein essensialistisk tankegang er identiteten konstituert av eit sett medfødde kjerneeigenskapar, som til saman utgjer ein heilskapleg og uforanderleg storleik (ibid, 108). Vidar Mørk definerer *hjartesspråket*⁴⁸ som det talemålet ein definerer identiteten sin gjennom. Han argumenterer med at sidan talemålet ofte festar seg ein gong mellom 10 og 20-årsdagen til ein språkbrukar, vil det språkmiljøet ein kjenner seg heime i kring sekstenårsdagen, vere det som ein seinare vender tilbake til som den ”eigentlege” dialekten sin: «*Hjartesspråket åt ein person er det talemålssystemet som dominerte i det språkmiljøet personen levde i da han var 16 år*» (Mørk 1983, 46). Det har seinare vorte vanleg å omtale nynorsk som hjartesspråket til nynorskbrukaren. Tanken er då at bruken av nynorsk viser til «*ei handling som eksplisitt eller implisitt viser til kven du er, eller kven du vil vere*» (Hjorthol 2004, 58).

Ideen om *hjartesspråket*, uavhengig om ein meiner dialekt eller nynorsk, høver godt under essensialismen. Han stemmer òg godt overeins med kvardagsoppfatninga til mange av oss, som gjerne tek med dialekten i ei eller anna form på lasset, sjølv om vi byttar bustadsadresse både ein og fleire gonger i løpet av livet. Ein sunnmøring busett i Oslo vil til dømes vere snar med å påpeike at han *eigentleg* kjem frå Ørsta. Dette eigeomsforholdet til den opprinnelege *heimstaden* blir understreka med korleis ein snakkar, og dialekten blir slik i sterkare eller

⁴⁸ Ordet *hjartesspråk* blir òg brukt i andre samanhengar, både som uttrykk for religiøst språk og kjenslespråk. I denne oppgåva held eg meg til omgrep som handlar om språkleg identitet.

mildare grad, ein identitetsmarkør. Å bruke nynorsk markerer på same viset til ei kulturell kopling, og kan blottleggje identiteten til brukaren.

Innanfor konstruktivismen påstår ein at menneske har mange ulike identitetar. Identiteten er noko ein ikkje berre har, men noko ein må leite etter, finne eller bygge opp. Identiteten er noko som endrar seg gjennom livsløpet og som ein kan risikere å miste. Innanfor ein konstruktivistisk tankegang blir det lagt vekt på identitet som ein meiningskapande prosess gjennom handling, praksis og interaksjon med omgjevnadene (Mæhlum 2003, 108). Ut frå ein slik tanke har alle eit eige identitetspotensial som ein langt på veg bestemmer over.

I denne samanhengen står *refleksivitet* og *den andre* fram som viktige omgrep i konstruksjonen av eigen sosial identitet. Dei er grunnleggande element innan teoriane om identitetskonstruksjon og symbolsk interaksjonisme, utvikla av Mead og seinare Goffman. Det er i relasjon til andre at ein blir seg sjølv, eller som Mead skal ha sagt det ”*We must be others if we are to be ourselves*” (etter Røyneland 2005, 111).

For elevane i intervjurunda er den konstruerte identiteten ein viktig del av det å vere på nett. Det munnlege skrivespråket er med på å vise nærleiken til den ein skriv til. Dette blir forsterka når tekstane som blir utveksla er skrivne på dialekt. Sjølv om det å skrive på dialekt følgjer somme konvensjonar, legg gjerne skrivaren inn si eiga personlege rettskriving, og tydeleggjer dermed ytterlegare kven som er avsendaren. Avsendaren markerer med andre ord ganske tydeleg kven han er gjennom det språket han uttrykkjer seg på. ”Torunn”, frå Volda, forklarar forskjellen mellom skrivartypane på nettet slik:

« ... *Dialekt: då er du blitt litt meir 'laus' kanskje? ... Og folk som nesten er sossar skriv på bokmål, sjølv om dei egentleg ikkje gjer det.*»

Ho stadfestar med andre ord at identiteten er relativ. Ein kan velje kven ein ønskjer å framstå som gjennom det språket og den rettskrivinga ein vel å vere ein del av. Så sjølv om ho meiner

venene egentleg burde skrive annleis (essensialismen), konstruerer dei langt på veg sin eigen digitale identitet gjennom å velje andre skrivemåtar enn det som er gjengs i veneflokken.

6.2.1 Identitet i ein digital kvardag

I boka "Å være på nett" diskuterer forfattarane kva kompetanse unge av i dag utviklar gjennom digital kommunikasjon. Ungdommar er både konsumentar og produsentar i ein altomfemnande kommunikasjonsfelleskap. Dei må derfor meistre fleire roller, både som mottakarar og fortolkarar, men òg som produsentar og avsendarar av eigne tekstar (Østerud 2008, 46). Sosiale medium er med på å synleggjere *einskild*individet i langt større grad enn før. Gjennom offentleg tilgjengelege nettsider legg ein som privatperson ut bilete av seg sjølv, samt informasjon om politiske, sosiale og religiøse sympatiar og antipatiar. All informasjonen er med på å fortelje andre kven ein er, eller kven ein *ønsker* å vere (Skog 2009, 23).

6.2.2 Språkleg identitet

På same måten er språket vi bruker på Internett med på å definere kven vi er. All språkbruk er uttrykk for individuelt motiverte handlingar. Måten ein snakkar på i ulike situasjonar er med på å definere oss i vårt eige identitetsprosjekt.

«... The individual creates for himself the patterns of his linguistic behaviour so as to resemble those of the group or groups with which ... he wishes to be identified, or so as to be unlike those from whom he wishes to be distinguished.»

(Tabouret-Keller 1997, 181)

Ein kan velje å sjå på den språklege identiteten som medvitne val i forhold til omgjevnadene (*tilpassingsteorien*), eller som resultat av sosiale påverknader (*den sosiale nettverksteorien*). I følgje tilpassingsteorien vil det alltid gå føre seg ei viss interaksjonell synkronisering mellom språkbrukaren og dei sosiale omgjevnadene. Teorien prøver å forklare både den språklege tilpassinga som går føre seg i ei konkret sosial samhandling, og meir langsiktige språklege tilpassingar. Gunnstein Akselberg skildrar dette gjennom *konvergens* og *divergens*, der

konvergens er den språklege tilpassinga medan divergens viser kva vi ønskjer å ta avstand frå (Akselberg 2003, 160). Mange av elevane uttrykkjer at dei vel skrivespråk alt etter kven dei ønskjer å bli assosierte med. Dei fleste vel å skrive dialekt (konvergens) for å passe inn i venegjengen, medan somme vel bort nynorsk (divergens) for ikkje å bli teken for å vere eldre enn dei er.

Teorien om sosiale nettverk fokuserer på kva ulike grupper språkbrukaren høyrer til og tek utgangspunkt i kontaktnettet til kvar einskild. Kontakten mellom grupper av menneske som utgjør ei eller anna form for sosial fellesskap, kan skildrast som eit sosialt nettverk, der det gjeld visse normer for korleis ein skal bruke språket i kontakt med andre. Nettverket fungerer dermed som ein slags kontrollinstans for korleis ein uttrykkjer seg.

«... close-knit network structures function as important mechanisms of vernacular maintenance, with a powerful capacity to resist the social pressures associated with the standard language.»

(Milroy 1980, 169)

Jamfør Kari Wagner sine tankar om kor viktige omgivnadene er for kvar einskildindivid i innlæringa av språk (Wagner 2008). ”Kajsa”, femten år frå Volda, uttaler at språket i meldingar og på Internett tydeleg er med på å forklare kven ein er. Ho går så langt som å definere språkbrukarar av ulike skriftnormer som *oss* og *dei*:

H: *Viss du fekk ei melding frå nokon som skreiv på dialekt, som du ikkje visste kven var, kor omtrentleg gammal ville du tru at han var?*

K: *Eg ville tenkt han var frå tolv til tjuetve?*

H: *Så over femogtjuetve så skriv ein kanskje annleis?*

K: *Ja*

H: *Viss du fekk ei melding då, frå nokon som skreiv heilt formelt rett bokmål eller nynorsk? Kva ville det fortalt om personen?*

K: *Ein veldig ordentleg person. Ein gammal ein [latter], nei ein som er veldig fin på språket.*

”Kajsa” er ikkje åleine. Alle intervjuobjekta frå Volda var klare på når det var akseptabelt å bruke nynorsk og når det passa å bruke dialekt. Når fleirtalet av elevane i undersøkinga svarer at dei skriv dialekt og det å skrive normert nynorsk blir oppfatta som noko *gammaldags*, noko for dei over 25, er det truleg for å definere seg sjølv som ein del av den sosiale fellesskapen. Trass i at dei gjennom skolen truleg har fått opplæring i kva som er *korrekt* språk, vel dei altså å endre rettskrivinga for å bli godkjente i det sosiale nettverket.

6.2.3 Kodeveksling

Kodeveksling blir vanlegvis definert som bruken av fleire språk, eller koder, anten i ein og same kommunikasjonsituasjon, eller i skifte mellom ulike sosiale kontekstar (Mæhlum 2007, 26). Kodeveksling gjeld både i byte mellom fleire språk, men òg i byte mellom fleire varietetar av same språk (Engen og Kulbrandstad 2004, 65). I litteraturen om kodeveksling finst det mange ulike definisjonar og avgrensingar av emnet. Nokre reknar berre veksling mellom to heilt ulike språk som kodeveksling, andre inkluderer veksling mellom ulike dialektar og register (Røyneland 2005, 47). Eg ønskjer å nytte ein vid definisjon og inkluderer skifte mellom skriftleg dialekt og skriftleg normert språk som kodeveksling.

Myers-Scotton har vidareutvikla ein modell for kor markert noko blir oppfatta (*The markedness model*). Modellen prøver å forklare kva sosiopsykologiske motivasjonar språkbrukaren har for å kodeveksle (Myers-Scotton 1993, 75). Modellen føreset at språkbrukarane har ei kjensle av kva som blir oppfatta som markert eller ikkje i forhold til dei ulike lingvistiske kodene som er tilgjengelege til ei kvar tid. Brukarane vel kode ut frå kven dei snakkar med og ut frå kva forhold dei ønskjer å skape til denne personen.

Modellen opererer med to hovudkategoriar, umarkert og markert kode. Dersom dei ulike kodane blir brukte i samsvar med samfunnsnormene, er det *umarkert* val av kode, og vekslinga mellom variantane er som forventa. I motsett fall bryt språkbrukaren med det

forventa mønsteret, og vel ein *markert* kode (Aarsæther 2004, 19). Myers-Scotton understrekar at språkvalet ikkje er gjort på førehand. Språkbrukaren vel språkkode fritt og ut frå eit kost-nytte-perspektiv (ibid, 20). Språkbrukaren vurderer språkvalet ut frå kva konsekvensar det vil få for han/ho, og ut frå kva signal han/ho ønskjer å formidle til omverda.

I intervjumaterialet går det fram at elevane, uavhengig av region, har eit syn på kva som er passende språk i ulike samanhengar. ”Å skrive dialekt” i kommunikasjon med andre i gruppa av jamaldringar, blir av nesten samtlege oppfatta som den mest umarkerte koda. Då passar ein inn i den sosiale fellesskapen. «Å skrive nynorsk» blir det absolutt mest markerte – til og med for elevane som har nynorsk som opplæringsmål. Dette viser dei med at fleirtalet av elevane fortel at dei anten vil halde fram med å skrive dialekt, eller vil skifte til bokmål dersom dei trur mottakarane ikkje sjølve har nynorsk som opplæringsmål, eller kjem frå ein annan stad i landet der sunnmørsdialekten ikkje nødvendigvis vil vere like lett å forstå.

Elevane er dermed skriftlege kodevekslarar som vel språkleg uttrykk etter kva dei meiner mottakaren vil akseptere, eventuelt etter kva identitet dei ønskjer å kle seg i, og ikkje ut frå kva rettskrivingsnormer skriftspråket definerer. Dei seier dermed implisitt at nynorsken berre er brukande til somme svært avgrensa sosiale område, og det er i hovudsak som kommunikasjon med «eldre» personar frå heimbygda.

6.2.3.1 Dialekt versus normert språk

«*A language is a dialect with an army and navy*» seier lingvisten Max Weinreich og illustrerer med dette korleis statusen til den som snakkar er påverka av den opparbeidde statusen til språket eller dialekten (Weinreich 1945, 13). Har ikkje dialekten status, vil heller ikkje den som nyttar han bli teken like alvorleg som ein med ein dialekt av høgare status. For elevane frå Sunnmøre er denne seiemåten nesten snudd på hovudet. Det er det å kunne sleppe å bry seg med skriftlege normer og berre ytre seg på den lokale dialekten som har status i

venegjengen. Dette blir forsterka av funna i del 3 i førre kapittel, der nynorsken framstår som usynleg utanfor skolekvardagen. Det er dialekten som representerer det relasjonsskapande og sosialt aksepterte skriftspråket. Dialekten er intim og tillitsvekkjande, medan den normerte nynorsken er definert som avstandskapande.

6.2.3.2 Skilnader mellom bokmåls- og nynorskbrukarar

Det er likevel eit skilje. For elevane med bokmål som opplæringsmål fell det seg for dei fleste framleis naturleg å bruke bokmålet som formalspråk. For elevane med nynorsk som opplæringsmål er situasjonen ein annan. Dialekten har teke over plassen til store delar av det formelle språket. Dei gongene elevane meiner å skulle skrive formelt, vel nesten like mange av dei å skrive bokmål som nynorsk (sjå Figur 8: Skrivespråk - Normert versus *ikkje* normert). Grunnen kan godt vere som nemnt i bakgrunnskapittelet, mangel på nynorske føredøme. Nynorsk blir omtalt som språket til dei gamle, og er for mange ein tydeleg aldersmarkør (sjå side 83). Dei som ikkje finn sin eigen identitet i nynorsken flyktar inn i dialekten. Når dei så seinare blir tvungne til å ordleggje seg normert, vel like mange å skrive bokmål som nynorsk (Nordal 2008).

6.2.4 Intimspråket

I boka *Intimitetstyranniet* skildrar Richard Sennett korleis samfunnet i dag er prega av ideen om at det intime og nære er det ekte og samanbindande. Når intimitetsidealet blir eit krav, kan samfunnet delast opp i små lukka rom. Dess sterkare ein aksentuerer kjenslene, dess vanskelegare blir samhandlinga med *Dei Andre* som ikkje føler det heilt på same måten. Dette kan bety slutten på den offentlege kulturen (Sennett 1977, på norsk 1992). Ved å bruke skriftleg dialekt lagar elevane i undersøkinga seg eit eige sosialt rom på Internett. Det er lett å oppfatte dette som signal på at andre skal halde seg utanfor. Dei som ikkje meistrar, eller

kjenner seg heime i det ”lukka” skriftspråket, blir av fleire av intervjuobjekta oppfatta som ”rare”, eller ”skikkeleg ordentlege” (sjå over).

Sennet hevdar at den borgarlege skikken med smisk, smiger og formelle prosedyrar gjer omgang og samhandling med folk ein ikkje er intimt bundne til mogleg. I følgje Habermas vaks denne offentlege kulturen, eller den borgarlege ålmenta, fram som eit resultat av det veksande borgarskapet under den industrielle revolusjonen (Sørbø 1991, 17-21). Denne ålmenta resulterte i nye måtar å kommunisere på, der rang ved fødsel ikkje lenger var det viktige, men måten ein framførte argumenta sine på. I denne modellen var privatpersonen i stor grad uvedkomande for ålmenta. Argumentet står over personen og debatten er avprivatisert. Det er altså eit klårt skilje mellom den offentlege og den intime sfæren (Sørbø 1991, 22). Mange av elevane i undersøkinga ser òg skiljet mellom det offentlege og det intime. Dei ser ut til å definere språkbruken i mykje av det nasjonalt offentlege som *bokmål* og det lokalt offentlege som *nynorsk*, medan den sosiale fellesskapen i venegjengen nærmast utelukkande er på munnleg og skriftleg dialekt.

6.2.4.1 Nynorsk som eit uttrykk for det moderne

I *Mellom tradisjon og innovasjon* (1997) set Arne Apelsest framveksten av eit eige norsk språk inn i den tidlege framveksten av det moderne samfunnet. I kontrast til den tradisjonelle tolkinga av Ivar Aasen som symbol på det nasjonalromantiske, viser Apelsest til at språkprosjektet som mellom anna nynorsk veks ut av er utgangspunkt for:

«... moderniserande faktorar som folkesuverenitet, folkestyre og idear om allmenn politisk deltaking, til økonomiske, estetiske, forfatningsmessige og intellektuelle endringar, til skuleutvikling, folkeopplysning og effektivisering av innanlands kommunikasjon»

(Apelsest 1997, 6).

Den tradisjonelle ideen om Ivar Aasen som forsvarar for det nasjonale mot det framande får òg motbør hos andre Aasen-kjennarar. Stephen Walton viser i Ivar Aasen-biografien *Ivar Aasens kropp* (1996) til at Aasen sjølv tidleg tok avstand frå det nasjonale prosjektet, som han oppfatta som ei rørsle *for* og *av* byborgarskapen, og heller argumenterte for landsmålet som eit klassespråk for bebuarane frå heile landet. Derav namnet *Landsmål* og ikkje nasjonalspråk (Walton 1996, 263).

6.2.4.2 Dialektbruken som post-moderne

Hos dei dialektskrivande ungdommane i intervjumaterialet er argumentasjonen ein annan. Dei skriv på dialekt både for å framstå som sjølvstendige individ som ikkje let seg diktere av offisielle språknormerarar, men samstundes som tilhøyrande ei lukka gruppe av dialektskrivande jamaldringar. Her kan ein sjå eit skilje mellom det *moderne* med trua på at noko er rettare enn noko anna, og det *postmoderne*, som i større grad legg vekt på den personlege definisjonen til kvar einskild. Postmodernismen kan seiast å kvile på to grunnførestillingar: For det første at forståinga av mennesket berre er mogleg gjennom språket; for det andre at ei kvar forståing vil vere avhengig av den sosiale, historiske og kulturelle konteksten. Nynorsk kan på mange måtar seiast å vere eit moderne prosjekt. Ideen er at det finst eitt norsk språk som høver for alle, med si vektlegging av det upersonlege og offentlege. Medan ein kan argumentere for at den skriftlege dialektbruken meir er eit postmoderne fenomen, der kvar einskild bruker sitt eige språk for å definere seg sjølv som annleis enn dei andre.

Skriftspråket til elevane i undersøkinga kan skildrast som ein parallell til denne intimiseringa. Elevane skil tydeleg mellom kva som er intimspråk og offentleg språk. Intimspråket er dialekt. Det bruker dei i munnleg tale, det bruker dei i meldingar seg i mellom, og det er i hovudsak det gjeldande språket i sosiale medium som *Facebook* og *Nettby*. Språket dei bruker

på nettet må ha eit personleg preg for å fungere i venegjengen. Det må vere farga av deira eigen identitet for å kunne opplevast som *ekte* og *nært*.

Men bruken av dialekt stoggar ikkje nødvendigvis der. Som ”Solveig”, femten år frå Trondheim, svarer når ho får spørsmål om korleis ho ville skrive annleis til nokon frå Austlandet, nokon som med andre ord er utanfor den trønderske språksfæren: «*Nei. Eg ville skrive sameleis [på dialekt]*». På denne måten et intimspråket seg inn over formalspråket sine einemerke. Sidan den ”munnlege skrivinga” på nettet er formulert på dialekt, fell det naturleg å halde fram å formulere seg på dialekt i formelle samanhengar òg. For mange av dei er det normerte språket noko dei i beste fall bruker i møte med besteforeldra. Somme av elevane i undersøkinga svarer at sjølv lærarar får meldingar skrivne på dialekt.

6.2.5 Intimspråket som normerande kraft

Inntil nyleg var venespråket noko som på generell basis var eit munnleg språk. Etter at nye tekstlege medium har kome til, som tekstmeldingar ved hjelp av mobiltelefon og pratekanalane på Internett, har dette munnlege venespråket blitt skriftleggjort. Dette skrivesettet blir av enkelte føysa bort som umogne feilskrivingar. Det normerte språket har tydelege reglar, medan skriftleg dialekt har klare manglar. Mange norsklærarar fortvilar når private rettskrivingsnormer blandar seg inn i skoleskrivinga, og meiner å sjå element av SMS-språket i skolestilane. I eit intervju med *forskning.no* hevdar derimot Brit Mæhlum at problemet ikkje er særleg påtrengande (Foss 2003). Ho peikar på den store sjangerkompetansen elevar synest å vise, i og med at dei kan å veksle mellom ulike skrivesjangrar, noko eg finn støtte for i materialet mitt. Det er likevel interessant å sjå korleis dette venespråket ser ut til å utvikle eigne normer for når det er i orden å bruke.

Historisk har slike venegjengar hatt kraft i seg til å endre skriftspråk. I miljøet rundt Ivar Aasen i Volda-Ørsta på starten av 1800-talet, var innsamling av dialektord, nedteikning av

grammatikkar og diskusjon om føremålstenelege opplæringsmål svært vanleg. Mange av tankane Aasen seinare forfekta, og som han i 1842-1847 fann støtte til hos *Det Kongelige Norske Videskabers Selskab*, kan lesast ut frå korrespondansen mellom skriveføre kameratar i Volda og Ørsta dei første tiåra etter 1800 (Walton 1996, 226-237). Då var Aasen sjølv svært ung – på alder med dagens dialektskrivarar. På same måten som Ivar Aasen la grunnen for eit nytt skriftspråk, kan dagens unge skrivarar gjerne bli morgondagens språknormerarar. I diskusjonen rundt den nye nynorske rettskrivingsreforma, kan det derfor vere verdt å ta med seg at ungdommane i undersøkinga i kommunikasjonen med kvarandre, heller skriv på dialekt enn normert språk.

Til forskjell frå den situasjonen Mørk skildra for språkbrukaren i 1975, opplever dagens sekstenåringar at talemålet deira er skriftleggjort gjennom pratesider på Internett og digital kommunikasjon. Dei les dermed *hjartepråket* sitt skriftleggjort dagleg, gjerne oftare og i større mengder enn dei ser normert språk. Nynorsken blir dermed marginalisert. Nynorsk som offentleg språk blir brukt i eit avgrensa geografisk og samfunnsmessig område. I tillegg blir det berre brukt av ei avgrensa gruppe menneske. For elevane frå nynorskkommunane er dermed nynorsken nesten fullstendig fråverande. Det formelle språket nynorsken er meint å fungere som, har kome i klemme mellom det intime på den eine sida, representert med dialektskriving i stadig større delar av det offentlege rommet, og det alternativt formelle bokmålet på den andre sida, som totalt dominerer den skriftlege ålmenta.

7 Drøfting

7.1 Ei kort samanfating

Intensjonen med denne oppgåva har vore å skaffe oversikt over og innsikt i kor mykje, om i det heile noko, nynorskelevar i grunnopplæringa les av nynorsk utanfor skolestova. Både utvalet av elevar og tilnæringsmåten har sine klare svake sider. Eg meiner likevel at eg gjennom dette arbeidet har synleggjort eit situasjonsbilete ved seks aktuelle skolar, som kvar på sitt vis representerer typisk norsk skoleungdom.

Eg meiner at eg i dei to føregåande kapitla har vist at uavhengig av skole og opplæringsmål, er mykje av teksten ungdomar les skriven av jamaldringar på dialekt og presentert på Internett. Denne teksten skil seg ut som eit sosialt språk, utan systematisk bruk av statleg fastsett rettskriving og offentlege konvensjonar, og har som formål å formidle kjensler og meiningar på ein ganske minimal måte, med hjelp av bilete, forkortingar og kjensle-ikon. Dette står i kontrast til den konvensjonelle teksten elevane lærer om på skolen. Han til høyrer vaksenverda og krev kompetanse i å kunne lese langt og tolke innhald.

Det kan derfor sjå ut til at ein må dele teksten elevane i undersøkinga les i to grupper. Den effektive og underhaldande teksten utan rettskriving, og den kunnskapsmetta og «kjedelege» teksten dei bruker på skolen. For storparten av deltakarane i undersøkinga, uavhengig av skole og opplæringsmål, ser det ut til at nynorsken er tildelt plassen som skolespråk. Elevar med bokmål som opplæringsmål har eit distansert forhold til nynorsk. Han verkar heilt fråverande, og dei kan dermed ikkje umiddelbart sjå nytten i å lære han. Heller ikkje elevane med nynorsk som opplæringsmål ser nynorsk i noko særleg grad utanfor skolen. Han er berre synleg i

tekstsjangrar som til ein viss grad har noko med lokale tilhøve å gjere, slik som lekser, aviser og bøker. Desse sjangrane har det til felles at dei er blant dei minst nytta tekstsjangrane blant elevane i undersøkinga, uavhengig av skole.

Trass i dette ser elevane ut til å ha god oversikt over kva språk som kan brukast i ulike samanhengar. Dei er medvitne om dei vala dei gjer når dei skiftar mellom å skrive normert språk (bokmål eller nynorsk) og når dei vel å skrive dialektnært. Det er ein tydeleg tendens blant elevane i undersøkinga at dei med nynorsk som opplæringsmål har større aksept for å uttrykkje seg på dialekt enn på normert språk, medan situasjonen er motsett for elevane med bokmål som opplæringsmål. Elevar som er på jakt etter eigen språkleg identitet ser ut til å velje bort nynorsk til fordel for skriftleggjort dialekt. Dei oppfattar seg sjølve som *dialektskrivarar*, ikkje *nynorskskrivarar*. Dersom dei ikkje blir eksponerte for meir nynorsk i kvardagen, vil dei òg lett kunne velje bort nynorsk til fordel for bokmål når dei seinare i livet treng å bli tekne seriøst. Elevane med nynorsk som opplæringsmål lever altså i ein reell språkleg smelting, der nynorsk og bokmål blir oppfatta som to reelle alternativ i valet av skriftnorm. Dei er skriftspråklege «shopparar» som vel det som dei meiner høver best. Nynorsk som skriftspråk har dermed kome i klemme mellom den personlege og intime skriftleggjorde dialekten og det ålmenne bokmålet.

7.2 Eit ubehageleg spørsmål

Med utgangspunkt i funna frå analysen kjem det klart fram at elevane i undersøkinga i svært liten grad les nynorsk. Nynorsk er for dei forvist til ei akademisk øving i lærebøker og i (for fleirtalet av deltakarane i undersøkinga) lite brukte tekstsjangrar som aviser og bøker. I tillegg finn dei nynorsk lite nyttig som kommunikasjonsspråk seg i mellom. Nynorskelevane meistrar like godt nynorsk som bokmål, og mange vel bort nynorsk til fordel for bokmål når dei skal

over i karrierelivet (Nordal 2008, 11). Det er derfor naturleg å stille det ubehagelege spørsmålet: - *Kvifor skal elevane i det heile lære nynorsk?*

Eit ankepunkt er likevel sjølve premissen for eit slikt spørsmål: - *At nynorsk er fråverande.*

Sjølv om elevane i undersøkinga knapt ser nynorsk i bruk, er situasjonen ein annan i resten av samfunnet. I følgje *Språkfakta 2010* har talet nynorskbrukarar stabilisert seg på kring 80 000 elevar i skolen og om lag 500 000 på riksplan (Grepstad 2010, Tabell 3.3). Trass i at profilerte språkpersonar synest å meine at vi alle snart skal snakke engelsk⁴⁹, er den lokale realiteten ein annan. Som eit resultat av globalisering og flyktingestraumar, er folk på flyttefot som aldri før. Talet på brukte språk i Noreg er òg høgare enn nokon gong (ibid). Så sjølv om det totale talet språk i verda går nedover (Lomheim 2008), er altså den lokale opplevinga gjerne stikk motsett.

7.2.1 Fleire – ikkje færre skriftspråk

Det er òg klare tendensar som peikar mot at stadig fleire språk blir festa til skrift. Ideen om det eine nasjonale skriftspråket, som var så dominerande i nasjonalromantikken, og som så mykje av den norske målstriden har hatt som premis, er på mange måtar forlate til fordel for ei forståing av at menneskeleg samkvem fordrar at ein har mange ulike språk tilstades samstundes. I Europa er det i dag vanleg at ein bruker fleire ganske like skriftspråk innanfor same geografiske område⁵⁰. Samanlikna med mange av desse språka står nynorsk sterkt, med både forlag, aviser, TV/radio og offentlege kontor som har nynorsk som sitt bruksspråk. Ryktet om den nynorske språkdøden er derfor svært overdriven.

⁴⁹ Jamfør debatten om engelsk som undervisningsspråk ved utdanningsinstitusjonar i Noreg (Lomheim 2008).

⁵⁰ I Spania har ein i dag eigne rettskrivingar for både Katalonia og Galicia. Begge skriftspråka skil seg frå det offisielle spanske skriftspråket, ikkje ulikt skilnadene mellom nynorsk og bokmål. På Balkan er skilnadene mellom kroatisk, serbisk og bosnisk meir skriftleg kulturelt betinga enn uttalebetinga. Dei nyttar t.d. ulike alfabet (det kyrilliske og det latinske), medan dialektskilja går på tvers av "språka" (Mønnesland 2004, 56). I Nederland er frisisk representert med eige språkakademi, som årleg er vertskap for konferansar for minoritetsspråk i Europa. (kjelde: <http://www.mercator-research.eu/minority-languages/Language-Factsheets>)

Likevel er det dramatisk at så mange av dei nynorskskrivande elevane i undersøkinga definerer seg som dialektskrivarar, heller enn nynorskskrivarar. Argumentet med «nynorsk som hjartespåk» er derfor berre delvis godt. For deltakarane i undersøkinga er det den skriftleggjorde dialekten som er hjartespåket. Nynorsken er oppgradert (ev. degradert) til eit geografisk avgrensa administrasjonsspåk, som høver til dei som er eldre enn 25 år, jamfør ”Torunn”, femten år. Ei trøyst, sett med nynorske auge, er at sjølv slike som ”Torunn” ein gong skal bli tjuefem og dermed truleg kjem i gruppa, som i følgje ho sjølv, høver til å skrive nynorsk.

7.2.2 Meir – ikkje mindre nynorsk

Det er heller ikkje sannsynleg at det totale talet på nynorskskrivarar har gått særleg ned. Det er mange fleire enn tidlegare som tek høgare utdanning, samstundes som prosentdelen nynorske hovudoppgåver/masteroppgåver er uforandra frå 1986 fram til i dag (Worren 2007) (Wadsten 2008, 82). Talet på skrivne sider på nynorsk har dermed auka. 9356 studentar fullførte mastergrad i 2007/2008⁵¹, medan 5408 studentar fullførte tilsvarande høgare utdanning i 1986/1987⁵², samstundes som talet nynorskoppgåver heile vegen har vore på 3%.

Likevel opplever mange av elevane i undersøkinga at nynorsk ikkje er relevant for dei. Litt av grunnen kan vere at auken i annan publisert tekst har vore mykje større. I tillegg har den skrivne kommunikasjonen skote i veret, utan at det ser ut til at nynorsk har fått noko naturleg rolle som identitetsberande spåk – eller hjartespåk – for nynorskelevane. Jamfør avsnittet om identitet, side 94.

7.2.3 Arbeidet med ny nynorsknorm

Sidan september 2009 har Språkrådet etter førespurnad frå Kulturdepartementet arbeidd med ein gjennomgang av nynorskrettskrivinga. Frå departementet har bakgrunnen for

⁵¹ <http://www.ssb.no/emner/04/02/40/hugjen/tab-2009-10-16-02.html>

⁵² <http://www.ssb.no/hugjen/tab-2009-10-16-03.html>

førespurnaden vore tidlegare styrevedtak i Språkrådet og handsaminga av stortingsmeldinga «Mål og meining». Rettskrivingsnemnda skal ha ei innstilling klar innan april 2011, medan styret i Språkrådet skal gjere endeleg vedtak i mai 2011. Den nye rettskrivinga blir gjeldande frå august 2012, med nye ordbøker⁵³.

Utan at eg skal prøve å kritisere eit arbeid som ikkje er ferdig, kan det vere nyttig å sjå nærmare på kva argument som ligg til grunn for mandatet nemda har fått. Det underliggjande argumentet er, som diskutert på side 86, at nynorsk er for *vanskeleg*, både for dei som har nynorsk som opplæringsmål og dei som skal lære nynorsk som sidemål. Eg er ikkje ueinig i at nynorsknorma treng ein revisjon etter femti år, siste store endring i normverket var i 1959. Eg stiller derimot spørsmål ved grunngevinga. I følgje karakterane i norsk skriftleg etter tiande årstrinn er *ikkje* nynorsk særleg vanskelegare å lære seg enn bokmål⁵⁴. Elevane i undersøkinga ser heller ikkje ut til å slite særleg med å skilje mellom ulike skriftlege sjangrar, men sjonglerer lett mellom skriftleg dialekt og normert språk, og er fullt klar over skilnaden.

Vidare står det at den nye rettskrivinga skal vere «*tydeleg, enkel og stram ... utan sideformer*». Dette er eit paradoks, sidan det kan verke som aksepten for variasjonar innan skrivning ser ut til å vere større enn på lenge. Brorparten av deltakarane i ulike sosiale medium fortel at dei vel å skrive på dialekt, og aksepten for dialektbruk ser ut til å vere størst i område med nynorsk som opplæringsmål. Ein kan dermed stå i fare for å *kaste ut barnet med badevatnet*; ved å fjerne valfridomen i nynorsken, kan det vere at nynorskbrukaren følgjer med.

Det er lange tradisjonar for ei talemålsnær nynorskrettskriving. Olaus Fjørtoft ønskte å gjere skriftspråket til eit mest mogleg talemålsnært skriftspråk. Språksynet gjorde han til den mest markante talsmannen for ortofoni i nynorskrettskrivinga i åra rundt 1900. Fjørtoft var lite

⁵³ <http://sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/>

⁵⁴ Sjå tabellar over karakterar etter norskeksamen side 68.

oppteken av å markere historiske former i skriftmålet, og han meinte dessutan at bymåla måtte trekkjast inn i nynorsken. Dersom den nye rettskrivinga får eit preg av å vere eit skriftspråk for dei få og ikkje for dei mange, vil argumenta for å lære seg nynorsk kunne verte færre. Eg vil argumentere for at det ikkje nødvendigvis er den *vanskelege* nynorsken som er problemet, men i kor stor grad unge lesarar er *eksponerte* for nok nynorsk til å vere klar over kva former som kan veljast.

7.2.4 Lesing som grunnleggjande ferdigheit

Som det går fram av diskusjonen over, er det stor forskjell mellom *lesing for læring* og *lesing for underhaldning*. Dette finn òg støtte i forskning på leselyst i Danmark. I to undersøkingar, der motivasjonen til deltakarane i den eine undersøkinga var stikk motsette av den andre, har Henriette Romme Lund søkt å finne fram til kva som motiverer unge lesarar til å lese. Ho konkluderer mellom anna med at det ikkje er lesing på Internett eller nettsamtaler elevane mellom, som gir leseinspirasjon (Lund 2007 & 2010). Det som derimot gir auka leseinspirasjon er å lese bøker. Dei av elevane som svarer at dei verkeleg liker å lese, skil ikkje mellom lesing i skole og fritid. Lesing er noko dei driv på med fordi dei finn det inspirerande i seg sjølv. Elevane som derimot slit med motivasjonen, forklarar at dei ikkje liker lesing, sjølv om dei bruker mykje tid på å samtale på nettet. Lesing definerer dei som det å lese i bøker, og denne typen lesing finn dei kjedeleg. Noko av bakgrunnen for at desse undersøkingane kom i gong, var IEA⁵⁵-resultata frå 1991, der danske tredjeklassingar hamna lågast i Norden i grunnleggjande leseferdigheiter. I seinare internasjonale undersøkingar, som PISA og PIRLS, har danske elevar passert norske elevar i lesing. I grunndokumentet til PISA-undersøkinga for 2000, er leseferdigheiter (reading literacy) definerte påfølgjande måte:

⁵⁵ IEA (International Association for the Evaluation of Educational Achievement) har òg ansvaret for dei seinare PIRLS-testane av elevar på tredje/fjerde trinn.


«Reading literacy is understanding, using and reflecting on written text, in order to achieve one's goals, to develop one's knowledge and potential, and to participate in society.»

For å vere ein god lesar må ein med andre ord både kunne forstå, bruke og reflektere over skrivne tekstar, slik at ein sjølv skal utvikle seg og delta i samfunnet. I den tilsvarande definisjonen for PISA-2009 er deltaking i den skrivne teksten teke med.

«Reading literacy is understanding, using and reflecting on and engaging with written text, in order to achieve one's goals, to develop one's knowledge and potential, and to participate in society.»

7.2.4.1 Lystlesing

Røynslene frå Danmark er at det er på mellomtrinnet den store forskjellen oppstår. Etter at elevar har lært å lese, gløymer dei det att dersom dei ikkje blir stimulerte med interessant litteratur. Dei som derimot er gode lesarar som femtenåringar, er dei som har halde fram med å lese gjennom mellomtrinnet (Meiding 2010). Aktiv lesestimulering er viktig for å auke omfanget av den generelle lesinga av litteratur, og for å halde på dei aktive lesarane, må ein kombinere lesinga på skolen med lesing på fritida. I framstillinga *Læselyst! Hvad er det? Og hvordan kan vi skabe den?* (2010), presenterer Henriette Romme Lund følgjande modell for å motivere til lesing:



(Lund 2010, min versjon av figuren)

Modellen søker å vise sammenhengen mellom lesing på og utanfor skolen. Skal elevar halde fram med å lese, må dei finne lesinga funksjonell og til nytte både på skolen og heime. Dei må få tilgang til bøker dei finn interessante, og skolen må følgje opp med inspirerende leseprosjekt. Lund legg vekt på at elevane skal oppleve leseopplæringa på skolen relevant for den lesinga dei seinare gjer i fritida. Det må altså vere ein samheng mellom kva ein les utanfor og på skolen.

7.2.4.2 Norske forhold

For norske elevar er sammenhengen mellom lesing i heimen og på skolen ikkje like enkel som for elevane i Danmark. Mange av elevane med nynorsk som opplæringsmål opplever at det språket dei lærer på skolen ikkje har relevans for dei tekstane dei les utanfor skolen. Bøker, aviser og blad er i stor grad skrivne på bokmål, medan dei i kommunikasjon med andre jamaldringar i stor grad vel å skrive på dialekt. Fleire elevar vil oppleve at det skriftspråket dei møter utanfor skolen ikkje er det same som dei bruker tid på å lære i skolen. Dei vil dermed raskt kunne konkludere med at lesing er vanskeleg, og ikkje verdt å bruke tid på.

I Læreplanen for grunnopplæringa (LK06) og i kompetansemåla for norsk etter tiande trinn, er kompetanse i bokmål og nynorsk sidestilt som likeverdige storleikar. Tilgangen på tekst og litteratur er derimot ikkje lik for dei to målformene. Skal elevar – uavhengig av opplæringsmål – ha ein rimeleg sjanse til å tileigne seg gode kunnskapar i nynorsk, må ein i tillegg til å lære nynorsk, lese tilstrekkeleg på målforma til å bli kjende med språket. Det er gjennom å bli presenterte for nynorsk i bruk at ein kan påverke haldningane elevane får til nynorsk som ein aktiv del av språket sitt. I rapporten *Fellespråklige lærebøker i samfunnslære* forklarer Kjell Lars Berge og Berit Skog dette slik:

«Vi har kunnet konstatere at språkholdningene først og fremst ser ut til å ha blitt utviklet i elevenes møte med nynorsk som sidemål på skolen. De færreste har et forhold til nynorsk som praktisk brukspråk ut over denne

sammenhengen. Således er elevenes erfaringar med nynorsk på skolen svært avgjørende for de språkholdningene de har utviklet.»

(Berge og Skog 1998, 64)

Igjen ser ein kor viktig tidleg og god eksponering for nynorsk tekst er for å utvikle positive haldningar. Positive haldningar vil seinare gjere innlæringa av nynorsk enklare både for elevar med bokmål og nynorsk som opplæringsmål.

7.2.5 Tidleg start med nynorsk

Eit av verkemidla ved sidemålsforsøket i osloskolen var å eksponere elevane for mykje nynorsk tekst og litteratur, men utan at det skulle knytast noko fagleg vurdering til faget. På den måten ønskte initiativtakarane at haldningane til nynorsk spesielt, og prestasjonane i norskfaget generelt skulle betrast (Vibe og Borgen 2007, 29). Resultata var ikkje eintydige, og sidan spekteret av tiltak som vart sett inn var så mangefasetterte, vart det vanskeleg å vite kva som resulterte i kva. Eit mogleg resultat var likevel at haldningane til nynorsk vart noko meir positive (ibid, 127).

Det kan hende det er på tide med eit nytt «sidemålsforsøk», der elevar med bokmål som opplæringsmål får sjansen til å oppleve nynorsk på andre arenaer enn i sidemålsundervisninga. Det vil derimot vere mykje meir formålstenleg om nynorsk vart introdusert tidlegare, t.d. på mellomtrinnet, slik at elevane var vane med å sjå nynorsk tekst lenge før dei blir kravde eksamen i faget. Dette er ikkje revolusjonerande tankar. Under overskrifta *Synleg og meir nynorsk = betre nynorsk* argumenterer Synnøve Skjong og Inger Vederhus for at bruken av nynorsk må opp for at resultata av undervisninga skal bli betre (Skjong og Vederhus 2008). I tillegg synder ei gransking gjort på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet (Nordal 2007) at bokmålelevar er interesserte i å lære nynorsk, berre dei blir introdusert for det tidsnok:

«Bokmåselevar liker å lære nynorsk berre dei får begynne tidleg nok! Tidleg start og meir skrivetrening er viktig for å kunne skrive betre nynorsk. Elevar som får ta til å lære nynorsk tidleg, er meir motiverte og vert flinkare i nynorsk enn dei som utset nynorskundervisinga så lenge som råd! (Nordal 2007, 9)»

Logikken er enkel: Barn er språkleg nysgjerrige, noko Synnøve Matre gjennom sine undersøkingar i barnehagen har dokumentert grundig. Barn heilt ned i femårsalderen legg fort merke til ulike variantar av norsk talemål. Sjølv fortel ho om unge trønderar i barnehagen, som i samtale med ho, hadde merka seg at ho skarra på R-en. Dermed konkluderte dei med at ho var svensk (Matre 2005, 51). Dei viste med andre ord ei interesse for å forstå og kategorisere språket dei høyrde. Matre argumenterer vidare for at ein gjennom tidleg introduksjon av både bokmål og nynorsk gir barna knaggar å henge språket på. Spørsmålet er om viljen til å ta i bruk nynorske tekstar i barneskolen er til stades.

7.3 Paradokset nynorsk

Som det går fram av funn i denne oppgåva opplever altså framtidige nynorskbrukarar at nynorsk har avgrensa bruksverdi. Opplæringa er hemma av at elevane, både dei med bokmål og nynorsk som opplæringsmål, ser svært lite til språket utanfor lærebøkene. Mange av elevane i undersøkinga oppfattar språket som markert i sosiale medium og eit hinder i karriereval. Den rådande oppfattinga i ålmenta er at nynorsk er vanskeleg å lære og at språket derfor må forenklast. Mykje tyder òg på at skolen bruker for lite tid til å presentere nynorsk for elevane før dei skal ha skriftleg eksamen i faget. Dette gjeld hovudmålsbrukarar så vel som sidemålsbrukarar. Spesielt vanskeleg er dette likevel for elevar med bokmål som opplæringsmål, som på grunn av sein start på innlæringa forståeleg nok ofte får eit vanskeleg forhold til nynorsken.

Trass i alle desse momenta som alle er med på å gjere opplæring i nynorsk vanskeleg, er resultatata overraskande gode, også for elevar med bokmål som opplæringsmål. Som eg har vist

tidlegare, er resultatata i sidemål i gjennomsnitt betre enn tilsvarande resultat for t.d. matematikk, trass i at norsk har tre karakterar fordelt på om lag like mange veke timar som matematikken. Det er derfor eit paradoks at mange finn det vanskeleg å lære nynorsk.

7.4 Med nynorsk på leselista?

Eit av utgangspunkta for denne granskinga var mistanken om at nynorsk er usynleg for unge skrivarar. Denne mistanken er langt på veg stadfesta. Som det har kome fram i denne oppgåva ser mange unge nynorskbrukarar på skriftspråket sitt som ueigna i sosiale medium eller som noko gammaldags som høyrer foreldregenerasjonen til. Nynorsk som skriftspråk blir i dag brukt på mange ulike samfunnsarenaer. Utfordringa ligg i å synleggjere språket for unge brukarar, både dei som har bokmål og dei som har nynorsk som opplæringsmål. Då er det ikkje nok å satse på god nynorsk litteratur. Dei unge brukarane må oppleve at nynorsk høver i andre kontekstar enn den skjønnlitterære.

I diskusjonen om den nye rettskrivingsnorma for nynorsk er det fokusert på vanskane norske elevar opplever i møte med språket, og då i særleg grad dei som har bokmål som opplæringsmål. Botemiddelet ser ut til å vere strammare reglar og færre unntak. Eit enklare regelverk *kan* vere med på å lette innlæringa av språket, både for elevar med bokmål og nynorsk som opplæringsmål. Som denne undersøkinga tydeleg viser, meiner ein del av elevane at nynorsk har vanskelege element som gjer målforma lite eigna til deira bruk. Men språk er noko levande, noko ein identifiserer seg med. Ei strammare nynorsknorm som i større grad enn tidlegare skil seg frå fleirtalet av dei norske målføra, kan fort gjere nynorsk til eit framand språk for fleire enn i dag.

Eg trur ikkje nynorsk er for vanskeleg. Å forenkla språket trur eg er å angripe problemet i feil ende. Unge lesarar må derimot bli *eksponerte* for nok nynorsk til å vere klar over kva former som kan veljast. Ein tidleg introduksjon av nynorsk i eit breidt spekter av tekstsjangrar, aukar

